



Universitetet i Bergen

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier


KUN350

Mastergradsoppgåve i kunsthistorie

Vårsemesteret 2022

Frå kalkmørtel og stein til treverk og glas

Håkonshallens arkitektur gjennom næringsverksemders handverk - frå
mellomalderen og fram til i dag



Nyborg, A,B, 2016, *Bergenhus*

Anne Irene Nyborg

Forord

Etter ei litt lengre studietid ved Universitetet i Bergen enn planlagt, takka vere gåva med å vere to born rikare, er det no ei glede å endeleg vere ferdig med masteroppgåva mi. Tida som kunsthistoriestudent ved UIB har vore fin, med eit godt fagleg og sosialt miljø. Derfor vil eg takke rettleiaren min Jørgen Bakke, som med kunnskap og tolmodigkeit alltid har vore der og hjelpt meg vidare i masteroppgåva. Per Olav Folgerø må også takkast, for god og konstruktiv rettleiing når det har vore behov. Eg vil også takke mine trufaste studievenninner, Susanne Berge og Zofie Bachleda. Kunsthistoriestudiet hadde ikkje vore det same utan dokke to. Vidare vil eg takke Ingfrid Bækken ved Bergen byarkiv for hjelp med arkivmaterial, og Knut Ormhaug ved KODE, for at eg fekk tilgang på sjølve J.C. Dahls skissesamling. Eg vil også takke Anne Brit Vihovde og Knut Høiaas ved Bymuseet i Bergen, som stilte opp med god informasjon om næringsverksemder ved Håkonshallen i dag, og min gode ven og fotograf Ole Kristian Dybvikstrand Eidem, for lån av flotte fotografi til mine illustrasjonar. Til slutt vil eg også takke min sambuar Martin Nyborg Eddie, for tilrettelegging og gode råd, og min far Eivind Nyborg, som alltid har vore ei drivkraft for at eg har kome meg vidare i arbeidet med masteroppgåva. Eg vil også takke mor mi Norunn Brunstad Nyborg for støtte, og broren min Atle Brunstad Nyborg for gode innspel til oppgåva. Tusen takk til alle saman!

Anne Irene Nyborg

Røyken 2022

Summary

This master's thesis deals with Haakon's Hall in the center of Bergen, a significant and monumental stone building from the Middle Ages. The Hall was erected when Håkon Håkonsson was a king, and it was completed in the year 1261. In addition to the title as a medieval building, there have been several different events that have run into the hall which has helped to develop the architecture of Haakon's Hall. Among other factors Haakon's Hall was characterized by decay after it was used as a grain storehouse after the Royal Family left Bergen after the Middle Ages, and it has been exposed to extensive destruction through an explosion accident that struck the center of Bergen in the year 1944.

This again has led to a need to save or repair the architecture of Haakon's Hall, and two different restorations came into force on this basis. The work with restorations in addition to the work that was done when Haakon's Hall was erected and especially the work that is done at Haakon's Hall today, can be seen through various business activities that all have in common to work with the architecture of Haakon's Hall. The approaches to architecture through crafts in the various business activities have been very different, and the range extends entirely from technical and aesthetic solutions for building and carving stone, works of art, sketches, archaeological investigations, architectural drawings, and realization of architecture from completely different periods than the Middle Ages. Still, everyone has in common that they have been a part of larger working processes and that they have created discussions about the architecture of the Haakon's Hall. This also takes part in telling something about the current business activities at Haakon's Hall, which works to take care of the architecture of Haakon's Hall, both through preservation in addition to take care of its history and communicate it further.

Essential are also plans for future business activities, due to business activities seem to be an endless process that will continue. Therefore, this master's main theme will be: «How has Haakon's Hall been a central part of various business activities from the time it was erected in the Middle Ages until today? And how can one through the business activities 'approaches to different work processes and execution of crafts' get a greater understanding of the complex architecture that the building is characterized of?»

Innhaldsliste

Kapittel 1: Innleiande kapittel

1.1: Presentasjon av tema-----	S.6
1.2: Problemstilling-----	S.7
1.3: Definering av omgrep-----	S.8
1.4: Avgrensing og oppbygging av oppgåva-----	S.9
1.5: Teori og metode-----	S.12
1.6: Presentasjon av litteratur og arkivmateriale-----	S.13

Kapittel 2: Næringsverksemda når Håkonshallen blei reist: handverk og arkitektur sett gjennom arbeidsprosessar med stein som byggematerial

2.1: Innleiing til kapittel-----	S.16
2.2: Opphavet til bruk av stein i Bergens mellomalderbygningar-----	S.16
2.3: Bygghyttene-----	S.17
2.4: Dei ulike arbeidsprosessane med stein som byggematerial-----	S.21
2.5: Den historiske situasjonen når Håkonshallen blei reist-----	S.26
2.6: Estetiske og funksjonelle kvaliteter i Håkonshallen originale arkitektur-----	S.27
2.7: Drøfting av tema i dette kapittel-----	S.29

Kapittel 3: Med Håkonshallen som motiv: næringsverksemder med visuelle framstillingar av arkitektur som handverk, sett gjennom J.C Dahls arbeid

3.1: Innleiing til kapittel-----	S.39
3.2: Håkonshallens restaurering på 1800-talet-----	S.40
3.3: Næringsverksemda gjennom J.C Dahls arbeid med Håkonshallen-----	S.46
3.4: Håkonshallens arkitektur i ljos av dei visuelle framstillingane-----	S.47
3.5: Drøfting av tema i dette kapittel-----	S.59

Kapittel 4: Gerhard Fischers næringsverksemd, sett gjennom ulike tilnærmingar til arkitektur, handverk og arbeidsprosessar

4.1: Innleiing til kapittel-----	S.62
4.2: Gerhard Fischer-----	S.62
4.3: Eksplosjonsulukka-----	S.65
4.4: Tilstanden på Håkonshallens arkitektur etter eksplosjonsulukka-----	S.68

4.5: Fishers næringsverksemd gjennom ulike perspektiv-----	S.69
4.6: Drøfting av tema i dette kapittel-----	S.74

Kapittel 5: 1950-talets arkitektkonkurranse: Ein næringsverksemd med ynskje om ein arkitektur, som gjennom sitt handverk skulle vere tru mot si tid

5.1: Innleiing til kapittel-----	S.77
5.2: Arkitektbiletet på 1950-talet-----	S.78
5.3: Visjonar for restaureringa, som la føringa for arkitektkonkurransens arbeidsprosess	S.79
5.4: Juryen-----	S.80
5.5: Konkurranseutkasta-----	S.81
5.6: Vinnarutkastet og korleis arkitekturen frå restaureringa gjer seg synleg på Håkonshallen i dag-----	S.92
5.7: Drøfting av tema i dette kapittel-----	S.100

Kapittel 6: Del 1: Håkonshallens arkitektur i dag, i ljós av tidlegare, növerande og komande næringsverksemder

6.1: Spor av tidlegare næringsverksemder gjennom ei vandring ved Håkonshallen i dag-S.104	
6.2: Næringsverksemda ved Håkonshallen i dag-----	S.110
6.3: Framtidas næringsverksemder i Håkonshallen-----	S.112

Kapittel 6: Del 2: Avslutning av masteroppgåva

6.4: Drøfting av problemstilling-----	S.113
6.5: Konklusjon-----	S.115
6.6: Litteraturliste-----	S.117
6.7: Kjelder-----	S.121
6.8: Illustrasjonsliste-----	S.121

Kapittel 1

Innleiande kapittel

1.1 Presentasjon av tema

Håkonshallen er ei tydingsfull mellomalderbygning i Bergen, som blei reist som kongehall når Håkon Håkonsson var konge og den stod ferdig i år 1261. Håkonshallens tittel som ein kongehall, er og sentral gjennom formidlinga av Håkonshallens arkitektur og historie i dag. Til trass for dette ber også hallen preg over å ha hatt andre bruksområder enn som kongehall. gjennom ulike hendingar som råka hallen var nokon av dei øydeleggande for hallens arkitektur. Dette igjen har ført til behov for å sette hallen i stand igjen, og gjennom to ulike restaureringar på 1800-talet og på slutten av 1900-talet, er resultatet av desse synlege i Håkonshallens arkitektur den dag i dag.

Arkitekturen som blei til når Håkonshallen blei reist, og gjennom dei to restaureringane, i tillegg til arbeid som blir gjort med bevaring av bygninga i dag, kan sjåast gjennom ulikt handverk som har blitt til gjennom ulike næringsverksemder. Dermed har mange ulike yrker blitt tatt i bruk med Håkonshallens arkitektur som arbeidsfelt. Steinhoggarar, kunstnarar, arkitektar, arkeologar og historikarar i tillegg til bygghytter, komitear, arkitektkonkurranse, fortidsvern, og museumsdrift, er berre ein liten del av alle dei ulike næringsverksemder som kan knytast til Håkonshallen, og som og er med på å seie noko om mangfaldet og kontrastane innanfor dette temaet.

Eit eksempel på ei av næringsverksemndene, kan sjåast gjennom arbeidet som blei gjort når hallen blei reist. Både gjennom arbeid med å frakte og hogge steinen, til utsmykking og byggteknisk arbeid, har det kome til syne ein næringsverksemd gjennom ulike bygghytters arbeid, som med fleire ulike arbeidsprosessar, bygde monumentale mellomalderbygningar i ein gitt arkitektur og med eit gitt handverk. Ein anna næringsverksemd blei også til på 1800-talet, der handverket baserte seg på visuelle framstillingar av Håkonshallens arkitektur, skapt av både kunstnarar og arkitektar. Spesielt gjennom kunstnaren Johan Christian Dahls arbeid med Håkonshallen, førte dette til ein næringsverksemd som produserte visuelle framstillingar av Håkonshallens arkitektur gjennom skisser, oppmålingsteikningar og maleri. Ein ny

næringsverksemde blei og etablert, etter øydeleggingane som råka Håkonshallens arkitektur under eksplosjonsulukka i Bergen i 1944. I spissen for denne næringsverksemda var arkitekten Gerhard Fischer, som gjennom ulike arbeidsprosessar basert på både på handverk, redningsarbeid og bygningsarkeologiske undersøkingar, sørga for at Håkonshallens arkitektur blei redda og nye funn om den dokumentert. Eksplosjonsulukka førte også til enda ei næringsverksemde, då det og var behov for ei omfattande restaurering av hallen. Denne næringsverksemda etablerte seg via ein arkitektkonkurranse der vinnaren fekk restaureringsoppdraget på Håkonshallen. Dette førte til mange ulike arbeidsprosessar gjennom utkasta til konkurransen, som omhandla både praktiske og estetiske løysingar for arkitektur, dømminga av dei og til den faktiske realiseringa av arkitekturen etter at vinnaren blei kåra. Handverket var og ein viktig faktor i denne næringsverksemda, då det blei arbeida ut i frå eit tenkt handverk gjennom ulike idear til materialbruk og arkitektur. Sist men ikkje minst må også dagens næringsverksemde i Håkonshallen trekkast fram. Gjennom ulike arbeidsprosessar og ulikt handverk, blir det jobba for å take best mogleg vare på Håkonshallens arkitektur og historia om Håkonshallens arkitektur. Her er det snakk om breie arbeidsfelt som strekk seg heilt i frå formidling, bevaring, antikvariske omsyn og stadig nye planar for arkitekturen, gjennom nye og komande næringsverksemder i Håkonshallen.

Felles for næringsverksemndene er derfor at alle har hatt som utgangspunkt å enten jobbe ved eller med eller på Håkonshallen, med arkitekturen som fokusområde. I tillegg har dei alle vore ein del av større arbeidsprosessar der arbeidet som har blitt gjort, igjen har ført til diskusjonar gjennom ulike tilnærmingar til handverk og arkitektur i Håkonshallen.

1.2 Problemstilling

Målet med masteroppgåva, blir derfor å få fram korleis ei enkel bygning frå mellomalderen, kan ha ført til eit så stort spenn av ulike næringsverksemder, og korleis Håkonshallens arkitektur dermed kan bliyst gjennom dette, med eit nærrare blikk på ulike tilnærmingar til arkitekturen gjennom handverk og arbeidsprosessar. Følgjande problemstilling blir derfor:

Korleis har Håkonshallen vore ein sentral del av ulike næringsverksemder heilt i frå den blei reist i mellomalderen og fram til i dag? Og korleis kan ein gjennom næringsverksemndene sitt arbeid, få ei større forståing over ulikt handverk og ulike arbeidsprosessar som igjen kan sjåast gjennom den samansette arkitekturen på bygninga og diskusjonen om den?

Ei nærmere forklaring på korleis eg vil vektlegge, og svare på denne problemstillinga, vil eg no vise til, gjennom å fyrst definere sentrale omgrep for denne oppgåva, for så å vise til avgrensing og oppbygging av oppgåve og deretter vise til kva teori og metode eg vil nytte for å kunne løyse problemstillinga.

1.3 Definering av omgrep

Nøkkelomgrepa eg har i problemstillinga mi, er *næringsverksemder, handverk, arkitektur og arbeidsprosessar*. Dette er omgrep som alle er fleirtydige, og det er snakk om breie felt, og omgrep som ein kan sette i ein del ulike kontekstar, utan vidare forklaring. Derfor blir det nødvendig å presisere og definere kva desse omgrepa skal ha å seie, for denne oppgåva her.

Næringsverksemde

Ifølgje Jusleksikon, kan næringsverksemde defineraast som at det er: ”etablering, utvikling og drift av en virksomhet (organisasjon) også kalt bedrift, firma, foretak eller selskap som bruker ressurser for å frembringe et økonomisk resultat. Virksomheten kan være basert på utvinning eller bruk av naturressurser, på produksjon, handel, håndverk eller andre produkter eller tjenester” (Næringsvirksomhet, 2012). Som følgje av denne defineringa vil eg fremme at bruken av næringsverksemde som omgrep i denne oppgåva, er at den vil bli nytta som dei ulike kategoriane av arbeid som har blitt gjort med Håkonshallen som eit utgangspunkt, der det også kan sjåast som ulike grupperingar med arbeidarar som av ulik grunn har jobba ved eller med eller på Håkonshallen.

Handverk

Når ein skal definere handverk, kan det ifølgje NAOB - Det norske akademis ordbok, både sjåast som ein måte å skape noko som krevjar mykje fysisk bruk av hendene, gjort av nokon som har relevant praksis eller utdanning innan faget som handverket blir utført i, der det blir definert som ”en virksomhet med hendene” (Håndverk, u.å.) Vidare skriv NAOB – Det norske akademis ordbok, at handverket og kan bli sett på som kor bra eit resultat av utført arbeid kan vere, gjennom godt og därleg handverk, og at handverk kan sjåast i frå fleire hald. Eit eksempel på dette visar dei til at kan vere skriftlege tekstar utført av journalistar og at handverk dermed og kan sjåast ut i frå fleire perspektiv (Håndverk, u.å.). Derfor vil eg gjennom bruken av handverk i denne oppgåva, vise til det faktiske arbeidet desse næringsverksemde utførte, om det så var fysisk arbeid med arkitektur, praktiske oppgåver

som har tilført noko bevarande for arkitekturen, eller visuelle framstillingar som omhandlar hallen, då dette kan vera med på å syne handverk ut i frå ulike tilnærmingar til arkitekturen.

Arkitektur

Dette fører meg vidare til omgrepet arkitektur for denne oppgåva, som handlar både om den faktiske originale arkitekturen og i tillegg den skiftande arkitekturen på bygninga. Her vil eit hovudfokus vere arkitektur ut i frå dei ulike vala som har blitt tatt som omhandlar Håkonshallens arkitektur, ut i frå den gitte tida arkitekturen blei arbeida med, både med tanke på arkitekturstilar, men og på korleis tilstanden på bygningas arkitektur var i. Eg ser også på korleis den har blitt skapt, tolka, diskutert, og vore i sentrum for ulike arbeidsprosessar.

Arbeidsprosessar

Arbeidsprosessar blir derfor i denne oppgåva eit omgrep som blir definert som eit arbeid *om* arkitekturen på Håkonshallen og ikkje nødvendigvis berre *på*. Der ein gjennom arbeidsprosessane ser nærare på både utført handverk, praktisk arbeid, tankar om resultatet av det, endring av arkitektur, og gjennom arbeid med visuelle framstillingar av Håkonshallen, som til saman dannar grunnlaget over korleis dei ulike næringsverksemndene jobba. Altså alle dei ulike ledda av arbeid som blei gjort med arkitekturen i dei ulike næringsverksemndene.

1.4 Avgrensing og oppbygging av oppgåva

For å få mest mogleg variasjon og for å vise ei brei tilnærming til tema i ei masteroppgåve som allereie har eit bredt tema, er ei avgrensing heilt naudsynt. Dette er som nemnd også fordi at omgrepa som verksemd, handverk, arkitektur og arbeidsprosessar er breie felt i seg sjølv, og for å kunne svare på problemstilling, vil eg derfor velje eit utval innan dei ulike omgrepa, som tar for seg delar frå ulike periodar som har vore viktig for ulike typar næringsverksemder, heilt i frå då hallen blei reist og fram til i dag.

Derfor ynskjer eg å vise dei enkelte trekka ved arkitekturen ut i frå dei valte periodane, som er viktige for å kunne få fram poenget i problemstillinga, og som spesielt godt synar handverket i dei ulike arbeidsprosessane. Gjennom å vise til variasjonen av ulike næringsverksemder, er det for problemstillinga i denne oppgåva viktig å vise til ”den større tydinga bak den” med tanke på både diskusjonen om arkitektur, arbeidsprosessar og ulike tilnærmingar til handverk. Derfor vil eg no avgrense ved å kategorisere dei ulike historiske nedslagsfelta mine, og grunngje valet av desse.

Kapittel 2

Kapittel 2, tar for seg korleis næringsverksemda utspelte seg når Håkonshallen blei reist. Derfor blir det og viktig å sjå på historia bak bygging av monumentale mellomalderbygningar gjennom ein større næringsverksem som byrja før Håkonshallen blei reist, og at den også fortsette etter. Fokuset her, er å syne korleis handverket var meir enn berre å bygge bygninga, men at det og var ein større brikke i ein større arbeidsprosess som utspelte seg gjennom å skaffe, frakte, behandle og utsmykke steinen for å skape ein gitt arkitektur som også skulle vere haldbar. Her vil også den tekniske delen av bygginga vere sentral, då dette var ein stor del av handverket. Derfor vil bruken av kalkmørtel i steinbygginga få eit sentralt fokus, då dette er eit tydigsfullt material som var naudsynt for å kunne bygge bygningar med Stein som hovudmaterial. Sentralt for dette kapittel vil og vere bygghytter, då dei danna grunnlaget for denne næringsverksem.

Kapittel 3

I kapittel 3 vil hovudfokuset ligge på korleis visuelle framstillingar av Håkonshallens arkitektur, førte til ein eigen næringsverksem, som bestod av ulike yrkesgrupper som både bestod av kunstnarar og arkitektar. Dette er eit stort tema, da det finst mengder av visuelle framstillingar av Håkonshallen. Sentralt i denne del vil derfor vere tolkinga av handverket til dei visuelle kjeldene og korleis dei til saman danna ein større næringsverksem. Eit anna og sentralt poeng er korleis dei visuelle framstillingane har gitt oss noko i diskutere omkring Håkonshallens arkitektur, både gjennom å bli brukt på ulike måtar i arbeid med hallens arkitektur eller for å tydeleggjere det ein allereie veit om den eller for å belyse nye funn. Her vil *Scholeusstikket* bli brukt som eit eksempel på korleis ei visuell framstilling kunne føre til praktisk bruk, i tillegg til kapittelets hovudtema, som vil være J.C Dahl og næringsverksem han skapte, gjennom fleire visuelle framstillingar som og synar korleis dette var ei næringsverksem som viste seg å vere større enn antatt med mange ulike arbeidsprosesser.

Kapittel 4

Vidare blir det i kapittel 4, sett nærmere på korleis ein næringsverksem blei til, gjennom ei hending som råka Håkonshallens arkitektur. Her vil hovudfokuset ligge på korleis Fischer etablerte sin næringsverksem, gjennom ulike arbeidsprosesser, som baserte seg på å sette hallen i stand, og til å finne nye svar om Håkonhallens arkitektur. Her blir sjølve arbeidsprosessane til Fischer sentral, og tankane han hadde om både arbeidet og arkitekturen.

Korleis kunnskapen has viste seg gjennom ulike tilnærmingar til handverk vil også vere sentralt, både i måten han arbeida på, og gjennom korleis han formidla arbeidet sitt. Kva grep han gjorde for å sette i gong redningstiltak, og hypotesane has om tidlegare arkitektur og bruksfunksjonar, vil og vere sentralt, då det og seiar noko om diskusjonen om arkitektur gjennom Fischers næringsverksemd. Derfor vil ruinen kjend som Kongens solar vere eit utvalt døme blant Fischers mange funn, då dette er med å belyser korleis ein kan sjå på arkitekturen gjennom næringsverksemda has og korleis diskusjonen om Håkonshallens arkitektur og kan sjåast gjennom dette dømet og fortsatt være aktuelt i diskusjonen om Håkonshallen i dag. Derfor er dette og eit godt eksempel på korleis Fischers næringsverksemd stadig er i bruk for å diskutere Håkonshallens arkitektur.

Kapittel 5

Når det kjem til kapittel 5, blir den sentrale næringsverksemda, arbeidet som blei gjort gjennom ulike utkast til arkitektkonkurransen og juryens arbeid med å tolke desse. Her ligg handverket på framstillingane i sjølve utkasta, og på korleis utkasta hadde sett for seg eit tenkt handverk under ei faktisk restaurering. Arbeidsprosessane frå utvikling av utkast til endeleg resultat er og viktig, då desse er med på å syne viktige arkitektoniske problemstillingar innan for restaureringa. Det blir og viktig å fokusere på arkitekturstilane som stod sterkt på denne tida, og syne kvalitetane som arkitekturen hadde og kva som var typisk for denne arkitekturen.

Derfor var det også etter ein nøye gjennomgang i arkivet, nokon utkast som ekstra godt synar arkitekturen dei hadde som ynskje å formidle i form av klare referansar til 1950-talets arkitekturstil og moglege løysningar for å realisere det. Av naturlege årsakar blir avgrensinga også til gjennom kva som er best dokumentert i arkivet, samt kva slags bidrag som skapte mest kommentarar frå juryen med tanke på arkitekturen og diskusjonen rundt moglege løysningar. Utkastet *Dixi* vil derfor få ein sentral plass fordi det synleggjer godt korleis det blei jobba med ulike arbeidsprosessar, med ulike tilnærmingar til handverket. Arkitekturen som vil bli mest vektlagt i dette kapittelets drøfting vil vere arbeidsprosessar omkring trappehuset, samt taket innvendig. Dette fordi at desse delane av arkitekturen var godt dokumenterte i utkasta, og fordi dei førte til ei stor endring i Håkonshallens arkitektur, med klare referansar til den modernistiske arkitekturen.

Kapittel 6

I kapittel 6, er det fokus på dagens næringsverksemde i Håkonshallen. Dette er eit sentralt poeng, då handverket som blir gjort i dag, er med på å sette ljós på alt det dei tidlegare næringsverksemde har gjort for arkitekturen. Her vil hovudfokuset ligge på arbeidsprosessar som baserer seg på formidling av Håkonshallens arkitekturhistorie og gjennom bevaring av arkitektur. I tillegg vil komande planar for nye næringsverksemder som baserer seg på utføring av handverk og arbeid med arkitektur i hallen, vere i fokus. Eg har også tatt eit val om å dele kapittel 6 opp i to ulike delar, der den første delen tar for seg korleis tidlegare næringsverksemder er synlege gjennom ei vandring ved Håkonshallen i dag, i tillegg til noverande og komande næringsverksemder i Håkonshallen. Medan den andre delen er ein avsluttande del for denne masteroppgåva, der eg vil samle lause trådar og drøfte funna eg har gjort, for så å svare på problemstillinga ved å kome til ein konklusjon.

1.5 teori og metode

Håkonshallen er allereie rikt skrive om og vel dokumentert ut i frå fleire perspektiv, men det interessante med Håkonshallen, er at det likevel alltid er mogleg å sjå bygninga ut i frå nye vinklingar og med eit nytt perspektiv gjennom allereie skrivne litteratur. Derfor vil mitt teoritiske utgangspunkt basere seg på eit historisk perspektiv som tar for seg tydingsfulle historiske periodar frå mellomalderen og fram til i dag, gjennom tidlegare faglitteratur om Håkonshallen, og nytte desse kjeldene til å finne svar på mi problemstilling. Som ein kombinasjon, vil eg og nytte arkivmaterial samt visuelle kjelder i tillegg til faglitteraturen. Med visuelle kjelder tenker eg på faktiske fotografi, skisser, kunstverk og arkeologiske teikningar og material frå arkiv. På lik linje som hos dei skriftlege kjeldene, vil dei visuelle kjeldene ha ei viktig nøkkelrolle i denne oppgåva. Dei visulle kjeldene vil aktivt bli brukt gjennom heile denne oppgåva, både for å levandegjer og tydeleggjere mine eksempel, som sjølvstendige objekt for dei ulike kapittel sin tematikk, men også som ei konkretisering av funna gjort i dei skriftlege kjeldene. Derfor vil min metode basere seg på ein systematisk gjennomgang av skrivne litteratur, samstundes som dei visuelle framstillingane vil bli diskutert opp mot dette. Ein anna del av min metode, vil også vere kontakt med nokon av dei som jobbar på Håkonshallen i dag, og så dermed er ein aktiv del av pågående næringsverksemde ved Håkonshallen. Dette gjennom korte intervju som tar for seg dagens, og komande næringsverksemder, og kva vektlegging som blir lagt på formidling av tidlegare næringsverksemder.

Viktige delar med teorien, baserar seg også på korleis arkitekturen kan sjåast på Håkonshallen gjennom ulike syn og periodar og korleis denne har vore i endring gjennom næringsverksemndene som har utspelt seg der, både tenkt og faktisk utført. Teorien vil derfor og omhandle arbeidsprosessar. Korleis diskusjonen om arkitekturen har vore skiftande ut i frå kva periode næringsverksemda omhandla, vil og vere eit teoretisk utgangspunkt og sentralt i denne oppgåva. Arkitekturhistoriske stilartar for dei enkelte periodane vil og stå sentralt i teorien, då dei er med på å forme korleis dei ulike næringsverksemndene jobba med å framstille arkitekturen.

Derfor kan ein og seie at min teori og metode, baserar seg på dei empiriske studiane av materielle funn, slik desse er teikna i faglitteraturen, kombinert med tolkingar av visuelle framstillingar, med studiar og drøftingar som strekk seg parallelt mellom dei skriftlege kjeldene og dei visuelle kjeldene.

1.6 Presentasjon av litteratur og arkivmateriale

Kapittel 2

I kapittel.2 vil eg som mine hovudkjelder nytte Bygningsarkeologen Øystein Ekrolls bok: *Med kleber og kalk – norsk steinbygging i middelalderen 1050 – 1550*. I tillegg vil eg nytte *Bergen bys historie, bind 1: Kongssete og kjøpstads fra opphavet til 1536*, med kapittelet skrive av professor i mellomalderhistorie Knut Helle. Helle vil og bli nytta gjennom kapittelet has: "Bergenshus-området i middelalderen" i boka: *Fra kongssete til kulturminne: Håkonshallen og Bergenshus-området gjennom 750 år*. Eg vil også nytte professor i arkitekturhistorie Hans Emil Liden gjennom *Norges kunsthistorie bind 2* og arkeolog Gerhard Fischer og kunsthistorikar Dorothea Fischers: *norske kongeborger bind 2*. I tillegg vil eg nytte boka *Steinbyen Bergen*, skrivne av geolog Øystein Jansen og forskar Tom Heldal. Andre kjelder som vil bli nytta i dette kapittel men i mindre grad, er Byantikvaren i Bergen ved Torbjørn Melle og Heming Hagen si tilstandsvurdering av ruinane som står igjen etter den andre steinhallen, og kunsthistorikar Per Jonas Nordhagen sitt kapittel: "Steinkyrkjene". I: *Norsk arkitekturhistorie Frå steinalder og bronsealder til det 21. Hundreåret*, og historikar Anne Brit Vihovde sitt kapittel: "Middelalderhall i en ny tid – om Håkonshallens restaureringer" frå boka: *Fra kongssete til kulturminne – Håkonshallen og Bergenshus – området gjennom 750 år*. I tillegg til professor i mellomalderarkeologi: Ingvild Øye og Anne Ågotnes si innleiing i boka: *Fra kongssete til kulturminne – Håkonshallen og Bergenshus – området gjennom 750 år*, og Fischers avsnitt om den andre steinhallen i Norske kongeborger

bind.1. Ågotnes blir og nytta i dette kapittel gjennom eit undervisningsopplegg laga i form av eit hefte, berekna for skuleklasser som vitjar Håkonshallen.

Kapittel 3

I kapittel 3, vil eg igjen nytte Vihovde sitt kapittel: "Middelalderhall i en ny tid – om Håkonshallens restaureringer" frå boka: *Fra kongssete til kulturminne – Håkonshallen og Bergenhus – området gjennom 750 år* i tillegg til Fischers *Norske kongeborger bind.2*. Dessutan vil eg også nytte kunsthistorikar Marco Trebbi sitt kapittel: "Some Aspects of Nineteenth- and Twentieth- Century Restoration Ideas and Practices" i *Håkonshallen 750 years royal residence and national monument*, og førsteamanensis Christopher John Harris sitt essay: "Bergenhus i kart og tegninger", i boka: *Fra kongssete til kulturminne*. I tillegg vil kunsthistorikaren Tonje Haugland Sørensen sitt kapittel "Dahl og det historiske landskapet" i boka: *Naturens kraft*, få ein prominent plass i tillegg til arkeolog Alf Tore Hommedal sitt kapittel: "King Håkon's hall and its Authenticity" i boka: *Håkonshallen 750 years royal residence and national monument* bli brukt. kunsthistorikar Marie Lødrup Bang si bok: *Johan Christian Dahl, 1788-1857, Life and Works, Volume one* vil og bli brukt i mindre grad, I tillegg til internetsida til fortidsminneforeninga, og forfattar Åse Moe Torvangers tekst om Georg Andreas Bull, i: Norsk biografisk leksikon, frå internett. Sist men ikkje minst, vil J.C Dahl si sketchesamling som ligg i magasinet på KODE kunstmuseer og komponisthjem, ha eit hovudfokus i dette kapittel, då temaet i stor grad baserer seg på eksemplar frå denne sketchesamlinga.

Kapittel 4

I kapittel 4, vil eg nytte Hommedals tekst om Fischer, frå Norsk biografisk leksikon, i tillegg til boka: *Årbok for foreningen Norske fortidsminnemerkers bevaring*, med kapittelet: "Gerhard Fischer", skrive av arkitekt Håkon Christie og i tillegg kapittelet: "Johan Adolf Gerhard Fischer", skrive av Fischer sjøl. I tillegg vil eg igjen nytte Hommedal sitt kapittel: "King Håkon's hall and its Authenticity", i boka: *Håkonshallen 750 years royal residence and national monument*. Eg vil også nytte Vihovdes tekst: *Et femtiårsmiljø – Bergenhus festning etter eksplosjonsulykken 20. April 1994*. Sentralt for dette kapittel vil også være Fischers *Norske kongeborger bind.2*. I tillegg til at eg og nytta Byantikvaren i Bergen ved Torbjørn Melle sin tilstandsrapport om ruinens kjend som *Kongens solar*.

Kapittel 5

I kapittel 5, vil eg nytte boka: *Norges kunsthistorie: Inn i en ny tid, bind 7*, der arkitekt Christian Norberg-Schulz har skrive kapittelet: ”Fra gjenreisning til omverdenskrise – Norsk arkitektur 1945-1980”. I tillegg vil eg nytte kunsthistorikar Siri Skjold Lexau sitt kapittel: ”Krig, gjenreising og velstandsutvikling”, i boka *Norsk arkitekturhistorie*. I tillegg vil eg og nytte Vihovdes tekst i eit hefte om Håkonshallen gitt ut av Bryggens Museum: *Tiders smag og Fordringer - Håkonshallens restaureringshistorie gjennom de siste 160 år*, samt igjen Vihovdes kapittel: ”Middelalderhall i en ny tid – om Håkonshallens restaureringer” frå boka: *Fra kongssete til kulturminne – Håkonshallen og Bergenshus – området gjennom 750 år*. Eg vil også nytte ein tekst som omhandlar restaureringa etter eksplosjonslukka, i frå tidsskriftet til norske arkitektars landsforbund: *byggekunst*, frå 1962, skrive av arkitekt Peter Helland-Hansen som var delaktig i denne restaureringa.

I korte drag vil eg også nytte teksten til Stephan Tschudi-Madsen som omhandlar Arne Nygård-Nilssen frå Norsk biografisk leksikon, I tillegg til tekstar som omhandlar Arthur Darre Kaarbø og Arnstein Arneberg i Store norske leksikon, skrive av Arne Gunnarsjaa. Eg vil også nytte Bergljot Solberg sin tekst om Johannes Bøe, i Norsk biografisk leksikon.

Til slutt, men ikkje minst, vil arkivmaterialet etter Frederik Konow Lund få ein prominent plass i kapittelet, der ein del av dei ulike konkurransutkasta og juryomtalen av dei, er henta frå dette arkivet, som ligg på Bergen byarkiv.

Kapittel 6

I kapittel 6 vil eg nytte personleg kommunikasjon som eg har hatt med Anne Brit Vihovde, som i tillegg til å vere historikar, og er bygningsinspektør ved Håkonshallen og historikaren Knut Høiaas, som arbeider som museumspedagog ved Håkonshallen. Via e-post har dei svart på spørsmål som omhandlar dagens næringsverksemd med arkitekturen og formidling i fokus, samt planar for endring i arkitektur, og komande næringsverksemder på bakgrunn av dette. I tillegg vil eg og nytte Vihovde sitt kapittel: ”Håkonshallen blir museum – de siste femti år” i boka: *Fra kongssete til kulturminne – Håkonshallen og Bergenshus – området gjennom 750 år*.

Kapittel.2

Næringsverksemda når Håkonshallen blei reist: handverk og arkitektur sett gjennom arbeidsprosessar med stein som byggematerial

2.1 Innleiing til kapittel

Allereie før Håkonshallens blei reist, byrja ein i Bergen å reise mellomalderbygningar med stein som hovudmaterial. Mariakyrkja er eit døme på dette. Dette danna grunnlaget for ein større næringsverksemde, som baserte seg på nye handwerkstradisjonar, arbeidskraft og arkitektur. Bruken av stein som byggematerial, førte til omfattande og ulike arbeidsprosessar, som både var tidkrevjande og nyskapande, med fleire ulike arbeidsområdar. Denne tendensen gjorde seg og synleg når Håkonshallen blei reist. Jobben med å reise ei monumental bygning i så stor skala, førte til eit mangfold av byggeaktivitet innan i næringsverksemda, som blei dekka gjennom ulike måtar å jobbe med handverket på, alt ettersom når i byggeprosjektet arbeidet skulle bli gjort og kva som skulle bli gjort.

Den store fellesnemnaren for arbeidet i denne næringsverksemda var arbeid med stein som material. Sentrale oppgåver gjekk ut på både å ta val om steintypar som skulle brukast, hogging av steinen, fraktinga av den og ikkje minst bygginga og utsmykkinga med den. Noko av det viktigaste med denne næringsverksemda var likevel arbeidsprosessen omkring framstillinga av kalkmørtel, då dette både var ein tidkrevjande og nødvendig del av arbeidet med å reise bygningane. Dette fordi at kalkmörtelen tok lang tid å skape og var naudsynt for å skape haldbare og varige bygningar. I tillegg var sjølve byggeprosessen på bygninga ein av dei største delane med denne næringsverksemda, med eit arbeid som både var fysisk tungt, men og gjennom korleis arbeiderane skulle skape både ei haldbar, funksjonell og estetisk bygning. Dette var arbeidsprosessar som alle behøvde ulike typar handverk, kunnskap og kompetanse, noko som og kan speglast gjennom næringsverksemda som blei til Når Håkonshallen skulle bli reist.

2.2 Opphavet til bruk av stein i Bergens mellomalderbygningar

Ekroll, peiker på at starten av 1100-talet inntil 1200-talet, var ei tid der mange nye bygg blei reist i Noreg, særleg kyrkjer (Ekroll, 1997, s.29). Helle, fortel at sjølv om dette var ei uroleg tid prega av borgarkrigar i Noreg, så var dette også ein vekstfull periode for Bergen (Helle,

1982, s.160). Økonomien hadde mykje å seie for veksten, og kongelege og religiøse aspekt var sentrale brikkar. Bergen fekk ein solid posisjon, og enda opp med å bli sett på som den byen med mest makt i Noreg, i tillegg til å vere eit viktig knutepunkt innanfor handel, både for dei som budde i Bergen, samt av andre som var på reise som kom innom på både kortare og lengre opphold. (Helle, 1982, s.161). Helle visar også til at Bergen var ein by som tidlig var ute med nyskapande arkitektur og handverk med utanlandsk inspirasjon, noko som og gjorde seg gjeldande i mellomalderbygningane (Helle, 1982, s.174).

På bakgrunn av dette blei det eit auka fokus på å bygge monumentalt med stein som hovudmaterial, og derfor fekk ein både større og fleire bygningar med dette som utgangspunkt. Kyrkjene var først ut, før ein byrja å nytte stein i andre bygningstypar og (Helle, 2011, s.17). Ekroll fremmar også at ein viktig faktor med monumentalbygginga, var at det kom utanlandske arbeidrar til Noreg, som hadde denne type erfaring, og at gjennom deira handverk, fekk ein moglegheit til å vidareutvikle Noregs mellomalderbygningar i materialet stein (Ekroll, 1997, s.12). Ein god del av byggeaktiviteten var det såkalla *bygghytter* som stod bak, og dermed danna dei også grunnlaget for dette kapittelets næringsverksemrd.

2.3 Bygghyttene

Arbeiderane som jobba innan dei ulike felta med å reise mellomalderbygningars, blei gjerne kalla bygghytter. Når det kjem til kva og kven desse Bygghyttene frå mellomalderen faktisk var, så har Liden, blant anna definert dette som ei yrkesgruppe innan fagfeltet med forskjellig kompetanse og arbeidsoppgåver. Dei hadde ulik kunnskap innan handverket, og blei satt til ulike arbeidsoppgåver med steinen ettersom kva ekspertise dei hadde. Bygghyttene sine arbeidsfelt dekka alt som hadde med reisinga av den enkelte bygninga å gjere. Alt i frå henting av material frå ulike stadar, planlegging, og det faktiske byggearbeidet (Liden, 1981, s.46).

Ekroll visar også til at for arbeiderane i bygghyttene, så hadde dei ei læretid som kunne strekke seg over fleire år. Denne læretida omhandla opplæring innan ulike delar med steinarbeidet, og baserte seg på at ein først fekk lov til å arbeide med dei større steinblokkene, før ein jobba seg oppover i systemet og skaffa seg nok kunnskap til å arbeide med utsmykkinga på bygningane (Ekroll, 1997, s.113). Når dei hadde meistra dette, fekk dei også lov til å reise vidare til nye bygningsprosjekt, der dei fekk skaffa seg enda meir lærdom, som dei fekk utøve i praksis på nye bygningars (Ekroll, 1997, s.114). Ekroll peiker på at

bygghyttene også kunne vere ein definisjon for opphalstsstaden dei arbeida i frå. Dette kunne vere eit slags mindre hus eller skur, der arbeiderane budde og gjorde mykje av arbeidet sitt. Her både jobba dei saman om steinbygginga, men også kvar for seg ut i frå kva ekspertise dei hadde innan fagfeltet og handverket (Ekroll, 1997, s.112). For å dokumentere handverket dei hadde gjort, var det vanleg å signere arbeidet sitt i form av eit steinhoggarmerke. Ifølge Nordhagen, var arbeiderane stort sett anonyme med ein ukjend identitet. Dette gjaldt både arkitektane, og dei arbeiderane som utførte resten av arbeidet på bygninga. Han peiker også på at ein viktig del av kartlegginga for å finne ut av kven desse arbeiderane var, er dei ulike steinhoggarmerka. Nordhagen har ein teori om at dei brukte steinhoggarmerka som ein signatur for å vise til arbeid og handverk som var blitt utført av kva arbeider på bygninga (Nordhagen, 2008, s.144). Når det kjem til Håkonshallen, så er det berre eit enkelt steinhoggarmerke som vi i dag veit om. Dette steinhoggarmerke er i bygningas mellometasje, og er rissa inn i klebersteinen der. Merket kan minne om ein bokstav frå runealfabetet. Fischer peiker på at dette merket er tydeleg å tolke, fordi ein og kan finne eit merke som ser likt ut, på ei anna av Noregs mellomalderbygningar, nemleg Nidarosdomen. Han hevdar derfor at ei av bygghyttene som arbeida på Nidarosdomen også må ha arbeida på Håkonshallen. Denne hypotesen styrkar han, med at arbeidet der ein finn likt steinhoggarmerke i Nidarosdomen, blei avslutta på midten av 1200-talet og erstatta med ei ny arbeidskraft som viste seg i form av nye handverkstilar der oppe og at det derfor var logisk at ein fekk denne bygghytta til å arbeide vidare på Håkonshallen (Fischer, 1980, s.127).

Fig.1, visar eit kart som finst på Bryggens Museum, over alle mellomalderbygningane som fantes i Bergen omkring 1300-talet, noko som og gjer det lett å sjå for seg korleis byggeaktiviteten må ha utspelt seg, og i kor stor skala den var. Fig.1 tydeleggjer også korleis bygningane låg ut i frå eit historisk topografisk perspektiv når Håkonshallen blei reist.

Dette er og noko fig.2 synar, då ein her ser ein modell frå Bryggens museum, over korleis ein tenker seg at området såg ut rundt 1300-talet, på området omkring Håkonshallen. I fig.3 ser ein steinhoggarmerke som er i Håkonshallen, og korleis det er rissa inn i klebersteinen. Det sentrale for bygghyttene og dermed også denne næringsverksemda, var Stein som byggematerial med arbeidsprosessar frå funn til bruk.

KIRKER OG KLOSTRE I BERGEN OMKRING 1300



Fig.1: Nyborg, A, 2016, Kart over mellomalderkyrkjene og klostera i Bergen (Frå Bryggens Museum).



Fig.2: Nyborg, A. 2016, *Modell av Holmen i Bergen runt år 1300*, frå: (Bryggens Museum)



Fig.3: Dybvikstrand Eidem, O.K, 2022, *Steinhoggarmerke i Håkonshallen*

2.4 Dei ulike arbeidsprosessane med stein som byggematerial

Val av steintypar

Ekroll fortel at når ei bygning i Stein skulle reisast i mellomalderen, så var det nokre material ein var heilt avhengig av å ha. Ein stor del av dette var naturleg nok Stein, i tillegg til treverk, jern og kalk (Ekroll, 1997, s.112). Ekroll peiker på at: ”Dei mellomalderske steinhoggarane viser ofte ein imponerande kunnskap om Stein, og dei har klart å leite seg fram til dei beste førekommstane i området. Denne kunnskapen må vere bygd opp gjennom generasjonar i nær kontakt med materialet” (Ekroll, 1997, s.83).

Når det kjem til steinen som var vanlegast å nytte i Bergen, så var dette ifølgje Heldal og Jansen Stein frå strender eller steinrøyser i nærleiken av Bergen (Heldal og Jansen, 2000, s.18). Dei visar til at det er mangelfull dokumentasjon på kvar dei konkrete stadane steinen har blitt henta i frå, men at ulike hypotesar baserar seg på at den blei henta i frå fleire brot i både Hordaland og Sogn (Heldal og Jansen, 2000, s.19). Ekroll visar også til at det i heile Noreg finst ulike steintypar, og at det derfor var vanleg å nytte den steintypen som var nærmest bygninga som skulle reisast. Så lenge steinen var haldbar å eigna til å bygge med på lengre sikt, kunne steinen som skulle bli nytta brukast uavhengig av utsjånad, då murane gjerne blei polerte etterpå likevel. På steinen som skulle vere synleg i form av detaljar og utsmykking, måtte ein ha ein steintype med estetiske kvalitetar som var av ein kvalitet som var lett å jobbe med.

Kva Stein ein hadde tilgang på som kunne nyttast til dette, viste seg også forskjellig ut i frå kor i landet ein arbeida og kva Stein ein hadde tilgang på (Ekroll, 1997, s.63). Heldal og Jansen peiker også på at i forhold til mange stader i Europa som har mjuke og anvendelige steintypar er Noreg meir kjent for å ha hardare og mindre bruksvenlege steintypar. Likevel peiker dei på ein eigna steintype i Noreg som kunne nyttast i utsmykkingsarkitekturen, og det var klebersteinen (Heldal og Jansen, 2000, s.18). Derfor blei det også nytta kleberstein i Håkonshallen, og denne blei blant anna brukt på utsmykking omkring vindauge, i hjørnekvadrane og lengst oppe på murane (Heldal og Jansen, 2000, s.32). Ein ser også at klebersteinen er nytta innvendig i hallens midtetasje med blant anna sittebenkane. I tillegg visar dei også til at det faktisk og er funne ei mindre mengde med marmor som er hogga i Håkonshallen. Denne marmoren blei oppdaga blant klebersteinsprofilane under ei utgraving av hallen. Dei har også ei hypotese, om at det må ha vore meir fristande å arbeide med klebersteinen, som var lettare å skjære ut, og dermed ført til eit arbeid som gjekk fortare enn om dei hadde nytta marmoren (Heldal og Jansen, 2000, s.19). I tillegg når det kjem til det originale byggematerialet i Håkonshallen, peiker dei også på at i dei originale murane så fantes det brotsteinar med veggar opptil tre meter tjukke (Heldal og Jansen, 2000, s.32).

Vidare fortel også Heldal og Jansen, at steinane som blei nytta som bygningsstein i Håkonshallen, var steinar som naturleg hadde blitt avrunda på grunn av istida og som låg igjen som eit resultat av dette (Heldal og Jansen, 2000, s.32). Desse avrunda steinane blei så gjerne kløyvde i to, før dei blei nytta i bygninga. Denne steintypen fantes i naturen nært

hallen, og langs sjøen på strendene. Vidare fortel dei at det og blei nytta steinblokker som hadde skarpe kantar, og at desse stamma i frå naturlege brot i fjell eller steinrøyser.

Når det kjem til steintypar som finst i Håkonshallens nærområde, så er dette steintypen grønskifer, samt glimmerskifer, ein steintype som er mindre haldbar som material i ei bygning som skal stå lenge. Dei fremmar at arbeiderane nok må ha tenkt på dette den gong då, då det var nytta svært lite av denne steinen i Håkonshallen. Dei fremmar at steintypen som er mest nytta i Håkonshallen er gneis, noko dei fremmar at tydar på at dei må ha reist lenger av stad for å hente materialet til hallen under bygginga. Med tanke på kor ein finn steintypen gneis i Bergen, har dei ei hypotese om at steinen kan ha vore henta i frå både Sandviken, Nordnes, Skuteviken og mot Fløyen (Heldal og Jansen, 2000, s.33).

Både klebersteinen og dei andre steintypane som skulle nyttast når bygninga skulle bli reist, måtte både hoggast og fraktast til byggeplassen, og dette var ein del av næringsverksemda som var svært omfattande.

Arbeidsprosessen med steinen frå funnstad til byggestad

Ekroll visar til arbeidet som blei gjort på steinen funnstad, der arbeiderane brukte ulike teknikkar for å få tak i steinen før vidare frakting. Når dei mindre harde steintypane som kleberstein skulle takast ut frå berget, blei det nytta ein slags hakkemetode der dei skrapa rundt steinen dei ville ha med ei hakke på fleire sider av steinen, før dei fekk vippa den laus. Vidare fortel Ekroll også at på grunn av praktiske og økonomiske årsaker, så gjorde arbeiderane ferdig halve hogginga av klebersteinen ved sjølve funnstaden før dei frakta steinen med seg til staden der bygninga skulle reisast (Ekroll, 1997, s.63). Heldal og Jansen peiker også på at klebersteinen også vanlegvis blei grovhogga på brotplassen, før den blei frakta vidare til byggeplassen, der utsmykkingsarbeidet blei gjort, og nokon gonger blei detaljarbeidet fyrst utskjært etter at steinane var kome på plass i bygninga også (Heldal og Jansen, 2000, s.19).

Med dei største skarpe og harde steinane fortel Ekroll vidare, at ein måtte nytte teknologien for å få nok kraft til å få ut steinen. Dette gjorde dei gjennom teknikken kalla *kile*, som gjorde slik at kraft blei danna gjennom å kile på kvar side av steinen, for så å bruke eit reiskap som hadde nok kraft til at steinen blei laus frå berget (Ekroll, 1997, s.64).

Ekroll visar også til at når steinen skulle fraktast frå brot til byggestad var dette arbeidet nesten uoverkommeleg for arbeiderane, og at det var det mest kostbare med heile byggeprosjektet. Derfor var det vanleg å byrje frakting av material allereie fleire år før ein skulle reise bygninga. Den beste måten for arbeiderane var å få frakta materialet på sjøen, på framkomstmiddel som kunne flyte. Dette var også best ut i frå det økonomiske aspektet, noko som gjorde at arbeiderane prøvde å finne brot så nært sjøen som mogleg. Til trass for dette, visar Ekroll til at dette ikkje alltid let seg gjere, og at ein då ynskja å få frakta steinen når det var vinter. Dette fordi at det då var eit betre underlag å ta seg fram på, og ein hadde betre tilgang på arbeidskraft i form av både menneskjer og dyr som kunne frakte materialet (Ekroll, 1997, s.64).

Når bygninga skulle bli reist

Når riktig Stein til bygninga var bestemt og frakta til byggeplass, var det ein heil del arbeidsprosessar som tredde i kraft. Ekroll peiker på at det var ulik praksis på dei forskjellige byggeprosjekta, om kva type underlag bygninga skulle stå på. Nokon gonger var det nemleg vanleg å plassere ei bygning rett på berggrunn, som igjen førte til ei stødig bygning når det skulle byggast vidare. Andre gonger hadde ein eit mindre støtt underlag som grus og leire, og arbeiderane fekk då behov for å skape ein base som ville gjere bygninga stø til vidare bygging. Då blei det og naudsynt å skape eit fundament, enten i tre eller ved hjelp av grunnmurar i stein. Ekroll fortel at dette blei gjort gjennom å lage ei grøft i underlaget, etterfølgt av at ein slo ned eit treverk for å danne ei støtte, gjerne følgt av eit lag med tømmer, før ein la eit lag med flate steinar oppå dette igjen. Dette fungerte som eit underlag til grunnmuren som blei lagt oppå dette igjen. Ekroll peiker på at dette er ein teknikk ein ofte ser har blitt brukt i fuktige klima, og finst dermed under mange av steinbygningane i Bergen (Ekroll, 1997, s.76).

Vidare når ein skulle byrje å reise sjølve bygninga, fortel Ekroll at ein fyrst lyfta steinane frå bakkenivå oppover bygninga, og når ein hadde fått bygd så langt opp at ein ikkje lenger nådde opp, så blei det nytta konstruksjonar i tre, som ein kunne klatre på, akkurat som eit stilas. Desse sto enten litt i frå bygninga, medan nokon stilas var festa i sjølve steinbygninga (Ekroll, 1997, s.78). Heldal og Jansen peiker og på at dette og var teknikk ein såg under bygginga av Håkonshallen, der arbeiderane nytta dei største steinblokkene lengst nede på bygninga, før mindre steinblokkar blei plassert oppover (Heldal og Jansen, 2000, s.33).

I tillegg til det praktiske og reint tekniske bygningsarbeidet, blei det og gjort handverk på steinen, som baserte seg på å skape ein bestemt form for arkitektur. Ekroll peiker blant anna på at for å klare å skape like steinar til bygningane, så blei det nytta ulike steinmalar. Dette var særlig vanleg i arbeidet som omhandla profilane på bygningane. Når det kom til utsmykking av steinen, så blei dette oftast gjort på frihand, men ulike oppmålingar og skisser kunne og bli nytta, både i dei større bygningssteinane og for å teikne opp korleis utsmykkinga skulle sjå ut (Ekroll, 1997, s.113).

Kalkmørtel

For å få bygningssteinane til å halde kvarandre saman, blei det nytta kalkmørtel. Heldal og Jansen, fortel at kalkmörtelen fungerte som eit lim. Denne delen av næringsverksemda utspelte seg gjerne i gropar laga av jord, der ein tok pulverisert marmor eller kalkstein som så blei brent ved kraftig varme, til det til slutt blei til tørr kalk. Denne tørre kalken blei så blanda med vatn. Dette var ein tidkrevjande prosess, og dei visar til at denne delen av arbeidet kunne utspele seg så lenge som 3-7 år. Etter dette blei sand tilsett blandinga, og kalkmörtelen blei da ferdig og klar til bruk (Heldal og Jansen, 2000, s.38). Dei peiker på at kalkmörtelen var svært viktig, ikkje berre for å lime bygningssteinen saman men og fordi den hadde beskyttande eigenskapar for bygningane (Heldal og Jansen, 2000, s.18). Vidare fortel også Ekroll at desto lengre kalken fekk modnast under prosessen desto betre blei den, og fremmar som Heldal og Jansen at arbeidet måtte ha byrja fleire år før bygninga skulle bli reist. Han fremmar også at dette var ein av dei største delane av arbeid i byggeprosjekta, med bruk av store ressursar og arbeidskraft, og at det var med ein stor dedikasjon at arbeiderane framstilte mørtel i ein så god kvalitet som mogleg (Ekroll, 1997, s.74).

Ekroll fortel også om dei unike kvalitetane til kalkmörtelen. Dette fordi at prosessen omkring den, baserte seg på at den først var fuktig etter påføring i bygningane, før den byrja å tørke og sakte men sikkert blei herda først på utsida av bygningsmurane og så innover i dei. Han fremmar at denne verknaden førte til at bygningane blei svært haldbare, og om handverket var riktig utført så kunne denne delen av arbeidet føre til bygningar med nesten uendeleig levetid. Han peiker og på at bygningar som ved riktig bruk av kalkmørtel har stått i over 800 år (Ekroll, 1997, s.73). Vihovde fremmar også tydinga som kalkmörtelen har hatt, og hevdar at: ”uten puss og kalk er det tvilsomt om våre middelalderbygninger ville overlevd til vår tid” (Vihovde, 2011, s.115). Heldal og Jansen fremmar også at det må ha vore behøvd store mengder med kalkmørtel under bygginga av Håkonshallen (Heldal og Jansen, 2000, s.32).

2.5 Den historiske situasjonen når Håkonshallen blei reist

Håkonshallen blei reist når Håkon Håkonsson var konge, nærmere bestemt etter kroninga av han i 1247, og stod ferdig i 1261. Plasseringa som hallen fekk, er på Holmen nært Vågen og sjøen, på enden av Bryggen, i dag kjent som Bergenhus i Bergen.

Tida før hallen blei reist, var ifølgje Ekroll ei turbulent tid, som hadde oppstått på fyrste halvdel av 1200-talet. Denne uroa forsvann rundt år 1240, og førte til eit meir styrka land som stod saman om makta, med eit større behov for å bygge ut Bergen (Ekroll, 1997, s.42).

Bergen var sannsynleg Norden største by når hallen blei reist, og kongsgarden på Bergenhus blei på bakgrunn av dette hovudsete for kongemakta, noko som medførte at Bergen blei hovudstaden i Noreg (Helle, 2011, s.18). Derfor blei det også viktig å vise styrke som ein hovudstad, og ein av måtane dette blei gjort på, var ved å bygge nye og store monumentale steinbygningar som viste den kongelege makta (Helle, 2011, s.19). Steinbygningane skulle i følgje Ekroll også føre til auka sikkerheit i byen (Ekroll, 1997, s.43).

Som følgje av dette kom det fleire steinbygningar når Håkonsson var konge, og Håkonshallen i tillegg til ein steinhall i mindre skala som Ekroll meiner kan daterast frå 1261 som var plassert framom Håkonshallen var blant dei (Ekroll, 1997, s.46). Øye og Ågotnes, peikar også på at dateringa av den andre steinhallen er truverdig, då Magnus Håkonsson, sonen til Håkon Håkonsson heldt bryllaupsfest der etter at han gifta seg, for så å bli krona der i 1261 (Øye og Ågotnes, 2011, s.7). Helle fremmer også denne teorien, då han viser til at dette også kjem fram i sagaen om Håkon Håkonsson (Helle, 2011, s.19). Likevel må det og nemnast at det har vore noko diskusjon omkring dateringa for når denne steinhallen blei reist. Dette fordi at Byantikvaren i Bergen gjennom ei tilstandsvurdering av ruinane som står igjen etter den andre steinhallen, peiker på at den andre steinhallen faktisk kan ha blitt reist etter at Håkonshallen var ferdig, og på slutten av 1200-talet (byantikvaren, 2013, s.3). Fischers har også tolka reisinga av den andre hallen, og han meinte at dei to hallane var planlagt på same tidspunkt og at den andre steinhallen blei reist like etter at steinhoggarbeidet blei gjort ferdig på Håkonshallen (Fischer, S.230, 1951).

I tillegg til å huse folk og vere ei bygning for ulike hendingar, har det også vore ei hypotese om at denne andre steinhallen skulle fungere som ei sikkerheit for Håkonshallen, då den blei plassert framfor, og dermed kunne verne Håkonshallen om det skulle oppstå farar i

innseglinga i Vågen, då hallen låg nært sjøen. I dag er det berre ruinar at av den andre steinhallen (Helle, 2011, s.19).

På fig.4 Kan ein sjå eit oversiktsbilete over korleis den andre steinhallen har lagt i forhold til Håkonshallen, og korleis bygningane låg plassert med tanke på trafikk frå havet, og ein kan tydeleg sjå for seg korleis den andre steinhallen hadde fungert for å beskytte Håkonshallen. På fig.5 Ser ein og korleis ruinane etter den andre steinhallen ser ut i dag, og plasseringa den hadde i forhold til Håkonshallen.

At den andre steinhallen hadde fleire bruksfunksjonar både til å vere ei bygning som var i bruk som samlingslokale, men og for å beskytte Håkonshallen, var ein tendens ein og kunne sjå i Håkonshallens arkitektur, då bygninga i tillegg til å vere estetisk gjennomført, og hadde fokus på det funksjonelle i sin arkitektur.

2.6 Estetiske og funksjonelle kvaliteter i Håkonshallens originale arkitektur

Frå midten av 1200-talet, var det ein engelsk mellomalderstil som dominerte i dei Bergenske steinbygningane og dermed også i Håkonshallen (Heldal og Jansen, 2000, s.18). Ekroll fortel at med den engelske stilens kom også gotikken i steinbygningane, noko han fremmar og er gjeldande i Håkonshallens arkitektur (Ekroll, 1997, s.43). Det er og allment kjent at hallen har store likskapar til både engelske og skotske hallar i frå same tid. Fischer har tatt for seg dette, og visar til W. Douglas Simpson som har skrive boka *The castle of Bergen and the Bishop's Palace at Kirkwall*, der han visar til at arkitekten bak Westminster Abbey i England med namn Henry of Reynes, var utilgjengeleg for arbeid i fleire år i England i åra etter 1253, og at det då kan vere sannsynleg at han reiste til Noreg for å lede bygginga av Håkonshallen. Fischer er einig i denne hypotesen, då han hevdar at både tid og årstal stemmer, og i følgje Fischer blei det også nytta engelske arkitektteikningar på hallen når den skulle bli reist (Fischer, 1980, s.124).

Når det kom til den engelske gotikkstilen, peiker Ekroll på at denne ikkje berre medførte nye arkitektoniske element, men faktisk og var av praktisk art. Dette fordi at gotikken hadde ein nyskapande måte å jobbe med det funksjonelle i bygninga, slik at ein ved hjelp av ny teknologi fekk moglegheit til å bygge større bygningar på ein lettare måte, ved hjelp av blant anna ulike kvelv og spisse bogar, ein byggemåte som også gjorde slik at ein lettare fekk luft i bygninga med meir naturleg ljós utanfrå (Ekroll, 1997, s. 43).

I tillegg til at gotikken medførte ny teknologi på bygningsarkitekturen, fortel Helle at Håkonshallen også blei reist som ei bygning med fleire bruksfunksjonar. Dette gjennom at hallen var tiltenkt til ulikt bruk. Øvst i Håkonshallen ligg sjølve hallrommet, som var tiltenkt større arrangement, og den mellomste etasjen var tiltenkt møteverksemd og arbeidsplassar (Helle, 2011, s.21). Fischer peiker også på at i dette rommet skjedde det store og viktige hendingar (Fischer, 1980, s.127). I den siste etasjen var det lager, der ein oppbevarte ulike typar varer og gjenstandar (Helle, 2011, s.21). Fischer visar også til at i gavlane så fantes det vindauge med god størrelse som må ha slept inn mykje dagsljos, og at det kongelege høgsete låg nord i hallen, under vindauge i denne gavlen. Han meiner også at det kan ha vore langeld plassert i midten av hallrommet, der dei hadde laga ei opning som elden kunne bli slusa ut frå i taket (Fischer, 1980, s.125). Ågotnes visar også til at i murane på hallen, så strekk det seg ulike gongar. Til dømes går det ein gang fram til det store vindauget oppom høgsetet, ja heilt opp til rosevindaugen. Desse gongane var der for å kunne få eit betre vakthald Ågotnes, s.85, u.å.).

I tillegg blei Håkonshallen også råka av ulike hendingar ikkje så lenge etter at den blei reist. Den blei nemleg utsatt for brann to ulike gonger, der den eine brannen var så tidlig som i 1266. Etter denne brannen kom det ifølgje Helle, gråsteinskvelva inn i bygninga. Desse kvelva fungerte som eit bærande element for golvet i hallen, men var ifølgje Helle og tiltenkt som ei sikkerheit, då dei ville beskytte dei ulike etasjane frå kvarandre om ein ny brann skulle råke bygninga (Helle, 2011, s.21).

På fig.6 ser ein Håkonshallens store hall, og det blir lett å sjå for seg korleis denne hallen må ha vore i mellomalderen. Høgsetet til kongen som ein ser i fig.7 ligg plassert i dag, slik ein og meiner det gjorde i mellomalderen si tid. Oppom høgsetet i fig.7, ser ein også det store vindauget, som slepp inn godt med dagsljos. Vidare ser ein og her ein av gongane bak det store vindauget som var tiltenkt å betre vakthalddet. Dette var ei god plassering med tanke på nærleiken til høgsete der kongen sat, i tillegg til den gode utsikta så må ha vore mot sjøen og farane der. I fig.11, ser ein også eine inngangen til desse skjulte gongane i muren bak høgsetet, og korleis denne inngangen går nesten i eit med omliggande bygningsstein, samstundes som den er utsmykka med ei søyle.

I tillegg er det interessant å sjå for seg langelen som Fischer hadde ei hypotese om, som kan ha lagt i midten, og som må ha varma opp hallen på ein god måte. I fig.8, ser ein også korleis musikktrimbuna i hallen er plassert i dag, og ein tenkjer seg og at det også var ei form for musikktrimbune i mellomalderen si tid på omtrent same plassering, som det blei spelt musikk i frå, under festar og arrangement i hallen. Når ein går vidare til fig.9 blir det lett å sjå for seg den funksjonelle bruken av desse arbeidsbenkane, med strategisk plasserte vindauge, som slepp det gode dagsljuset utanfrå inn og benkar vent mot kvarande, så det blei lett å prate og halde møteverksemrd. Vidare så ser ein i fig.10 den dunkle belysninga frå dei små vindauge i kjellaretasjen, og ein kan berre tenke seg korleis det måtte ha vore der som lager i mellomalderen, truleg med svært gode forhold til å kunne lagre ting på ein haldbar og sikker måte. Her ser vi og kvelva som berer golvet i hallrommet, og denne massive steinen som fungerte som ei god sikkerheit for å hindre eventuelle nye brannar å spreie seg.

Den historiske situasjonen når Håkonshallen blei reist, dei ulike arbeidsprosessane og arkitekturen som var tiltenkt å vere både estetisk og praktisk, vitnar om ein næringsverksemrd som har vore både stor og samansett.

2.7 Drøfting av tema i dette kapittel

Den allsidige næringsverksemda innanfor mellomalderbygg i Stein i Bergen, byrja allereie før Håkonshallen si tid med kyrkjebygging i Stein, og denne type verksemrd fortsette også etter Håkonshallen blei reist. Gjennom dette kapittel, er det tydeleg å sjå at arbeidet med Stein som material på ei bygning i så stor skala som det Håkonshallen var, danna grunnlaget for ein større næringsverksemrd. Ein næringsverksemrd som strakk seg gjennom mange år, og som har romma mange ulike arbeidsprosessar. Eit døme på dette er framstillinga av kalkmørtel med tidsbruken denne delen av arbeidet tok.

Dette har og synleggjort alt arbeidet som blei gjort i kulissene før ei mellomalderbygning i Stein kunne reisast. Bygghyttene tok seg ikkje nødvendigvis berre av sjølv arkitekturen, men og det store forarbeidet som blei gjort før ei bygning kunne reisast. Alt i frå planlegging av arkitektur og utsmykking, frakting og val av material, til å utføre arbeidet som både var fysisk, praktisk og kunstnarisk. Alt dette kan sjåast som unike delar i ei næringsverksemrd som i eit større perspektiv er grunnen til korleis arkitekturen blei som den er. At arbeiderane signerte arbeidet sitt, og ein finn det same merke både i Håkonshallen og i Nidarosdomen er

også ein faktor som visar kor mykje arbeid desse bygghyttene utførte og kva ”knowhow” dei representerte.

Det har og blitt tydeleg at arkitekturen ikkje berre blei til av estetiske årsakar, men og av funksjonelle, der ulike delar av bygninga skulle fungere til ulik bruk. Dette har ein blant anna sett, både når det kjem til dei ulike bruksfunksjonane i hallen, og at ei bygning som den andre steinhallen både skulle fungere som ei bygning i seg sjølv, men og som ein beskyttelse for Håkonshallen. Desse funksjonelle tendensane gjorde seg også synleg i tida etter at Håkonshallen blei reist, noko som eg har sett med tanke på kvelva med fleire funksjonar som blei satt inn etter brann, som både skulle vere eit berande element, men og som ei brannsikkerheit for bygninga. Ulike hendingar som brann som igjen førte til behovet for å bygge meir og å bygge om, viser også kor langvarig ein slik næringsverksemrd er, og kor omfattande denne type handverk er.

Når ein no har sett på Håkonshallen gjennom alle ledd i byggeprosessen, kan ein sjå dette i samanheng med mange ulike arbeidsplassar som har behøvd kunnskap om mange ulike handverksteknikkar. Vi har både arkitektur, muraryrke, steinhoggaryrke og kanskje også eit eige yrke som stod for å frakte all steinen til byggeplassen, både til fots og til sjøs, og dermed kan ein seie at denne næringsverksemda har vore så stor at det er vanskeleg fatte, og at vi kan takke bygghyttene for deira kunnskap, handverk og arbeidskraft, for at vi fortsatt i dag, har ei solid og historisk bygning som Håkonshallen intakt.

Gjennom denne forma for næringsverksemrd, har bevisstgjeringsa om at historia bak ei mellomalderbygning i stein, er mykje meir enn berre arkitekturen ein ser med det blotte auge, men at bygninga like mykje er eit vitnesbyrd på ulike eigenskapar med handverk og hardt arbeid, både fysisk og kognitivt.

Korleis arva etter arbeidet som dei ulike bygghyttene utførte blei forvalta og dokumentert gjennom ein ny form for næringsverksemrd som hadde arkitekturen til Håkonshallen som arbeidsfelt, vil eg no sjå nærmare på, då ein ny næringsverksemrd med nytt handverk gjorde seg gjeldande ved Håkonshallen i ei ny epoke. Dette var kunstnarar og arkitektar, som avbilda Håkonshallen ut i frå ulike formar for arbeid, og skapte dermed eit nytt ljós på Håkonhallens arkitektur.




Fig.4: Nyborg, A, 2018, oversiktsbilde av Håkonshallen i forhold til den andre steinhallen og Vågen



Fig.5: Dybvikstrand Eidem, O.K, 2022, *Ruinane av den andre steinhallen*



Fig.6: Dybvikstrand Eidem, O.K, 2022, *det store hallrommet i Håkonshallen*



Fig.7: Dybvikstrand Eidem, O.K, 2022, *høgsete* i Håkonshallen



Fig.8: Dybvikstrand Eidem, O.K, 2022, *musikktribune i Håkonshallen*



Fig.9: Dybvikstrand Eidem, O.K, 2022, original steinbenk frå Håkonshallens mellometasje



Fig.10: Dybvikstrand Eidem, O.K., 2022, underetasjen, med ljos frå små vindauge/kvelva



Fig.11: Dyvikstrand Eidem, O.K, 2022, *Inngang til gonger i muren bak høgsetet*

Kapittel 3

Med Håkonshallen som motiv: næringsverksemder med visuelle framstillingar av arkitektur som handverk, sett gjennom J.C Dahls arbeid

3.1 Innleiing til kapittel

Håkonshallen har vore rikt omtalt både i faglitteratur, og i andre skrivne kjelder som omhandlar hallen. Gjennom desse kjeldene har det skriftleg blitt formidla kunnskap om både Håkonshallens historie og arkitektur. Håkonshallen er i tillegg til å vere godt omtalt i skriftlege kjelder, også vel dokumentert gjennom visuelle framstillingar som har hatt ulike kontekstar og bruksfunksjonar. Dette spenner seg heilt i frå kopparstikk på 1500-talet til romantikkens malarkunst på 1800-talet gjort av kunstnarar, til sirlege og saklege oppmålingsteikningar gjort av arkitektar på same tid. Gjennom alle desse visuelle framstillingane, har det kome både mektige men og konkrete tolkingar av Håkonshallens arkitektur og nærliggande topografi. Dette har ført til at både Håkonshallen og nærliggande område har blitt dokumentert, og gitt rom for kunnskap om hallens arkitektur til nye generasjonar, og på denne måten skapt ein eigen form for næringsverksemder handverket har vore dei visuelle framstillingane. Desse har kunna blitt nytta på ulik måte i ulike nye arbeidsprosessar og til å kunne diskutere Håkonshallens arkitektur i ettertid. Eit eksempel på dette er bruken av den fyrste visuelle kjelda eg kjenner til som avbildar Håkonshallen, nemleg kopparstikket *Scholeusstikket* som blei laga av Hieronymous Scholeus på slutten av 1500-talet. Dette stikket blei brukt både som inspirasjon under Håkonshallens restaurering på 1800-talet, og har vore i sentrum for fleire ulike diskusjonar om tidlegare arkitektur i Håkonshallen. Denne Næringsverksemda var også stor, der historia om kvifor kunstnaren eller arkitekten har avbilda akkurat Håkonshallen, ofte baserar seg på omfattande arbeidsprosessar med fleire ledd, både innan restaureringar og bygningsvern. Kapittelets eksempel på dette, er kunstnaren Johan Christian Dahl (1788 – 1857) som ein på mange måtar kan kalle ei drivkraft for denne næringsverksemda. Han hadde nokon heilt klare tankar om Håkonshallen, som og kjem til syne gjennom arbeidet has. Dette visar seg også gjennom fleire skisser som Dahl oppbevarte i si private skissesamling på over 800 skisser av både han sjølv og av andre. Denne ligg i magasinet til KODE kunstmuseer og komponisthjem i Bergen.

Dette kapittelet er ei bearbeiding av tidlegare innlevert tekst til emne i kunsthistorie KUN321 Vårsemesteret 2018, etter avtale med rettleiar og Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium.

Dahls arbeid i denne næringsverksemda, har derfor eit omfang som baserer seg på fleire ulike perspektiv i ein og same næringsverksemde. Heilt i frå dei ulike visuelle kjeldene som framstilte Håkonshallens arkitektur, til den praktiske bruken og diskusjonen om arkitekturen gjennom dei.

For å forstå arkitekturens framstilling og behovet for dei visuelle kjeldene, vil eg no ta for meg korleis situasjonen var for Håkonshallens arkitektur før restaureringa på 1800-talet, og delar av restaureringa som var sentral når det kom til større endringar av arkitektur og behovet for visuelle framstillingar på bakgrunn av dette.

3.2 Håkonshallens restaurering på 1800-talet

Årsaken til at Håkonshallen blei restaurert var fordi at etter mellomalderen så reiste kongefamilien frå Noreg, noko som førte til at Håkonshallen stod igjen og blei i ein forfallen tilstand, særleg fordi den då blei brukt som militært kornmagasin. Vihovde fortel at hallen blei nytta som kornmagasin frå 1500-talet, og namnet på området som hallen ligg på, endra seg også då frå Holmen til Bergenhus (Vihovde, 2011, s.102). Fischer kan også fortelje at hallen blei brukt som kornmagasin heilt fram til 1869 (Fischer, 1980, s.113).

Mellomalderarkitekturen blei derfor sterkt råka av dette og Vihovde fortel at hallen faktisk stod utan tak i ein periode. I tillegg blei det og skifta tak på hallen fleire gonger, før den enda opp med eit valmtak, som også var på bygninga på slutten av 1800-talet (Vihovde, 2011, s.102).

Trebbi fortel at restaureringa for å sette hallen i stand igjen, blei satt i gong i 1873 av arkitekt Christian Christie. I år 1880 tok arkitektane Peter Blix og Adolph Fischer over arbeidet.

Ifølgje Trebbi så var dei gode arkitektar, men dei mangla kompetanse når det kom til restaurering av større mellomalderbygningar i stein. Han fortel at det derfor blei nødvendig å hente kunnskap frå Europa og då spesielt Frankrike, då dei hadde restaurert sine eigne øydelagde mellomalderbygningar. Trebbi visar derfor til at den franske arkitekten og arkitekturteoretikaren Eugene Viollet-le-Duc (1814-79) blei ein viktig person når det kom til innflytelse på restaureringar i Europa. Dette fordi at han hadde nokon heilt klare meiningar om restaurering av mellomalderbygg, og han hadde utarbeida nokon reglar som han meinte bygningane burde bli restaurert ut i frå. Desse reglane gjekk ut på at ei bygning med historisk tyding, skulle behalde mest mogleg autentisitet, der alt av nyare arkitektur frå seinare tid burde bli tatt bort (Trebbi, 2013, s.158). Likevel peiker Trebbi på at det var viktig at bygninga

skulle stå fram som ei ferdig mellomalderbygning, og at det på grunn av dette var lov å innføre nye arkitektoniske element på delar av bygninga for å skape eit ferdig resultat, men at det var viktig å ikkje gjere grep som førte til arkitektur frå andre mellomalderbygningar i restaureringa. Trebbi peiker på at dette ikkje alltid blei utført i praksis, då Viollet le –duc ved fleire høve jobba ut i frå ei bygning utan å vite korleis arkitektur den originalt hadde hatt, noko som igjen skapte ein heilt ny form for arkitektur. Dette fordi han då tok utgangspunkt i arkitektur frå ei bygning som han igjen vidareførte til ei anna bygning, som igjen førte til at bygningane enda opp med ein ny arkitekturstil med material som ikkje originalt hadde vore der (Trebbi, 2013, s.159).

Trebbi visar også til at dette også gjorde seg gjeldande under restaureringa i Håkonshallen, då fleire delar av arkitekturen som blei innført her ikkje hadde vore der når hallen blei reist, og at denne restaureringsideologien derfor viste seg i stor grad (Trebbi, 2013, s.165-166). Eit eksempel på dette var blant anna rosevindaugen i toppen av gavlen som ikkje originalt hadde vore der. Dette blei plassert med delvis hell, då bygningskonstruksjonen innvendig av hallen, førte til at store delar av vindaugen blei dekka utan sikt. Ifølgje Trebbi, så fantes det ikkje prov for at det originalt har vore vindaug av denne typen på Håkonshallen, og han visar til at ei hypotese over kvifor vindaugen blei satt inn, var for å skape ei sakral stemning i hallen (Trebbi, 2013, s.165).

Det blei og satt inn eit trappehus på same side som rosevindaugen, som Trebbi hevdar var fantasifult konstruert (Trebbi, 2013, s.166). Fischer fremmar og denne teorien, då han peiker på at eit trappehus som eventuelt originalt hadde vore der i mellomalderen, ville ha vore utforma med at det hadde gått ei trapp oppover gavlen, med eit enkelt tak over (Fischer, 1980, s.115). Hallen fekk i tillegg også nye trappegavl under restaureringa, og Trebbi peiker også på at fordi hallen originalt hadde ein engelsk arkitekturstil, så blei dei nye trappegavlane kritisert for ikkje å passe inn med Håkonshallens originale mellomalderarkitektur, då dei ikkje harmoniserte med denne type arkitektur (Trebbi, 2013, s.165-166). Gavlane blei nemleg satt inn som følgje av korleis dei var framstilt i *Scholeusstikket*, og Ifølgje Hommedal blei gavlane kopiert i restaureringa, gjennom observasjonane av korleis dei var framstilt i stikket (Hommedal, 2013, s.29).

Når det kjem til *Scholeusstikket* så er det ikkje datert, men ifølgje Harris, er det mykje som tydar på at kopparstikket er basert på fleire skisser frå Bergen rundt 1580-81, og at stikket

truleg derfor blei laga på den tida (Harris, 2011, s.82). Fischer fremmer også at det må ha vore vanskeleg å finne andre teoriar enn *Scholeusstikket* når det gjaldt korleis dei originale gavlane hadde sett ut, og at på grunn av forfallet som råka hallen bygninga på 1400-talet, fantes det for lite kunnskap til at ein kunne hevde at gavlane på stikket var originale. Fischer fremmar likevel at denne type gavlar kunne ha vore på hallen før forfallsperioden, men at det var gavlanes utsmykking ein ikkje hadde nok kunnskap om, og at dette derfor blei gjort ut i frå fantasi under restaureringa (Fischer, 1980, s.114-115). I tillegg så blei også murane behandla med puss under restaureringa, og stod fram som polerte utan tydelege bygningssteinar (Fischer, 1980, s.12).

Vihovde fremmar også at i all hovudsak så var 1800-talets restaurering eit utfordrande arbeid, då det hadde blitt gjort ein god del endringar på bygningas murar etter at hallen blei reist, med få konkrete spor av original arkitektur, noko som gjorde restaureringa vanskeleg (Vihovde, 2011, s.107). Til trass for dette fremmar Fischer og, at undersøkingar av Håkonshallen gjort av Blix i forbindelse med restaureringa, og førte til at det kom fram ny og viktig informasjon om bygningsarkitekturens historie ved hallen (Fischer, 1980, s.115).

I fig.12, ser ein korleis gavlane er framstilt i *Scholeusstikket*, og korleis dette hadde vore eit førebilete for arkitekturen som gavlane skulle få under restaureringa på 1800-talet. I fig.13, ser ein eit fotografi av Håkonshallen som synar korleis det mellomalderinspirerte trappehuset enda opp med å bli, medan ein i fig.14 ser resultatet over korleis gavlane enda opp med å bli etter restaureringa og utsmykkinga av dei. I tillegg ser ein og rosevindaugen som blei satt inn øvst oppe i gavlen såg ut, også korleis murane stod fram som polerte og pussa.

Så med tanke på korleis denne restaureringa gjekk for seg, korleis enda den opp med å vere eit resultat av eit ledd i ei større næringsverksemد som baserte seg på visuelle framstillingar av Håkonshallen, gjort av både J.C Dahl og fleire andre? og korleis utspelte næringsverksemda seg gjennom ulike tilnærmingar til handverk og gjennom ulike arbeidsprosessar?



Fig.12: Nyborg, A.I (2022) Kopi av Scholeusstikket



Fig.13: (Schumann Olsen, O. (ca 1920 – 1939) *Håkonshallen*




Fig.14: Atelier KK. (ca.1925-1935) *Bergen: Håkonshallen*

3.3 Næringsverksemda gjennom J.C Dahls arbeid med Håkonshallen

Johan Christian Dahl (1788 – 1857) var frå Bergen, og er kjend som ein av dei mest tydingsfulle kunstnarane i Noreg, gjennom sine landskåpsmaleri med svært realistiske framstillingar av natur og landskåp. Kunsten hans førte og til at han blei ein av dei fyrste norske kunstnarane som blei kjende internasjonalt (Lødrup Bang, 1987, s.15). Ifølgje KODE kunstmuseer og komponisthjem, så byrja og Dahl si karriere som handverksmålar i Bergen og gjekk frå dette til å bli ein av dei mest tydingsfulle kunstnarane innan romantikken i Europa (KODE kunstmuseer og komponisthjem, u.å.).

I tillegg til malarkunst fortel Vihovde at Dahl også hadde ei stor interesse for historiske bygningar. Gjennom studietida som han hadde i Tyskland, dyrka han denne interessa og var aktivt medlem i fleire grupper som arbeida for vern av eldre bygningar. Vihovde visar til at dette var ein trend som byrja omkring 1820-talet, med eit hovudfokus på å fremme kunnskap om mellomalderbygningar og verdien dei hadde. Dette var kunnskap som Dahl vidareformidla til Noreg, med ynskjer om å gjere liknande tiltak for dei norske mellomalderbygningane (Vihovde, 2011, s.104). Kunnskapen om vern som Dahl fekk gjennom studietida si, førte og til at han var ein av fleire kunstnarar som var med på å starte opp Noregs eiga fortidsminneforening i 1844 (fortidsminneforeningen, u.å.).

Vidare fortel Vihovde også at Dahls arbeid med bygningsvern i Noreg, utspelte seg gjennom tilstanden ein del av Noregs mellomalderbygningar var i, og tankane han hadde om nokon av dei, då det fantes fleire forfalne mellomalderbygningar i Noreg på 1800-talet (Vihovde, 2011, s.103). Trebbi fremmar også at Håkonshallen som var ei av desse forfalne bygningane derfor også blei oppdaga som ei tydingsfull bygning vært å bevare, i tillegg til at det var mangel på eit monument som kunne vise til nasjonal symbolikk i Noreg og at Dahl hadde fremma at dette var ei rolle Håkonshallen kunne få, berre den blei satt i stand og restaurert (Trebbi, 2013, s.157-158). Vihovde fremmar også dette, da ho peiker på at etter at Noreg fekk si eiga grunnlov i 1814, så kjente folket på eit behov for å vise fram og bruke den norske kulturen meir. Vidare fortel ho at dette talte for mellomalderbygningane sin fordel, då det var eit ynskje om å ta vare på desse, som eit symbol på norsk byggekunst og kulturelle verdiar (Vihovde, 2011, s.104). Derfor fanga Håkonshallen med sin slitne arkitektur, Dahl og venen has Lyder Sagen si interesse når dei utforska området under ei reise til Noreg i 1839. Dahl meinte at Håkonshallen nok hadde vore ein kongeleg hall i mellomalderen og byrja deretter å arbeide med hallen gjennom å dokumentere både den og området, gjennom visuelle

skildringar i form av skisser og maleri. Han veklagde både dåverande arkitektur, men og slik som han meinte den originale arkitekturen hadde vore i sine visuelle framstillingar (Vihovde, 2011, s.104). Dahl hadde og nokon heilt klare ynskjer for restaureringa sett ovanfor i dette kapittel, og han var kritisk til korleis nokon arkitektar valte å behandle arkitekturen på mellomalderbygningane, då han meinte dei hadde for lite kunnskap om dei ulike stilperiodane. Derfor fremma han at arkitektane burde vente med dei mest omfattande delane av restaureringa til ein fekk nok kunnskap, og at hallen burde settast i stand så originalt som mogleg med dei kvalitetane som hallen allereie hadde og hadde hatt. Ifølgje Vihovde var likevel visjonane han hadde for at Håkonshallen skulle stå fram som ein kongehall store, og at ynskja han hadde for ei restaurering og kunne justerast på, om dette var mogleg å realisere (Vihovde, 2011, s.105).

Tankane til Dahl om Håkonshallens arkitektur etter at han oppdaga den, førte til ei vidareutvikling av næringsverksemda som først baserte seg på arbeid med å fremme fortidsvern, til produksjonen av ulike visuelle framstillingar som viste fram arkitekturen i Håkonshallen.

Vihovde fortel derfor at i vidareutviklinga av arbeidet med Håkonshallen, førte dette til at Dahl i 1841, fekk eleven sin, som var den tyske malaren og arkitekten Franz Wilhelm Schiertz (1813-1887), til å måle opp hallen gjennom ulike teikningar (Vihovde, 2011, s.104), og ifølgje Fischer blei desse oppmålingsteikningane gjort blant anna i 1836, 1841 og 1846 (Fischer, 1980, s.113). Harris fortel også at det blei skapt enda fleire oppmålingsteikningar i 1854, med enda meir dokumentasjon over hallens arkitektur. Dette blei gjort på oppdrag av Fortidsminneforeninga, og det var ingeniør Georg Andreas Bull (1829-1917) som fekk oppdraget. Ifølgje Harris gjorde han eit omfattande oppmålingsarbeid, gjennom over hundre oppmålingsteikningar av Håkonshallen (Harris, 2011, s.96). Bull hadde også ifølgje Torvanger ved Norsk biografisk leksikon blitt lært opp gjennom undervisning i teikning av Schiertz i åra 1843-45 (Torvanger, 2009).

3.4 Håkonshallens arkitektur i ljós av dei visuelle framstillingane

Haugland Sørensen har tatt for seg kva syn det kunne sjå ut til at Dahl hadde på Håkonshallen når han arbeida med den. Ho peiker på at Dahl hadde definert Håkonshallen som eit ”verk”, og at han derfor var opptatt av korleis hallen skulle stå fram estetisk, kanskje like mykje som han var opptatt av det historiske perspektivet. Haugland Sørensen skildrar derfor at: ” Det er i

dette krysspunktet mellom historie som fakta og historie som en estetisk opplevelse vi kanskje kan finne det som kan kalles Dahls historiske landskap. Med dette menes hvordan Dahl forholder seg til og velger å skildre historiske minnesmerker, og hvordan hans kunst også kan leses som å ha en historisk horisont som komplementerer hans arbeid med naturstudier og romantiske ideer om det skjonne og sublime. I den sammenhengen kan det være nyttig å nærme seg Dahl i grenseoppgangene mellom hans virke som maler, og hans pionerarbeid for bevaring av historiske bygg og minnesmerker” som ho legg fram Håkonshallen som døme på (Haugland Sørensen, 2018, s.95). Desse tankane i ljos av Dahls arbeid som baserte seg både på fortidsvern men og gjennom å skape kunstverk, gjer maleriet *Bergens Våg* gjort av Dahl i 1834 (fig.15) til eit interessant objekt.

I dette maleriet som har tittelen *Bergens våg*, ser ein eit av dei tidlegare arbeida som Dahl gjorde ved Håkonshallen. Maleriet avbildar både Håkonshallen, Rosenkrantztårnet og ein stor del av nærliggande miljø. Gjennom dei lyse fargane på bygningane, kjem desse godt fram og tar ein sentral plass i maleriet, medan dei andre bygningane som ikkje er plassert på Bergenhus, er i mindre ljose fargar og meir anonyme. I tillegg dannar Håkonshallen og bygningane rundt, eit slags sentrum av maleriet, omkransa av ein dramatisk himmel og båtar som seglar på sjøen som er reflektert frå himmelen. Arkitekturen på Håkonshallen står fram som ei bygning med lite utsmykkingar, og utan dei omdiskuterte gavlane. I tillegg så er det ein utstikkar oppe på bygninga, som visar til Håkonshallens bruk som kornmagasin, ein arkitektur som er både passande og naturleg, då dette maleriet var skapt lenge før restaureringa.

Vidare er det interessant å sjå teikninga i fig.16 som blei til 5 år etter, opp mot *Bergens våg*. Dette var eit år der Dahl skapte fleire visuelle framstillingar av Håkonshallen, og denne teikninga utan fargar, har store likskapar til fig.15, spesielt gjennom korleis bygningane er framstilt. Den største endringa er korleis nærliggande topografi tilsynelatande er meir detaljert i fig.16. Ifølgje Hommedal blei fig.16, lagt med i eit skriv frå Dahl og Sagen, til *Urda*, som var Bergens Museum sitt eige tidsskrift, for å vise til korleis arkitekturen på Håkonshallen såg ut på dåverande tidspunkt med sin bruk som kornmagasin. Dei skildra også i same skriv tankane sine, om at dei meinte at dette måtte ha vore kongehallen i frå mellomalderen, og korleis dei trudde at hallen originalt hadde sett ut (Hommedal, 2013, s.19).

Ein ser og likskaper i arkitektur, når ein ser på korleis den er framstilt i Håkonshallen og Rosenkrantztårnet i fig. 15 og 16 opp i mot skissa av Rosenkrantztårnet i fig.17. Denne ligg i Dahl si private skissesamling, og er signert av Schiertz, med ein dato som kan sjå ut til å vere 1836. Det er her påfallande kor likt arkitekturen på tårnet er framstilt i fig.15, 16 og 17, både gjennom takets utforming, vindauga og den enkle utsmykkinga. Haugland Sørensen, har og tatt for seg ei liknande skisse med liknande kvalitetar som i fig. 15,16 og 17, som skildrar same motiv (fig.23). Sørensen har nokon heilt klare tankar om Dahl sin skisseteknikk, og ho fremmar at skissene has kunne minne om arkitektteikningar, og at dette var ein teknikk han var god på. Vidare peiker ho og på at skissene has kunne sjåast frå to ulike perspektiv, der ein på den eine sida kunne sjå dei som ei rein framstilling av det Bergenske landskapet og by, medan ein på den andre sida kunne sjå dei ut i frå eit perspektiv som baserte seg på bygningsdokumentering som skulle vise til mellomalderbygningane og korleis plassering dei hadde i forhold til nærliggande topografi. Ho fremmar og at Dahl gav bygningane ein dominante plass i skissa, og styrkar derfor teoriane sine gjennom dette. Vidare skriv ho at: Heller enn å definere skissen som enten/eller – enten bybilde eller dokumentasjon – er det mulig å se den som en skildring av et historisk landskap. Skissen gjør det mulig for en betrakter å bli oppmerksom på de ulike minnesmerkene med sine historiske fakta, samtidig som en kan oppleve landskapet fra en estetisk vinkel” (Haugland Sørensen, 2018, s.96).

Desse tankane til Haugland Sørensen er og med på å tydeleggjere kvifor Dahl har avbilda arkitekturen og området som han har gjort. Derfor blir det også viktig å trekke fram at Dahl også kan ha tatt nokon val som baserte seg meir på kunstnariske fridom heller enn på rein arkitekturdokumentasjon, og dette kan ifølgje Vihovde sjåast gjennom dei visuelle framstillingane han i frå 1840., som Dahl blant anna fekk publisert i Urda. Vihovde fremmar at arbeidet hadde manglar når det kom til framstilling av arkitektur gjennom at: ”På den tid forelå det ingen bygningsmessige undersøkelser, og ut i fra dagens viten er det mange feil i hans utredning og tegninger (Vihovde, 2011, s.104).

Derfor blir dette eit interessant aspekt, med tanke på balansepunktet mellom arbeidstittelen han som kunstnar og arbeidet han også gjorde for å formidle og dokumentere arkitektur. Like viktig som dei faktiske visuelle framstillingane her, kan derfor og vere tankane bak dei, og kva syn Dahl hadde på arkitekturen og kva ynskjer han hadde for framstillinga av arkitekturen i Håkonshallen.



Fig. 15: J.C Dahl (1834) *Bergens våg*



Fig.16: Bilete tatt frå: S.19 i boka: *Håkonshallen 750 years royal residence and national monument*, kapittel: *King Håkon's hall and its authenticity* skrive av A. Hommedal. *J.C Dahl's teikning av Bergenhus*



Fig.17: Nyborg, A. (2018) Skisse av Rosenkrantztårnet




Fig.23: (Fosse, D. (u.å.) Bilete tatt frå s.94 i boka: Naturens kraft, Kapittel: Dahl og det historiske landskapet, skrive av Haugland Sørensen, A. Skisse av Håkonshallen og Rosenkrantz-tårnet. Merket "No.4".

Vidare ser ein i fig.18 enda ei skisse i frå samlinga til Dahl. Denne er usignert og framstiller Håkonshallen. Her er det tydeleg å sjå at det har blitt eksperimentert litt med penselen i form av ulike strøk og fargar. Eit interessant aspekt med denne skissa er og det vesle utbygget ein kan sjå på skissas høgre side av bygninga. Dette kan sjå ut til å vere framstillinga av eit trappehus, og det blir dermed logisk å tenke seg at dette kan vera det enkle trappehuset som Fischer referer til ovanfor, i kapittelets del om restaureringa. Trappehuset er vertfall heilt ulikt det nye trappehuset frå 1800-talet, så ei hypotese blir om det er ei eiga tolking av eit trappehus, enten slik det var i mellomalderen si tid, eller kanskje eit forslag til eit nytt trappehus. Om dette skulle vere eit forsøk på å vise til korleis eit potensielt trappehuset hadde sett ut, blir vertfall denne teorien styrka, gjennom Fischers hypotese om at det må ha vore eit trappehus i mellomalderen eller i tida etter, då det har blitt vist til at det finst spor av ei dør på Håkonshallens vegg, og dermed må ein ha fått ei form for trapp for å kome seg opp til akkurat denne døra som har vore der.

Vidare er det interessant å sjå likskapen som fig.18 har til ei skisse gjort av Bull i 1854 (fig.19). Dette ser ein spesielt gjennom korleis vindauge er skissert fram, både med tanke på form og ljossetting og skuggelegging i dei. I tillegg er det same type vinklar i arkitekturen omkring trappehuset, og ein ser korleis sprekkene i murane nærmast er identiske i dei to skissene. Derfor blir det ei naturleg hypotese om det er Bull som har laga fig.18 også. Ein anna teori er om skaparane av dei visuelle kjeldene, berre var så gode på å teikne ned akkurat det dei såg, og at det var derfor dei ulike verka blei så like, som igjen styrkar teorien om ein korrekt framstilt arkitektur. Fischer fremmar og at akkurat desse vindauge i vestfasaden av hallen som er framstilt i Bull si skisse, var under arbeidet med restaureringa i så god stand at det blei mogleg å restaurere dei så autentisk som mogleg (Fischer, 1980, s.115). Noko som er med på å styrke teorien om at Bull si oppmålingsteikning er gjort på ein korrekt måte. Denne tanken blir og styrka, gjennom Hommedal som skriv at i dei ulike skissene av vestfasaden si vindaugsrekke frå den tida, visar alle til at det var sju vindauge i dei ulike etasjane, med spor av tidlegare vindauge lengst nede i muren. Derfor hevdar og Hommedal at den bevarte tidlegare arkitekturen, gav eit godt uttrykk over arkitektur før restaureringa og korleis den blei ivaretatt under restaureringa. Derfor fremmar han at vindauge hadde eit godt utgangspunkt til å bli korrekt restaurert (Hommedal, 2013, s.31).

Vidare ser ein i fig.20 korleis Håkonshallen er framstilt gjennom nok ei skisse frå Dahls skissesamling. Igjen ser ein nokon klare trekk som har parallellear til dei andre skissene, men

denne skissa her er meir stramt utført. Heile bygninga har kome med og skissa har tydelege og klare linjer. I motsetning til korleis vindauga er framstilt i fig.18 og fig.19, kan det sjå ut til at det er ei mindre mengder vindauge her. Det kan og sjå ut til å vere ei forsiktig skissering av eit trappehus i denne skissa, men at den kjem mindre fram enn i fig.18 og 19. Denne skissa har og nokon sentrale likskapar til korleis Dahl framstilte Håkonshallens arkitektur i sine verk frå 1834 og 1839 som sett i fig.15, 16 og 23.



Fig.18 (Bakke, J (2018). *Skisse av Håkonshallen*




Fig.19: Bilete tatt frå: S.115 i boka: *Norske kongeborger bind 2*, skrive av Fischer, D og Fischer, G. *Bulls oppmåling av hallen, ca 1850*



Fig.20: Bakke, J. (2018) *Skisse av Håkonshallen*

I Dahl si skissesamling, finn ein og denne namnlause skissa i fig.21 som framstiller vindauger frå Håkonshallen. Denne er interessant, fordi den har nokon kvalitetar som gjer den svært lik ei skisse som igjen er gjort av Bull som ein ser i fig.22. Hommedal peiker på at i denne skissa til Bull som er i frå 1854 (fig.22), så visar den vindaug som var i nordre gavlen, og han fremmar at Bull gjennom si skisse, hadde klart å tydeleggjere vindauga som var i murverket og funnet vesentlege trekk ved bygningshistoria. Og at ein gjennom desse spora i tillegg til andre undersøkingar som blei gjort under restaureringa, kunne restaurere desse vindauga basert på relativt sikre kjelder om korleis dei hadde sett ut (Hommedal, 2013, s.34).

Her ser ein korleis modelleringa av vindauga i både fig.21 og fig.22 er nesten identiske, med den same runde utsmykkinga omkring vindauga og i små detaljar. Det ser og ut til å vere like dimensjonar og like formar på vindauga. Den største forskjellen er at det i fig.21 er sprossa vindaug medan det i Bull si skisse i fig.22 ikkje er det. Likskapen er totalt sett likevel så stor, at det er ei klar hypotese at Bull også har laga skissa i fig.21 og at han gjorde ei utprøving i fig.21 før han enda opp med resultatet i fig.22. Ein anna teori blir igjen om dei jobba med dei visuelle framstillingane på ein så lik måte, at dei ulike arbeida derfor enda opp med å bli svært like.




Fig.21: (Nyborg, A. (2018) *Skisse av vindauge på Håkonshallen*




Fig.22: Bilete tatt frå: S.34 i boka: *Håkonshallen 750 years royal residence and national monument*, kapittel: *King Håkon's hall and its authenticity* skrive av A, Hommedal. *Restar av den bogeforma støypinga, og vindauge i nordgavlen på Håkonshallen (1854)*

3.5 Drøfting av tema i dette kapittel

Gjennom å sjå på korleis *Scholeusstikket* som ei visuell kjelde konkret blei nytta i restaureringa, seier dette noko om verdien og makta dei visuelle framstillingane av Håkonshallen har hatt. Dette både gjennom informasjonen dei har gitt om arkitektur, i tillegg til kor mykje ein har lent seg på informasjonen avbildingane gir. At *Scholeusstikket* blei nytta på denne måten som den første visuelle kjelda ein kjenner til av Håkonshallen, blir ståande som ein symbolikk for denne type næringsverksemd og seier og noko om mangfaldet ein slik type næringsverksemd kunne ha. Gjennom studia av denne næringsverksemda med Dahls arbeid som hovudeksempel, visar dette til ein større næringsverksemd enn fyrst antatt, med mange fleire ledd. På ein måte kan ein sjå på handverket gjort i dei visuelle kjeldene som ein eigen næringsverksemd, i ein anna næringsverksemd som omhandla både restaurering,

fortidsvern og malarkunst. Dahl si rolle i denne næringsverksemda strakk seg nemleg lenger enn å avbilde Håkonshallen gjennom ulike visuelle framstillingar, der tankane og handlingane bak har vist seg å vere vel så viktig. Dette gjer seg synleg gjennom Dahls interesse for fortidsvern, som førte til ei ny interesse for Håkonshallens mellomalderarkitektur som igjen førte til at hallen blei brukt både som motiv i kunst, noko som og førte til nye diskusjonar og lærdom om hallen, som igjen førte til nye arbeidsplassar gjennom eit større oppmålingsarbeid og restaurering.

I tillegg ser ein og korleis samarbeidet i næringsverksemda kunne vere, gjennom opplæring av kvarandre og balansepunktet mellom kunst som ei næringsverksemde og arkitektur som ei næringsverksemde. Med dette meiner eg Dahl si rolle i denne næringsverksemda som kunstnar, og som nok hadde eit naturleg instinkt om å framstille spektakulære malerier, samstundes som han skulle skildre arkitekturen slik som den var, for å mest mogleg kunne dokumentere den korrekt. Som eg og har sett ut i frå Haugland Sørensen si definering over korleis Dahl jobba, har eg og sett at denne defineringa passar til mine eigne dømer. Dette er også med på å syne eit enda større omfang av denne næringsverksemda, då den i tillegg til å skulle produsere visuelle framstillingar til dokumentasjonsformål av hallen, og var med på å skape kunst, der det også fantes noko midt i mellom, som til saman skapte ein breisspektra næringsverksemde med utføring av eit handverk som hadde til felles å syne arkitekturen i Håkonshallen gjennom ulike arbeidsprosessar.

Uansett så har ein og sett at i dei ulike sjangrane av visuelle kjelder heilt i frå 1500-talet og fram til 1800-talet, så har ein blitt nøydt til å stole på det ein såg gjennom framstillingane av arkitekturen. Og ettersom at fagpersonar etterkvart har fått meir kunnskap om hallen gjennom utgravingar og restaureringar, kunne ein fortsatt ha nytte av dei visuelle kjeldene, gjennom å tydeleggjere eller avkrefte tankar om tidlegare arkitektur. Håkonshallen som fekk sine gavlar basert på *Scholeusstikket* er eit godt eksempel på dette, og som Vihovde nemnar, at det i seinare tid har kome fram at Dahl sine visuelle framstillingar innehaldt ukorrekt dokumentasjon av arkitektur. Her vil jo og tiltenkt bruk av dei visuelle kjeldene seie noko om fakta og relevans. Med dette meiner eg at for eksempel *Scholeusstikket* truleg ikkje var tiltenkt som arkitektoniske oppmålingsteikningar som for eksempel det Bull sine var og Dahl var trass alt ein dyktig malekunstnar men ikkje arkitekt, sjølv om han ifølgje Haugland Sørensen og var god på arkitekturteikningar. Likevel vil eg hevde at desse visuelle kjeldene er verdifulle på same måte som konkrete oppmålingsteikningar, og at ein takka vere Dahls

arbeid og handverk i denne næringsverksemda, har mange spor og dokumenteringar om Håkonshallens arkitektur som ikkje ville ha vore der om det ikkje hadde vært for han.

Likskapen fleire av dei visuelle kjeldene har hatt til kvarandre seier og noko om truverdigheit, og gjennom dette kapittelets bildedømer, ser ein fleire like trekk. Blant anna denne utstikkaren på Håkonshallen, konturane til eit anna trappehus enn det frå restaureringa, tak, utsmykking og vindauge. Eit interessant tema for ei framtidig studie kunne ha vore kartlegginga over kvifor Dahl oppbevarte akkurat dei skissene som han gjorde i si samling, med hypotesen om eit mogleg større samarbeid mellom Dahl, Schiertz og Bull og kanskje omfanget av ei enda større næringsverksemde. Eit sentralt spørsmål her, vil vere kvifor Dahl eventuelt oppbevarte skisser gjort av både Bull og Schiertz i si samling, og om at dette kan ha stamma i frå eit enda tettare samarbeid enn det som har kome fram, eller om dei berre skapte veldig like visuelle framstillingar fordi dei var dyktige i sitt fag. Over ti år skiljar nokon av arbeida til Dahl og Bull sine oppmålingsteikningar, og nokon av dei konkrete fakta som eg veit i dag, er at Schiertz var eleven til Dahl, og Bull blei undervist i teikning av Schiertz.

Dette igjen visar og korleis omfanget av denne næringsverksemda strakk seg gjennom fleire år, og at den gjer seg synleg på fleire plan. Dette gir og eit enda større rom for å diskutere alle nyansane av denne næringsverksemda også i framtida. Viktigheita denne næringsverksemda har hatt for å forstå, avkrefte og bekrefte myter om arkitekturen på Håkonshallen, visar seg også stadig, gjennom å bli tatt fram i ljuset når ein skal diskutere arkitekturen, både av tidlegare generasjonar som var dyktige innan fagfeltet men og blant dagens generasjonar som stadig er på jakt etter nye arkitektoniske funn på Håkonshallens arkitektur.

Kapittel 4

Gerhard Fischers næringsverksemd, sett gjennom ulike tilnærmingar til arkitektur, handverk og arbeidsprosessar

4.1 Innleiing til kapittel

Ekspljosjonsulukka som råka Bergen i 1944, skapte store øydeleggingar på Bergen by, Håkonshallen og nærliggande bygningar. Dette førte til eit stort behov for ein næringsverksemd som kunne rydde opp og redde bygningane. Lyspunktet i denne tragiske hendinga, var derfor at den førte til ei unik moglegheit for å kunne lære meir om Håkonshallen og dei andre mellomalderbygningane i same område, og til å kunne få satt dei i så original stand som mogleg. Dette på grunn av at det ikkje var sjølvinnlysande kva arkitektur som var i original stand på Håkonshallen, då både ulike periodar og restaureringsarkitektar hadde hatt ulikt syn på det.

Ein av hovudaktørane i redningsarbeidet, var arkitekt Gerhard Fischer. Gjennom ein allsidig arbeidskompetanse innan relevante fagområdar og eigenskaper med å vere både grundig og dokumenterande, skapte han ein næringsverksemd som jobba for at bygningane skulle kome i så original stand som mogleg, og reddast på best mogleg måte. Dette både gjennom handverk som baserte seg på praktiske tiltak etter ekspljosjonsulukka til større bygningsarkeologiske undersøkingar, der han og jobba også for å finne nye svar på kva bruksområdar nærliggande ruinar kunne ha hatt.

Mykje av kunnskapen vi har om arkitektur og bygningsarkeologi på Håkonshallen i dag, stammar i frå næringsverksemda has. Til trass for dette, må det også nemnast at det har kome fram at nokon av hypotesane og funna has omkring mellomalderarkitekturen ved Bergenhus ikkje nødvendigvis stemmer. Likevel har Fischers arbeid likevel alltid vore, og er fortsatt svært viktige reiskap for både tidlegare og dagens generasjonar med nye næringsverksemder, som jaktar spor om mellomalderarkitektur ved Bergenhus. Dette gjennom at vegen for å finne nye svar, ofte visar seg å gå gjennom Fischers arbeid.

4.2 Gerhard Fischer

Hommedal fortel at Fischer blei fødd i Bergen, og levde frå 1890-1977. Han hadde fleire yrkestitlar og blei sett på både som mellomalderarkeolog, arkitekt og arkitekturhistorikar. Far til Gerhard Fischer, var arkitekten Adolph Fischer. Han hadde og to ekteskop, men for denne oppgåva, er det siste ekteskopet has, frå 1932, med Dorothea Stoud Platou som levde frå 1903-1992, mest relevant. Dette fordi dei i åra etter 1932 ofte samarbeida om ulike prosjekt, og dei jobba og saman ved Håkonshallen etter eksplosjonskulukka. Ho var og delaktig i å skrive *Norske kongeborgen bind.2*. Dorothea som gjekk under kallenamnet Tulla, hadde ein magistergrad i kunsthistorie, og hadde og ei museumsutdanning frå Norsk folkemuseum.

Ifølgje Hommedal var Fischer ein av dei fremste og beste innan mellomalderarkeologi i Noreg, samt på forskingsområde innan bygningshistorie og blei dermed rekna som ein pioner innan fagfelta sine gjennom mange år. Hommedal visar også til at han og var delaktig i arbeid med fleire av Noregs viktigaste og største steinbygningar frå mellomalderen, både kyrkjer og profane bygningar. Dette var arbeid som omhandla både mellomalderruinar i tillegg til bygningar som fortsatt var heile.

Vidare fortel Hommedal at Fischer sitt fagfelt, var ei blanding av arkeologi, arkitekturhistorie og vanleg historie, og at dette kom til uttrykk i korleis han forska på korleis ulike bygningsområdar hadde utvikla seg. Han hevdar også at Fischer faktisk aldri blei hundre prosent anerkjent innan fagmiljøet for arkeologi fordi: ”mellomalderen i Fischers tidlege samtid meir vart sett på som historikarane og kunsthistorikarane sin periode og dels som følge av den metodiske tilnærningsmåten Fischer som arkitekt hadde til faget. Som bygningsarkeolog stod Fischer både for tradisjonelle arkeologiske utgravingar og for analysar av ståande murverk og bygningsledd, der han metodisk sett utvikla og la stor vekt på oppmålingar bygd på koordinatsystem, i mindre grad på stratigrafisk kontekst med registrering av gjenstandsfunn. Fischers arbeidsfelt omfatta også konservering og restaurering av bygningar, altså eit antikvarisk arbeid. Fischer bar både som bygningsarkeolog og som arkitekturhistorikar preg av å vera ein oppdagar og innsamlar av data, og la i dei fleste framstillingane meir vekt på å presentera sjølve anleggets strukturelle historie enn å plassera det i ein større internasjonal kontekst” (Hommedal, A.T, 2009).

Når det kjem til kjeldene Fischer har skrive om sine arbeid ved dei ulike bygningane, peiker Hommedal på at han brukte ein folkeleg, og forteljande stil, som tok lesaren med på ei

vandring gjennom bygningane. Fischer skildra det han såg og hadde ei levande stemme i det han skreiv, og han var og kjent for å vere ein interessant person med stor utstråling.

Til trass for at han aldri heilt blei akseptert i det arkeologiske fagmiljøet, hevdar Hommedal at han var den største eksperten når det kom til mellomalderbygningar i stein i Noreg i si samtid, og at han hadde ein stor fagleg verksemd rundt seg, som vidareførte forskingsarbeidet med mellomalderbygningane vidare. Materialet og dokumentasjonen til Fischer var og svært viktig for å forstå og arbeide med mellomalderens ruinar og bygningars fremmer han. Omkring 1940, hadde ekteparet Fischer ifølge Hommedal toppen på si karriere, då dei arbeida på fleire av Noregs mest kjende mellomalderbygg, blant dei Stavanger domkyrkje, Ulstein kloster, Nidarosdomen og arbeidet som blei gjort på Bergenhus og Håkonshallen (Hommedal, A.T, 2009). Christie hevdar også at Fischer og Tulla sørga for at undersøkingar og kunnskap om mellomalderbygningane i Noreg, blei til eit eige fag som det blei ljós på at var eit viktig og interessant arbeidsfelt (Christie, 1990, s.14).

I sin sjølvbiografi skriv Fischer om sitt utdanningsløp, karriere og om sine interessefelt, og han fortel at han fekk auga opp for kunsthistorie allereie som barn, gjennom inspirasjon frå sin far. Vidare fortel han også at han hadde som ynskje å bli arkitekt, og at han byrja denne prosessen gjennom utdanning ved Bergen tekniske skole, der faren var overlærar og han tok sin avsluttande eksamen der i 1908. Vidare fortel han at han i 1912-13 tok utdanning på Håndverk og kunstindustriskolen i Kristiania for å forbete teiknekunnskapane sine, for å kunne kome inn på Kunstakademiet i København, noko han også klarte i 1913. Studiane her enda opp med å bli avbrotne, på grunn av krigen som førte til at Fischer blei kalla inn til militærteneste i Bergen.

Her fortel Fischer at han raskt blei kjent for kunnskapen han hadde med arkitekturteikningar, og dermed blei satt i oppdrag til å teikne ulike militære bygningar. Dette førte vidare til at han fekk eit arbeidstilbod frå ingeniørgeneralen i Kristiania i 1915, som førte til at Fischer flytta dit på grunn av ulike oppdrag han fekk der på bakgrunn av dette. Vidare fortel Fischer at han og fekk jobb på statsbanens arkitektkontor, noko som fekk stor tyding for hans karriere (Fischer, 1990, s.20). Han fortel vidare at dette var fordi at han i utgravingsarbeid i forbindelse med jernbanen, kom på sporet av ulike mellomalderbygningar (Fischer, 1990, s.21).

Når det kom til Fischers arbeid med mellomalderbygningane på Bergenhus, starta dette faktisk allereie før eksplosjonsulukka, nærmere bestemt i åra 1929 – 39, då han byrja arbeidet på området der Kristkyrkja skulle ha stått i mellomalderen (Fischer, 1980, s.18). Ved hjelp av tidlegare arbeid gjort av Blix, samt med hjelp av ulike billeter laga av området frå gammalt av, jobbar Fischers seg systematisk gjennom korleis det må ha sett ut (Fischer, 1980, s.19). Hommedal visar også til arbeidet som dei gjorde ved Bergenhus i 1929 (Hommedal, 2013, s.24). Han fortel at det under dette arbeidet, ikkje blei gjort nokon undersøkingar i sjølve Håkonshallen, men at dei heller fokuserte på vestsidas ruinar utanfor hallen, og det dermed var ekteparet Fischer som klarte å tyde at desse ruinane er det vi i dag kjenner som: *den andre steinhallen* (Hommedal, 2013, s.26).

4.3 Eksplosjonsulukka

Eksplosjonsulukka den 20 april, 1944, var ei svært tragisk hending, som fekk store konsekvensar for Bergen og har fortsatt har ei stor tyding i Noregs historie i dag. Mange hundre menneske blei drepne og skada, og mange bygningar blei totalt øydelagde. Vihovde visar til at dette var den største ulukka som hadde råka Bergen nokon gong, og at det var det den største ulukka som skjedde under sjølve krigen. Årsaken var at det nederlandske skipet Voorbode gjekk i lufta i Bergen hamn, fullasta med sprengstoff og dynamitt. Til saman var det godt over 100 tonn med både dynamitt og sprengstoff om bord (Vihovde, 1994, s.1). Måten denne farlege lasta var blitt tatt om bord i båten, hadde blitt gjort på ein uprofesjonell måte. Det hadde vore store manglar i prosedyrane, med lite papirdokumentasjon der regelverket for å frakte ei slik farleg last ikkje hadde blitt følgt. Til trass for dette hadde Kaptein med namn Bot, og resten av mannskapet fått beskjed om å opplyse om lasta dei hadde på stadane dei reiste til, noko dei også stort sett gjorde, slik at dei då kunne halde båten på trygg avstand frå land. Vidare fortel Vihovde at dei på denne reisa med båten, eigentleg aldri hadde som ein plan at dei skulle innom Bergen. Dette blei likevel gjort, då det var tekniske problem på Vorboode, som behøvde reperasjonar av fagfolk. I tillegg var broren til kaptein, i Bergen på same tid med ein anna båt, noko som kan ha ført til eit ynskje om å helse på.

På innseglinga til Vågen ved Bergen sentrum, segla dei forbi Knarrevik utanfor Bergen, utan å bli kontrollert for kva last dei frakta (Vihovde, 1994, s.2). Årsaken til at skipet segla heilt inn til Vågen, var at det ikkje var ledig plass i Laksevåg som ligg rett utanfor Bergen by, og at dei med ein feil klarte å heise opp flagget som tyda avgang, slik at dei segla vidare heilt utan

tilsyn inn til Bergen by. Vihovde fortel at dei heller aldri heiste signalflagget som skulle vise til at skipet bar farleg last, og at omgivnadane derfor var uvisst på at skipet var lasta med alt sprengstoffet.

Ifølge Vihovde verserar det også ulike historier om korleis minutta var før eksplosjonen skjedde, men at fleire av mannskapet skulle ha sett røyk og kjent lukta av brann som truleg starta i lasteområdet om bord i båten. Både mannskapet på Vorboode og utanforståande menneske på land begynte å forstå alvoret, og det blei ropt at der var sprengstoff om bord. Nokon prøvde å springe vekk frå båten medan andre blei ståande å sjå på. Berre minuttar etter at brannen blei oppdaga, så gjekk eksplosjonen av. Vann, sjø og gjørme, sto over hundre meter til vers, og det blei og danna ei kjempestor bølge (Vihovde, 1994, s.3). Bygningane blei øydelagde av både krafta i eksplosjonen, men og av brannar, som følgje av partiklar frå skipet som sto i brann. Det verserte etter ulukka fleire teoriar om at dette kunne vere sabotasje, men ein fant aldri handfaste bevis på at dette var tilfelle, og det heile blei sett på som ei ulukke, til trass for tida det skjedde på (Vihovde, 1994, s.4).

I Fig.24, ser ein ei framstilling over korleis Håkonshallen og nærliggande bygningar blei øydelagd under eksplosjonen, medan ein i fig.25, ser omfanget av øydeleggingane.



Fig.24: Brosens samling (1944) *Fra eksplosjonsulykken 1944*



Fig. 25 Dybvikstrand Eidem, (2022) Modell av øydeleggingane på Bergenhus etter eksplosjonsulykken til 1944

Fig.25 Dybvikstrand Eidem, (2022) Modell av øydeleggingane på Bergenhus etter eksplosjonsulykka

4.4 Tilstanden på Håkonshallens arkitektur etter eksplosjonsulukka

Håkonshallen var og er ei robust bygning. Takk til dette, så blei ikkje hallen den bygninga på Bergenhus som blei hardast råka av eksplosjonen. Likevel blei heile taket på hallen løfta opp og revet av murane. Vihovde peiker på at området ved Bergenhus nærmast kunne minne om ruinhaug etter alle øydeleggingane, men at det likevel ikkje var så ille som ein fyrst kunne frykte. Dette fordi at både Håkonshallen og Rosenkrantztauet faktisk framleis sto der, og at mellomalderbygningane var så solide at dei klarte seg nokon lunde bra, i forhold til bygningane i nærleiken som var av nyare dato. Håkonshallen sine gavlar stod framleis, sjølv om taket var blåst av, og den bar og sterkt preg av å ha vore i brann, både når det gjaldt utsmykking innvendig og arkitektoniske element frå restaureringa på 1800-talet (Vihovde, 1994, s.6). Eit eksempel på dette var blant anna Gerhard Munthes malerier frå starten av 1900-talet som hadde utsmykka hallen innvendig som gikk tapt. Noko som var i god stand innvendig etter eksplosjonen, var ifølgje Hommedal dei solide kvelva i etasjene under hallen. Han peiker også på at det som overlevde eksplosjonen frå restaureringa på 1800-talet, berre var dei beste delane ved restaureringa, nemleg gavlane og dei store vindauge (Hommedal, 2013, s. 24). I fig.26 ser ein Munthes utsmykking som gjekk tapt i eksplosjonen.



Fig.26: Atelier KK, (1927) *Interiør. Håkonshallen, med Munthes maleri ca.1927*

4.5 Fischers næringsverksemd gjennom ulike perspektiv

Fischers eigne tankar gjennom ulike arbeidsprosessar

Vihovde fortel at Fischer kom til Bergenhus allereie kort tid etter ulukka, og at han var svært opptatt av å redde bygningane. Vihovde visar til eit sitat frå han om at han: ”ruget over de gamle steinene som en drage over sin skatt” (Vihovde, 1994, s.6) og at dette dermed blei starten på Fischer sitt arbeid med å redde og sette i stand igjen bygningane, samt finne nye bygningsarkeologiske funn.

Ein del av Fischers næringsverksemd kunne og sjåast gjennom ein komité som blei danna på bakgrunn av ulukka, som skulle ta for seg alle dei ulike arbeidsoppgåvene det var behov for. Hommedal visar til at det nemleg var Fischer som blei leiaren for komiteen og dermed fekk oppgåva med å organisere arbeidet, som blant anna gjekk ut på å rydde opp på området omkring Håkonshallen. Hommedal fortel at det var svære mengder med leire og jord som hadde fylt opp bygningane innvendig på grunn av eksplosjonen, og at dette blei fjerna i åra 1944-45. Dei arkeologiske utgravingane byrja derfor først i 1946 og var ikkje ferdig før i 1968 (Hommedal, 2013, s.26).

Vidare når det kom til Fischers eigne tankar om situasjonen omkring arbeidet med Håkonshallen, og korleis Fischer tenkte om hallen etter at eksplosjonen hadde skjedd, skreiv han i *Norske kongeborger bind.2*, desse orda i 1945, eit år etter eksplosjonsulykka: ”Meget har vi tapt – en del for alltid. Men det meste – og viktigste - kan vi ennå få igjen. Og under arbeidet med gjenreisningen vil det åpne seg muligheter en før ikke hadde drømt om, for å få vite mer om middelalderens kongsgård” (Fischer, 1980 s.39). Desse utsegna frå Fischer visar tydeleg korleis han la seg, når han starta sin nye verksemd ved hallen etter eksplosjonen, der det er tydeleg å lese engasjementet gjennom linjene i skildringane han omkring arbeidet, noko som og speglar forteljarstemma han vidare i boka.

Når Fischer skildrar området og bygningane han møtte etter eksplosjonen, har dette nemleg ein positiv undertone, som igjen seiar noko om Fischers haldningar og yrkesstoltheit. Han fremma at heldigvis så var alle murar og gavlane på hallen intakt, og at taket var det ikkje så farleg med, då han hevdar at: ”hallen er så vakker – med himmelen til tak” (Fischer, 1980, s.40). Vidare ser eg igjen denne positive måten Fischer tenker på, når han først visar til korleis eksplosjonen hadde gjort store øydeleggingar på hallen, men også igjen korleis hallen faktisk sto fram som styrka etter denne hendelesen. Dette baserte han på bakgrunn av at kvelva

verkeleg kom til sin rett, og fekk ruve fritt, då det ikkje var nokon mellometasje som stoppa desse opp. Og at pussen som hadde lagt på veggane etter den fyrste restaureringa, no var borte, og det lille som var at, blei tatt vekk, slik at det ekte murverket kom fram, og bygninga sin identitet blei styrka (Fischer, 1980, s.119). Ein kommentar til dette kan sjåast gjennom Vihovde, som peiker på at det hadde vore viktig for Fischer å ha mest mogleg tilgang på murane, for å kunne tolke bygningas historie gjennom dette, samstundes som ho legg til at denne måten å framstille murane på nok ikkje var historisk riktigheit då ho fremmar viktigheita av puss og kalk i mellomalderbygningar som skulle kunne stå i mange år, (noko som eg og har sett i kapittel.2) (Vihovde, 2011, s.115).

Tilbake til Fischer, så skriv han vidare i sine skildringar over arbeidet, at fokuset først måtte ligge på å redde dei nyaste bygningane på Bergenhus då desse hadde blitt svært øydelagde i eksplosjonen. Håkonshallen og Rosenkrantztårnet, kom til å greie seg enn så lenge med å få provisoriske tak, og det kom til å bli nødvendig å rydde i stor skala der (Fischer, 1980, s.40). Han fortel også om korleis arbeidet blei organisert. Dette gjekk ut på at arbeidsoppgåver blei fordelt, og det blei haldt mange ulike møter og eit massivt ryddearbeid blei satt i gong. Alt dette skjedde på få dagar. Han fortel også at dei fekk skaffa ekstra arbeidskraft av 50 menn frå arbeidstjenesten, som skulle hjelpe til med oppryddingsarbeidet. Fokuset under ryddinga, blei lagt på å ta vare på kvar ein Stein, noko som igjen skulle bidra til å finne spor omkring bygningsarkitekturen. Alt som berre var skrot og grus frå eksplosjonen, blei frakta vekk å kasta. Fischer peiker på kor tungt dette arbeidet var, og at det derfor var svært heldig at bygningskonsulenten til det som var riksantikvaren på den tida, Cato Enger kunne vere med på arbeidet med gjenreisinga (Fischer, 1980, s.41). Dei hadde arbeida saman i mange år, og kunne avløyse kvarandre i arbeidet.

Vidare fortel Fischer om ulike vanskar som dukka opp i arbeidet på Bergenhus. Spesielt været var problematisk, då det var mykje vær og alle bygningane i nærområdet mangla tak. Det blei derfor eit behov for å få danna ein base å kunne arbeide i frå, altså eit kontor. Eit provisorisk kontor blei derfor laga til på ei av bygningane i nærleiken, som hadde fått lite nok skadar til at dette gjekk an. Vidare fortel Fischer også om andre vanskar med arbeidet, som blant anna gjekk ut på at det var store materielle manglar og därlege resursar, noko som var med på å forseinkje arbeidet. Det blei derfor også her eit behov for å tenke kreativt med tanke på materialbruk, og det blei brukt material i form av øydelagt golv og bjelkar i frå blant anna Rosenkrantztårnet (Fischer, 1980, s.42).

Når det kom til det fyrste målet ved arbeidet i Håkonshallen, fortel Fischer at det var å få laga det midlertidige taket. I tillegg måtte dei store mengdene av grus, stein og rester av bygningane sorterast, der steinen med minst skadar blei tatt vare på, samt kleberdetaljar. I tillegg måtte bygningane av nyare dato sikrast, slik at dei ikkje blei enda meir øydelagde. (Fischer, 1980, s.43). Fischer hevdar at sjølv om det fyrste arbeidet med hallen virka å vere relativt enkelt, med tanke på å lage eit midlartidig tak, så var det nok av problem med hallen å ta tak i. Det var som han skildra, mengder av restar etter brannen som måtte bli fjerna i frå alle etasjar i hallen, blant desse restane skifer som rett og slett blei kasta ut vindauga. Det rann også regnvann rett inn i hallen som gjorde sitt for å sabotere arbeidet.

Før hallen fekk sitt midlertidige tak, fortel også Fischer at alle murveggane i hallen fekk fjerna laga sine med puss frå den fyrste restaureringa (som sett ovanfor), og murveggane blei dokumentert i form av fotografi, både før og etter denne prosessen. Murane blei også målt opp og studert. Vidare visar han og til at i etasjane under hallrommet var det mindre hast med å få arbeida, men at det venta eit like vanskeleg arbeid der. Det blei derfor satt i gong tiltak med ei midlertidig lyssetting. Regnvatn rann også gjennom kvelva i fleire dagar når det hadde vore dårlig ver, så ein kunne blant anna ikkje oppbevare arbeidsutstyr som fotokamera eller teikneutstyr der. Til slutt fekk hallen det midlartidige taket, som blei ein paraplykonstruksjon, som gjorde slik at veggane fekk stå fritt. Fischer forklarar vidare at då det var svært mykje å ta tak i, fekk ein ikkje satt i gong arbeidet med noko grundigare studie av hallen og oppmålingar med det aller fyrste etter ulykka (Fischer, 1980, s.44). Fischer fortel at før vinteren same år som ulukka, hadde bygningane fått provisoriske tak, og det fyrste viktige arbeidet på Bergenhus dermed var utført (Fischer, 1980, s.46).

Vidare fortel Fischer, at det var i juli i 1945 at arbeidet ved Bergenhus og Håkonshallen igjen byrja på igjen for fult. Han visar til at det var behov for ny arbeidskraft, då dei tidligare arbeiderane som hadde jobba på hallen vinteren året før var borte. Fischer fremmar også at det var viktig for verksemda has og dei offentlege instansane, at rydde og sikringsarbeidet blei gjort på ein profesjonell og riktig måte. I tillegg måtte fokuset ligge på dei bygningsarkeologiske bevisa som fantes, der ein grundig dokumentasjon av dette var viktig for å få ei klarheit i korleis gjenreisinga av bygninga skulle utspele seg. Fischer fokuserte også på viktigheita med å arbeide med nærliggande område, for å danne eit område som passa

mest mogleg til dei gamle bygningane. Fischer la spesielt vekt på at det skulle vere fri utsikt til bygningane og fri utsikt til Vågen i frå bygningane (Fischer, 1980, s.49).

I tillegg til å være delaktig i organisering, ryddearbeid og redning av bygningane, jobba Fischer tett opp i mot sin yrkesveg, og retta næringsverksemda si mot undersøkingar både på bygningane og nærliggande ruinar.

Kongens Solar

Eit døme på korleis Fischer konkret arbeida med ein spesifikk ting på Bergenhus, er arbeidet han gjorde med ruinens kjent som *kongens solar*. Her stiller han spørsmål til og reflekterer over kor kongens eige rom var i Håkonshallen i mellomalderen, og korleis han kan ha kome seg til dette rommet i frå hallen (Fischer, 1980, s.125). Fischer trekk parallellear til England og Skotlands borgar, når han prøvar å definere *kongens solar*, som altså var det private rommet til det øvste hovudet i borga eller festninga. Vidare visar han til, at dette brukte å ligge bak eller til sida for høgsetet i bygninga. Utafor Håkonshallen finn ein ruinar og det var desse ruinane, som Fischer meinte kunne stemme overeins med eit slikt opphaldsrom for kongen. Fischer hadde og ei hypotese i denne *kongens solar* teorien, om at kongen hadde kome seg til rommet sitt, via ei trapp som gjekk i hallens nordre mur. I denne trappa skulle kongen ifølge Fischer ha fått godt ljós å sjå i når han gjekk i trappa, ved hjelp av gode lyskjelder i form av vindauge. Han skulle og vere godt beskytta her, frå eventuelle truslar utanfrå. Fischer peiker også på at etter at pussen blei tatt av murane utvendig, kunne ein sjå spora etter den tidlegare konstruksjonen, og Fischer skreiv at: ” Det er fristende å tenke seg en åpen takstol i solaren, men det kan selvsagt bare bli fantasi. I hvert fall må et vakkert vindu i østgavlen ha gitt godt lys i rommet. Og noe sikrere blir også tanken på et privatutbygg og en svalgang utenpå sydmuren, der kongen kunne komme inn i midtre rom i mellometasjen. At døren her ligger noe høyere enn selv det opprinnelige gulvet, kommer vel av at fjellet østover går opp nettopp til denne høyden” (Fischer, 1980, s.126).

I nyare tid har også andre næringsverksemder innanfor same fagfelt som Fischer tatt for seg same ruin, og sjølv om Fischer baserte seg på at dette var *kongens solar*, er dette informasjon som har endra seg ettersom at handverket innanfor denne yrkesgruppa og har endra seg. Likevel nyttar notidas generasjonar fortsatt ofte Fischers handverk for å finne ut av sitt eige arbeid og for å finne nye svar om ruinar og bygningar på Bergenhus.

Byantikvaren i Bergen ved Melle, har nemleg i ein tilstandsrapport som omhandlar tilstanden på ruinens kjend som *Kongens solar*, lagt fram usikkerheita om kva denne ruinens eigentleg er. Han visar til at dei har klart å finne restar av tre ulike byggverk der, etter at Fischer tolka den som *kongens solar*. Melle fremmar at dei sterkeste bevisa og spora etter denne bygninga som har stått der, er merka ein kan sjå i Håkonshallens austlege vegg. Likevel peikar han på at denne såkalla *solaren* som skulle ha vore der, ikkje hadde passa overeins med desse merka. Melle visar også til at formidlinga av denne ruinens er vanskeleg, og at det finnes lite informasjon kva ein *solar* er, heller ei dei andre teoriane om kva dette kan ha vore (byantikvaren, 2011, s.5).

Vidare peiker han også på, at framstillinga av ruinens kjend som *kongens solar* opplevast som missvisande i dag. Dette fordi at det står eit skilt med *kongens solar* ved sidan av ruinens, utan noko meir forklaring om at her er det faktisk snakk om mest restar i frå to andre bygningar, nemleg eit tårn frå 1500-talet kalla *firkanttårnet* og eit anna byggverk frå 1600-talet, kalla *rundellen*. Han hevdar at desse spora i veggen visar til at det har vore ei bygning originalt der som blei reist samstundes med Håkonshallen, og at det er klare bevis på at akkurat dette stemmer, men ikkje noko prov på kva type bygning dette var. Altså ingen handfaste bevis på at der var en *kongens solar* akkurat der. Melle stillar fleire kritiske spørsmål til Fischers tidlegare tolking av denne ruinens som *kongens solar*. Dette fordi det ikkje blei funne og forska på nok murverk, noko som gjer at det blir vanskeleg å faktisk kunne tolke korleis bygninga kan ha sett ut. Han meiner og at Fischers arbeid og tolking av denne ruinens, er basert på eit tynt grunnlag. Han styrkar desse argumenta med at kongen den gong då allereie hadde eit eget rom, i midt etasjen av Håkonshallen, samt at det virka ulogisk å skulle plassere *kongens solar* på den sida av bygninga med mest skugge, nemleg på austsida.

Når Melle diskuterer om det faktisk hadde vore hald i Fischers hypotese, trekk han fram at det som faktisk kunne ha talt for at ein *solar* låg på austsida, så var det at dette var den tryggaste plasseringa det kunne ha, då det hadde lagt skjerma mot Vågen. Til trass for dette, konkluderer Melle at : Solartolkningen har med tiden blitt stående som en sannhet, noe som kan utfordres” (byantikvaren, 2011, s.43)

Avsluttande kommentarar om Fischers næringsverksemد og Håkonshallens arkitektur
Hommedal peiker på at øydeleggingane som råka hallen under eksplosjonsulukka var med på å belyse viktige arkeologiske problemstillingar. Han fremmar at slik hallen står fram i dag, så

har den eit truverdig uttrykk som er nokså tru mot slik den truleg såg ut i mellomalderen, til trass for at ein god del Stein ikkje lenger er original. Hommedal hevdar også at Håkonshallens arkitektur fortsatt må diskuterast i framtida, og at det er rom for å finne ut meir om den. Han konkluderer med at måten ein kan finne nye svar på, er å ta for seg det omfattande arkeologiske dokumenteringsmaterialet etter Fischer (Hommedal, 2013, s.39).

Hommedal visar og til at etter Fischer hadde gjort ferdig sitt arbeid ved Bergenhus, så satt ein igjen med over 3500 skrivne sider som omhandlar observasjonar omkring arkeologien, 350 teikningar, og omkring 1500 foto frå undersøkingane Fischer gjorde. Ein stor del av dette materialet handla kun om undersøkingar gjort på hallen, noko som og seiar sitt om arbeidet som blei lagt ned her (Hommedal, 2013, s.27).



Fig.27: Dybvikstrand Eidem, (2022) *Ruinene kjent som Kongens solar*

4.6 Drøfting av tema i dette kapittel

Når ei hending som eksplosjonsulukka rammer og øydelegger historiske bygningar på den måten som det gjorde i 1944, blir det heilt naturleg danna behov for ulike typar næringsverksemder som blir tilpassa yrkesgrupper blant anna innan fagfelt som arkeologi, historie og arkitektur. Haldninga ein hadde til faget og korleis ein klarte å tenke og arbeide i ein slik pressa situasjon var og viktig. Fischer har vist gjennom sitt arbeid at haldninga til

arbeid og synet på arkitekturen med eit ynskje om å løyse oppgåver og finne ut meir, har hatt stor tyding for resultatet, og visar også at han var villig til å snu på kvar ein Stein for å finne nye svar omkring bygningsarkeologien og arkitekturen.

Det at Fischer hadde ei så allsidig utdanning og yrkeserfaring visar også korleis han kunne utøve handverket sitt ut i frå fleire ulike perspektiv. Med dette meiner eg handverk som baserte seg på både bygningsarkeologiske undersøkingar, oppmålingsteikningar og smarte løysningar for midlertidige redningstiltak ved hallen, som for eksempel taket, som sørga for at murane stod fritt. Derfor er det også viktig å trekke fram korleis denne næringsverksemda ikkje berre gjekk ut på å finne svar omkring arkitekturen, men også i stor grad handla om arbeidsprosessar rundt praktiske og tekniske oppgåver. Med dette meiner eg behovet for å arbeide på tvers, som omhandla både organisering og deltaking i det massive ryddearbeidet, finne gode løysningar for å redde bygningane frå meir øydelegging ver og vind, samt skape gode arbeidsforhold med både nok arbeidskraft, ein base å jobbe frå og godt utstyr og bygningsmaterial.

Lista over allsidig handverk i Fischers næringsverksemde blei på grunn av desse årsakene lang. Dette vil eg og fremme kan ha vore med på å forsterka truverdigheita has, da han hadde eit bein innan fleire fagfelt, med yrkeserfaring innan både arkitektfaget, teikning og arkeologi, i tillegg til jernbanen og militære, som blei speglar av den allsidige utdanninga han hadde hatt og den praktiske arbeidserfaringa. I tillegg til det praktiske arbeidet han gjorde, hadde Fischer og evna til å skrive på ein slik måte som gjorde at det blei lett å sjå for seg dei ulike bygningane og ruinane han skildrar, som og seier noko om utføring av godt handverk, og noko eg vil fremme var ein viktig del av Fischers næringsverksemde

Sjølv om hypotesen han hadde om kva ruinens kjent som *kongens solar* ikkje nødvendigvis stemmar likevel, vil eg fremme at arbeidet han gjorde der og tankane has om kva denne ruinens faktisk var, har vore svært viktig for våre generasjonar innan fagfeltet i dag. Dette fordi at has sine tolkingar har gitt oss noko å diskutere nye funn opp mot, og noko å jobbe ut i frå, ettersom ein no har fått ein breiare teknologi og ein større kunnskap som gjer det lettare å finne ut meir om ruinane og bygningane på Bergenhus. Konteksten som *kongens solar* hadde blitt satt i for mange år sidan av Fischer, kan no bli plukka frå kvarandre og satt saman igjen. Fischers tolking av dette, vil alltid vere viktig, og ein stor del også av dagens

bygningsarkeologiske næringsverksemder ved Bergenhus, noko ein ser at både Melle og Hommedal visar til. Derfor vil eg hevde, at Fishers næringsverksemder har vore svært verdifull, ikkje berre fordi den kan seiast å ha redda Håkonshallen, men og fordi den har gitt oss rom for å lære meir om Håkonshallens arkitektur, og for å ha gitt oss verktøy til å kunne diskutere arkitekturen vidare i framtida.

Kapittel 5

1950-talets arkitektkonkurranse: Ein næringsverksemnd med ynskje om ein arkitektur som gjennom sitt handverk skulle vere tru mot si tid

5.1 Innleiing til kapittel

Etter eksplosjonsulukka, førte dette også til eit behov for ei restaurering av større dimensjon, og endringar på store delar av Håkonshallens estetiske og funksjonelle arkitektur ville derfor bli nødvendig. Det var fleire nye element på hallen som måtte kome på plass, blant anna eit nytt trappehus, tak innvendig og nytt interiør.

Ein del av prosessen med dette arbeidet og for å kome i gong med restaureringsarbeidet, blei det utlyst ein arkitektkonkurranse, der vinnaren skulle få ta seg av restaureringa. Bidraga skulle vise forslag til korleis ein kunne løyse restaureringa på best mogleg måte, gjennom krava som var satt for restaureringa når det kom til funksjonelle utformingar og arkitektur. Nokon av dei sentrale krava for konkurransen, var at ein skulle prøve å sette hallen i så lik stand som mogleg slik den hadde vore før ulukka, og at eventuelle nye delar av arkitektur på bygninga, skulle stå fram som ærleg. Derfor var det eit mål om at den nye arkitekturen skulle gå vekk i frå mellomalderideologien som hadde utspelt seg gjennom restaureringa på 1800-talet, med eit større fokus på å vise ulikt material med ein arkitektur som heldt på sine kvalitetar ut i frå 1950-talets arkitekturstilar.

Gjennom arkitektkonkurransen, blei det derfor danna ein næringsverksemnd med fleire ledd, der det både gjennom juryarbeidet, utkasta og vinnarutkastet, blei danna omfattande arbeidsprosessar. Gjennom desse prosessane blei diskusjonar om mogleg arkitektur og handverk diskutert, og nokon av dei også realisert.

Ein sentral del av årsaken til at Håkonshallen fekk arkitektur som synleg var frå ein annan stilperiode, var derfor også mykje på grunn av korleis arkitekturbiletet var på den tida Håkonshallen skulle bli restaurert.

Dette kapittelet er ei bearbeiding av tidlegare innlevert tekst til emne i kunsthistorie KUN323 Vårsemester 2018 etter avtale med rettleiar og Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium.

5.2 Arkitekturbiletet på 1950-talet

Nordberg-Schulz, peiker på at det til dels herska usikkerheit i bygging av ny arkitektur i tida etter krigen på 1950-talet. Dette gjaldt spesielt reisinga av nye bygg, med store områdar som trengte å byggast ut. Behovet for nye hus og bygningar, førte til at ein måtte tenke godt over korleis dette skulle bli løyst, og det var viktig at dei nye bygningane skulle symbolisere Noreg som eit fritt land, med tanke på tida som hadde vore, og tida som var (Nordberg-Schulz, 1983, s.7).

Vidare visar Nordberg – Schulz til at val av type material som skulle nyttast, og var viktig for arkitekturen på denne tida. Materialet skulle gjerne vere naturleg og tradisjonelt og skulle vere godt tilpassa klimaet i Noreg (Nordberg-Schulz, 1983, s.8). Derfor blei det og eit ynskje om å reise nye trebygningar igjen. Dette førte ifølge Nordberg – Schulz til eit noko variert resultat, mykje fordi at ein god del av Noregs tidlegare arkitektur med tre som material var borte, og at ein av ulike årsakar ikkje heilt lukkast med å bygge dei nye bygningane i tre (Nordberg-Schulz, 1983, s.11).

Lexau, visar også til at husa som blei bygd, var ein kombinasjon av praktiske kvalitetar i arkitekturen, men og at dei og skulle vise Noregs tradisjonelle kvalitetar (Lexau, 2008, s.373). Ho fortel også at det typiske for arkitekturstilen på den tida, var å nytte panel som var ståande, og at det var lite utsmykking på bygningane. I tillegg var det og vanleg med tegl eller skifertak, der taka ofte hadde lave dimensjonar og vinklar. Lexau fremmar også at det var sjølv forma på bygningane og kvalitetane til dei ulike materiaala ein brukte, som stod for korleis arkitekturen estetisk skulle bli sjåande ut (Lexau, 2008, s.373). Vidare visar også Lexau til ein anna tendens som gjorde seg gjeldande i arkitekturen, og som dukka opp i fyrste halvdelen av 1950-talet. Dette var bruken av ulike ubehandla material, som metall, tre eller betong (Lexau, 2008, s.380). Ho fremmar at materialet i seg sjølv skulle bere det estetiske uttrykket til bygninga, der kvalitetane til det enkelte materialet hadde ei tydingsfull rolle, for å skape ein bestemt arkitektur. Vidare fremmar Lexau at materialet minst mogleg skulle behandlast før det blei brukt, slik at dei naturlege kvalitetane som det hadde, ikkje blei borte. Ho visar og til at det var vanleg å nytte kontrastar i arkitekturen, blant anna gjennom fargar på visse delar av arkitekturen, eller for eksempel å sette betong som var eit vanleg material å nytte på denne tida, saman med treverk (Lexau, 2008, s.381).

Lexau hevdar og at den modernistiske arkitekturen i Noreg i etterkrigstida haldt på tidlegare byggetradisjonar og byggekunst, og at modernismen blei kombinert med dette, noko som igjen førte til ein ny og styrka arkitektur som hadde eit nytt uttrykk (Lexau, 2008, s.377).

Dette var og noko som gjorde seg gjeldande, når ynskjer for Håkonshallens restaurering blei planlagt og når visjonane for arkitektkonkuransen blei satt.

5.3 Visjonar for restaureringa, som la føringa for arkitektkonkurransens arbeidsprosess

Bergenhuskomiteen som var komiteen som tok seg av arbeidet ved Håkonshallen etter ekspljosjonsulukka, var årsaken til at arkitektkonkuransen blei til. Vihovde fremmar at dette var fordi at arkitektane i Bergenhuskomiteen av forskjellige årsakar ikkje klarte å kome med gode nok forslag til restaureringa sjølv (Vihovde/Bryggens Museum, 2011, s.20). Vihovde fortel også at det via Bergenhuskomiteen blei danna ei rekke kriterier for korleis restaureringa skulle utspele seg, av både teknisk og visuell art. Nokon av desse kriteriene var at ein ynskja å skape ein praktisk bruk av hallens ulike rom, og å få elektrisitet i hallen, da ein ville nytte Håkonshallen til større arrangement i framtida (Vihovde, 2011, s.114). Vihovde synar også at dette var eit viktig poeng med denne restaureringa, da også rolla som Håkonshallen skulle ha i framtida baserte seg på dette (Vihovde/Bryggens Museum, 2011, s.21).

Når det kom til arkitekturen var visjonen å restaurere den så likt som mogleg opp mot slik bygninga hadde vore før ekspljosjonsulukka, med tanke på både vindauge, utvendig tak og gavlar. Det var og eit ynskje om at hallrommets takstol som hadde vore open tidlegare, fortsatt skulle vere open. Vihovde fortel også at det blei lagt fram at trappehuset frå restaureringa på 1800-talet, eigentleg var i bra nok stand til å bli redda, men at det blei diskutert fram for å få det fjerna, fordi det ikkje spegla den ekte mellomalderarkitekturen i Håkonshallen og det dermed ville gitt hallen eit inntrykk av uekte mellomalderarkitektur (Vihovde, 2011, s.114). I tillegg blei det og argumentert fram, at sørgavlens arkitektur ville kome betre fram ved å reise eit nytt og enklare trappehus (Vihovde/Bryggens Museum, 2011, s.21). Det var og eit viktig aspekt at ein skulle take omsyn til dei nye funna som var blitt gjort etter ekspljosjonsulukka (Vihovde/Bryggens Museum, 2011, s.20). Vihovde peiker også på, at ein visjon for denne restaureringa, var at det ikkje skulle bli skapt ein uekte og fantasipregat mellomalderarkitektur, og at den skulle symboliserast som eit viktig historisk monument for landet vårt. Ho visar også til at det var ei utfordrande restaurering og ta fatt på, da det var strenge krav til planar, med eit fokus på å nytte gode material og handverk. Restaureringa

skulle heller ikkje stele fokuset bort frå arkitekturen som allereie var i Håkonshallen (Vihovde, 2011, s.116).

Peter Helland-Hansen, som var delaktig i denne restaureringa, omtalte arbeidet og restaureringsproblematikken, i tidsskriftet *byggekunst* i frå 1962. Han peika på at arkitektane måtte stå inne for mange ulike val, ut i frå ei restaurering som stadig var i endring ut i frå tida den utspelte seg på. Han hevda også at Håkonshallens mellomalderske autentisitet stod fram som delvis skjult, fordi han fremma at ein del av det som blei gjort på 1800-talets restaurering hadde gitt bygninga eit falskt uttrykk. Derfor fortalte Helland – Hansen at arkitektane hadde hatt eit stort ynskje om å skape ein ærleg arkitektur som ikkje etterlikna ein anna arkitektur.

Vidare peiker han og på at dei som arkitektar, hadde eit ynskje om å take vare på dei originale arkitektoniske kvalitetane i hallen, og ha mest mogleg omsyn til bygningas historiske status. Dette var ifølgje Helland – Hansen ikkje alltid realistiske å få til, og nokon gonger var det umulig å ikkje gjere grep som førte til endringar i arkitekturen. Derfor tok dei som arkitektar bak denne restaureringa, eit val om å gå vekk frå den gotiske stilens, og heller innføre modernistiske arkitektur med synlege materialkvalitetar som var typisk for 1950-talets arkitekturstil på Håkonshallen der ei endring i arkitektur var nødvendig. Dette meinte Helland – Hansen gav arkitektane bak restaureringa ei tydingsfull og utfordrande rolle, då han fremma at dei var med på å kaste ljós på ein ekte og rein arkitektur på Håkonshallen, gjennom større arbeidsprosessar. Dette fordi at ein måtte få løyve til å utføre dei nye grepa som skulle bli gjort med arkitekturen, på grunn av historisk og arkitektonisk viktigkeit og alder.

Helland – Hansen konkluderer med at det som var det aller viktigaste under arbeidet med restaureringa, var å skape ei bygning som blei restaurert på mest mogleg måte, med rom for å kunne diskutere arkitekturen også i framtida (Helland-Hansen, 1962, s.99). Ifølgje Hommedal tok denne restaureringa som byrja i år 1957, fire år, i frå planane for restaureringa blei teikna av Johan, Claus og Jon Lindstrøm, samt Helland – Hansen (Hommedal, 2013, s.27).

Juryen hadde og nokon heilt klare ynskjer og krav for restaureringa, og det var dei som skapte rom for at arkitektane fekk jobbe på den måten som dei gjorde.

5.4 Juryen

I tillegg til at Gerhard Fischer satt i juryen, satt også Arne Nygård-Nilssen, Arnstein Arneberg, Johs Bøe og Arthur Darre Kaarbø i den. Nygård – Nilssen var utdanna som kunsthistorikar, og han var og riksantikvar i perioden når hallen skulle bli restaurert (Tschudi-Madsen, S, u.å.). Arneberg var ein arkitekt som har teikna fleire av Noregs viktige bygg, i tillegg til at han var opptatt av bygningsvern (Gunnarsjaa, A, u.å.). Bøe var arkeolog og aktiv i arbeidet med fortidsvern (Solberg, B, u.å.). Medan Darre Kaarbø var arkitekt, og kjent for å ha teikna fleire av Bergens bygningar på 1900-talet (Gunnarsjaa, A, u.å.).

Juryen utforma ein tekst som dei kalla *juryens kritikk*, som tok for seg resultatet av arbeidet med arkitektkonkurransen som ein heilskap, som blei skreve under på: 13 juni, 1955. Her fremma dei at dette hadde vore ei restaurering som både var spanande og tydingsfull men og krevjande. Vidare peiker dei på at dei hadde ynskja seg fleire bidrag til konkurransen, enn dei 8 som var komne inn, men at dei til trass for dette var tilfredse med at dei utkasta som hadde kome inn, synte ulike vinklingar på korleis løysningane ein kunne nytte under restaureringa.

Dei trekk og fram at det var mindre positivt at nokon av utkasta hadde vist til ein stor kontrast til Håkonshallens status som ei historisk mellomalderbygning, der nokon av arkitektane gjennom sine tenkte utkast, verka usikre på måtar å løyse restaureringa på. Dette omhandla ideane dei hadde for restaurering, både innvendig og utvendig, både med tanke på arkitektur og utsmykking. Vidare i *juryens kritikk*, gjekk juryen skriftleg gjennom alle dei ulike bidraga til konkurransen. Her peiker dei på både fordelar og ulemper med dei, og visar til kva som kunne fungert bra og det som hadde fungert mindre bra om det eventuelle utkastet hadde vunne.

Når det kom til dei ulike utkasta, så hadde alle eit såkalla ”motto” som tittel på dei, og dei inneholdt ulike teikningar som fremma ideane dei hadde for ei mogleg restaurering og utføring av handverk (Arkivet etter arkitekt Fredrik Konow-Lund, BBA-0668, Bergen Byarkiv. Serie Tja: 1-7 og Tjb: 1). Gjennom dei fleste av utkasta, ser ein gjennom ulike vinklingar på arkitekturen, klare tendensar til 1950-talets arkitekturstil.

5.5 Konkurranseutkasta

Motto: *Sval*

I utkastet *sval* ser ein på teikninga utvendig i fig.28, korleis arkitekten har framstilt eit trappehus med panel og eit lågt tak. Dette er arkitektur som var tett knytt opp mot den

modernistiske arkitekturen som eg tok for meg ovanfor gjennom arkitektbiletet på 1950-talet. Teikninga innvendig i fig.29, visar til eit handverk der ein har prøvd å få fram ei levande stemning i hallen. Framstillinga visar tydeleg at det er eit festleg lag der, med dansande menneske og levande ljós på veggane. Her ser ein og tydeleg ideen til korleis takkonstruksjonen skulle være, og korleis den såg ut til å vere tiltenkt i forhold til resten av rommet og blant anna rosevindaugen.

Juryen meinte at i dette bidraget, så var inngangen med vindfang for anonymt og tok for lite plass i arkitekturen. Dei peikte også på at ideane for fasadane og takkonstruksjonen ikkje var bra, og at ljossettinga i hallen ikkje var god og at det var lagt for lite arbeid i utkastet. Likevel var dei nøgde med korleis kandidaten hadde hatt lyst til å skape ein svalegong som ville ha knytt dei ulike delane av bygninga saman, men at forslaget til arkitekten om svalegong ikkje var blitt gjort på ein god nok måte.

Dei visar også til at ideane for arkitektur, ikkje ville ha passa saman med Håkonshallens originale arkitektur, men dei trekk fram at det var positivt at utkastet stod fram som luftig med kvalitetar som skapte rom (Arkivet etter arkitekt Fredrik Konow-Lund, BBA-0668, Bergen Byarkiv. Serie Tja: 1-7 og Tjb: 1).



Fig.28 Arkivet etter arkitekt Fredrik Konow-Lund, BBA-0668, Bergen Byarkiv. Serie Tja: 1-7 og Tjb: 1. *Motto: sval*



Fig.29: Arkivet etter arkitekt Fredrik Konow-Lund, BBA-0668, Bergen Byarkiv. Serie Tja: 1-7 og Tjb: 1. Motto: "sval."

Motto: *Dixi*

Dette utkastet syner eit ynskje om eit handverk som baserar seg på ulik materialbruk.

Materialet er tydeleg modellert fram gjennom utkasta, med ein stor kontrast mellom det som ser ut til å vere glas, mur, tre og stål. Utkastet har og sett ut til å take omsyn til nærliggande topografi, der arkitekturen nærmast skapar ei finare utsikt mot havet, ved å ramme denne utsikta inn gjennom ulike bygningselement, som ein blant anna ser ved ideen til trappehuset. Når det kjem til utkastet innvendig, ser ein bruk av friske og klare fargar, der spesielt taket skil seg ut ved bruk av ein sterk blåfarge. Ein ser og bruk av raudfargar og tonar mot grøn, som gir ein fin kontrast til blåfargen i taket. Denne materialbruken og fargebruken, visar heilt klare tendensar til modernistisk arkitektur. Dette visar seg gjennom tidlegare del i dette kapittel, om arkitekturbiletet på 1950-talet, der Lexau viste til: ”ein anna tendens som gjorde seg gjeldande i arkitekturen, og som dukka opp i fyrste halvdelen av 1950-talet. Dette var bruken av ulike ubehandla material, som metall, tre eller betong (Lexau, 2008, s.380). Ho fremmar at materialet i seg sjølv skulle bere det estetiske uttrykket til bygninga, der kvalitetane til det enkelte materialet hadde ei tydingsfull rolle, for å skape ein bestemt arkitektur. Vidare fremmar Lexau at materialet minst mogleg skulle behandlast før det blei brukt, slik at dei naturlege kvalitetane som det hadde, ikkje blei borte. Ho visar også til at det var vanleg å nytte kontrastar i arkitekturen, blant anna gjennom å nytte fargar på visse delar av arkitekturen, eller for eksempel å sette betong som var eit vanleg material å nytte på denne tida, saman med treverk” (Lexau, 2008, s.381).

I tillegg til utkasta, hadde dette bidraget og lagt med eit dikt, som seier noko om ynskja dei hadde for ei eventuell restaurering og visjonane dei hadde for å innføre ein modernistisk arkitektur:

” Du gamle hall med de mure grå, (er uglene etter tilstede?) Så tadt jeg deg ser må jeg tenke på den jury som lurer seg gul å blå og er i sin vilde rede. Man kan jo lage gotikk i stukk og bjelker som hule kasser. Eller hakke av pussen, så tegl og pukk i hodet på publikum drassar. Hvis derimot frykt antikvarene har for dette: at jukse og lyve, så omgjør min hall, slik den var i hvertfall i attentyve. Jeg Håkon som bygget den gamle hall på sinde jer dette vil prente: med flid restaurerer det bevarede skall, men det mellemliggende tids intervall bør flittigt i have in mente. Istandsett alt gammelt, men lader alt nytt som nyhet seg også fortone, så ingen derved kan føle seg snytt, hverken menigmann eller gjone. La borggården virke behersket og fast, spill gjerne på svalgang-motivet. I fonden vil skiber med skorsten og mast og kraner

prospektet belive. La glass-vestibylen med sprossene nett fremheve min halls dimensjoner. La trappene heve seg åpent og lett, vel egnet for prosesjoner. Lag takkonstruksjonen med omhu og flid og bruk ikke mere tømmer end hvad seg for eders tekniske tid med samt dens beregningekunst sommer. La fargerikt treverk og broget tekstil mot kalkede veger få gløde. Heng lampene lavt og se med et smil på stilmessig helligbrøde” (Arkivet etter arkitekt Fredrik Konow-Lund, BBA-0668, Bergen Byarkiv. Serie Tja: 1-7 og Tjb: 1).


Dette diktet seier noko om kva visjonar dei hadde for utkastet og kva ynskjer dei hadde for arkitektur og handverk. Det er ein kritikk av restaureringa på 1800-talet, og seier og noko om at tidene og arkitekturbiletet og hadde endra seg, frå 1800-talet, og fram til 1950-talet. Diktet visar og ein visjon om å ha ein ærleg og måtehalden materialbruk som ikkje skulle spele på ein mellomalderarkitektur som ikkje høyrt til i hallen. Diktet tar og for seg viktigheita over å take omsyn til nærliggande topografi, og å spele på å ta miljøet utanfor bygninga med i arkitekturen, og at ein både gjennom dette i tillegg til å nytte ulike material og fargar, kunne bidra til at bygninga kom enda meir til sin rett, og faktisk synleggjere mellomalderarkitekturen i enda større grad. I tillegg tar diktet og for seg tidlegare materialbruk i Håkonshallen gjennom referansen til pussen som hallen blei påført under 1800-talets restaurering, og om den burde hakkast av, noko som og synar Fischer tankar, at ein skulle kunne lese bygningshistoria i murane og vise ein form for det arkitektoniske og ekte.

Når det kom til kva juryen meinte om dette utkastet, så fremma dei at det var gjennomtenkt i vala sine omkring arkitektur, og vist god refleksjon omkring ynskje om å ha eit tydleg skilje mellom arkitekturen frå mellomalderen og den nye og moderne arkitekturen, og at dette var ein tenkemåte som juryen støtta. Samstundes meinte også juryen at ein måtte vere forsiktig under ei så viktig restaurering, der ingen val kunne syne tilfeldighet. Alt innanfor både det estetiske og funksjonelle med arkitekturen måtte tenkast godt igjennom, noko dei hevdar at kandidaten ikkje heilt hadde lukkast med. Juryen diskuterer også materialbruket, og om stål og glas var riktige element til å passe saman med Håkonshallens stein og mur. Juryen argumenterer også for at dette forslaget til arkitektur ville blitt for dårlig til å bli satt saman med Håkonshallens utsmykka mellomalderarkitektur. Taket innvendig blei og kritisert av juryen, då dei meinte at det ikkje ville ha passa inn med korleis hallen såg ut innvendig. Til trass for dette roste dei vala av fargane innvendig, og juryen må uansett ha likt dette utkastet godt, då det enda opp med å kome på ein tredje plass (Arkivet etter arkitekt Fredrik Konow-Lund, BBA-0668, Bergen Byarkiv. Serie Tja: 1-7 og Tjb: 1). I fig. 30 kan ein tydeleg sjå

korleis arkitekten har prøvd å fange miljøet ute inn i arkitekturen, og ein ser og tydeleg framstillinga og kvalitetane i dei tenkte ulike materiala og deira tekstar dette ville ha gitt. I fig.31 ser ein og sterke fargar og effekten dette ville ha gitt til hallrommets arkitektur.



Fig.30: Arkivet etter arkitekt Fredrik Konow-Lund, BBA-0668, Bergen Byarkiv. Serie Tja: 1-7 og Tjb: 1. Motto: *Dixi*.



Konkurranse om
Håkonshallen
Dixi

Fig.31: Arkivet etter arkitekt Fredrik Konow-Lund, BBA-0668, Bergen Byarkiv. Serie Tja: 1-7 og Tjb: 1. Motto: *Dixi*.

Motto: *Saga*

I tillegg til konkurranseutkasta *Sval* og *Dixi*, var det og fleire andre utkast som synte ulike tilnærming til handverk gjennom ulike arbeidsprosessar og tenkemåtar omkring arkitekturen. Eit av dei var bidraget *Saga*, som viste til ein tydeleg referanse til modernistisk arkitektur. Her ser ein framstillinga av ein enkel arkitektonisk konstruksjon framfor hallen, med eit tydeleg skilje mellom Håkonshallens gamle stein og det nye tiltenkte handverket og materialbruket. Ein ser også bruken av søyler og glas, og ein fargebruk som skiljar seg ut frå Håkonshallen (Fig.32). Juryen kritiserte dette bidraget, og meinte det bar preg av eit trappehus som ikkje kunne bli reist, og uninteressante fasadar. Ein anna årsak til at dei ikkje likte så godt dette utkastet, var fordi at det ikkje kom tydeleg nok fram kva material dei hadde tenkt å nytte, og at det såg ut til å vere material som ikkje passa inn i Håkonshallens arkitektur (Arkivet etter arkitekt Fredrik Konow-Lund, BBA-0668, Bergen Byarkiv. Serie Tja: 1-7 og Tjb: 1).

Motto: *H5*

Når det kom til utkastet H5, var dette eit av dei utkasta som synte minst dei modernistiske tendensane blant bidraga til konkurransen. Forsлага til arkitektur her, har i motsetning til dei andre utkasta, ikkje ein tydeleg bruk av nye material, og står derfor heller ikkje i så stor kontrast til Håkonshallens mellomalderarkitektur.

Framstillinga av trappehuset visar eit dominerande trappehus som ruvar godt. Det kan sjå ut til å vere tiltenkt i å bli laga i stein, og kan med fyrste augekast minne litt om steinen i Håkonshallen. Innvendig ser ein og korleis utkastet har framstilt eit mogleg tak, med ein meir synleg materialbruk, som truleg var tettare knytt opp i mot arkitekturbiletet på den tida, enn det forslaga for den utvendige arkitekturen synte gjennom utkastet (Fig.33).

Juryen hadde ein blanda kritikk av dette utkastet, og meinte blant anna at trappehuset blei for utstikkande. Likevel likte dei korleis det stod fram i forhold til at utkastet hadde tatt omsyn til sydgavlen slik at mellomalderarkitekturen der fekk kome til sin rett. Dei meinte også at valet av material var lite truverdig. Eit positivt utspel om utkastet var taket (Fig.34), som dei meinte var konkret og enkelt utforma. Dei fremmar og at tilnærminga utkastet har til ljosssetting og dør i hallen, ikkje har nokon verdifulle forslag til korleis ein kunne løyse restaureringa på ein god måte (Arkivet etter arkitekt Fredrik Konow-Lund, BBA-0668, Bergen Byarkiv. Serie Tja: 1-7 og Tjb: 1).



Fig.32: Arkivet etter arkitekt Fredrik Konow-Lund, BBA-0668, Bergen Byarkiv. Serie Tja: 1-7 og Tjb: 1. *Motto: Saga*.



Fig.33: Arkivet etter arkitekt Fredrik Konow-Lund, BBA-0668, Bergen Byarkiv. Serie Tja: 1-7 og Tjb: 1. *Motto H5*.




Fig.34: Arkivet etter arkitekt Fredrik Konow-Lund, BBA-0668, Bergen Byarkiv. Serie Tja: 1-7 og Tjb: 1. *Motto: H5.*

5.6 Vinnarutkastet og korleis arkitekturen frå restaureringa gjer seg synleg på Håkonshallen i dag

Vinnarutkastet

Juryen skreiv i sin *kritikk* at dei gjennom konkurransen hadde funne riktig person til restaureringa, og at dette bidraget var det einaste som dekte alle krava til restaureringa (Arkivet etter arkitekt Fredrik Konow-Lund, BBA-0668, Bergen Byarkiv. Serie Tja: 1-7 og Tjb: 1). Vinnaren av arkitektkonkurransen blei utkastet *Kvad*, og arkitekten bak dette var Johan Lindstrøm. Restaureringsarbeidet has byrja i 1957, og eit år seinare døde han. Derfor fortsette dei to sønene hans som var arkitektar arbeidet han hadde byrja på, i tillegg til Peter Helland-Hansen (Vihovde, 2011, s.114).

Sjølv om Lindstrøm vant konkurransen, og juryen var tilfredse med forslaga hans, fortel Vihovde at han måtte gjere om på utkasta sine opp til 10 gongar, før det blei bra nok til å brukast. Det trappehuset som Lindstrøm først hadde som forslag, var eit trappehus utan overbygg, med ei trapp som gjekk fritt frå bakkeplan og opp til sørgavlens portal (Fig. 37) (Vihovde/Bryggens Museum, 2011, s.22). Denne ideen hadde ført til fleire diskusjonar i komiteen, men ingen einigkeit og blei derfor ikkje realisert. Derfor var det avtakarane til Lindstrøm, som laga ideen om trappehuset i tre, som og er der i dag (Vihovde/Bryggens Museum, 2011, s.23).

Korleis restaureringas arkitektur er synleg på Håkonshallen i dag

I dag er spora etter arkitektkonkurransen synleg på fleire plan, der det i Håkonhallens mellomalderarkitektur er heilt tydeleg nokon arkitektoniske element som visar til modernistisk arkitektur.

Dette ser ein tydeleg i Håkonshallens trappehus som står fram som eit tilsynelatande enkelt trappehus i ståande panel, rektangulær i forma, malt i ein nøytral mørk brunfarge som går mot svart. I panelet finn ein og mange små vindauge som har ei spanande form og vinklar. Lengst nede på trappehuset ser ein ei beskjeden dør i trematerial, og sidene omkring døra har murverk som kan minne litt om steinen i Håkonshallens murar. Den delen av trappehuset som ligg nærmest Håkonshallens murar, så er det nytt glas, med sprosser av metall. Material som var tidsriktig for stilperioden restaureringa utspenn seg på.

Vihovde har diskutert korleis denne restaureringa har prega framstillinga av Håkonshallens arkitektur, og visar til at det hadde vore eit sentralt ynskje for restaureringa, at den skulle stå fram som tidlaus, og om restaureringa førte til at bygninga blei akkurat dette, nemleg tidlaus. Ho siterar Robert Kloster: ”som definerte dette som ”en skjult kvalitet som først trer frem ved lang ettermodning”, og la til at slik Hallen nå fremstår er den ”på samme tid tidspreget og tidløs” (Vihovde, 2011, s.116).

Vihovde diskuterer og om hallen kan seiast å ha blitt for tidlaus etter restaureringa, og om den i det heile tatt kan seiast å vere ei bygning i frå mellomalderen. Ho peikar på at det vil vere delte meningar omkring dette, då nokon vil hevde at dette er ei restaurert bygning med 1800 og 1900-tals stil, i staden for ei bygning i autentisk mellomalderstil. Vihovde poengterer at det er med kva slags blikk ein bruker når ein ser på arkitekturen i Håkonshallen, at ein kan klare å definere spørsmålet om Håkonshallen er ei mellomalderbygning eller ei. Då det på den eine sida er originale murar på store delar av bygninga, og at ein god del av 1800-talets restaurering trass alt baserte seg på sikre teoriar om tidlegare arkitektur. Likevel hevdar ho og, at ein god del av det som blei gjort på 1800-talets restaurering var blitt gjort ut i frå usikre teoriar, og ho fremmar at arkitekturstilane som stod sterkt både på 1200-talet og på 1900-talet, har gjort at det setter sitt preg på Håkonshallens arkitektur den dag i dag. Vihovde visar også til at glasbrua og det nye trappehuset, blei freda i 2006, og dermed har blitt ein integrert del av Håkonshallens symbol som eit minnesmerke og i arkitekturen (Vihovde, 2011, s.148).

I fig.35 ser ein korleis taket i hallen såg ut innvendig etter 1800-talets restaurering og i fig.36 ser ein korleis trappehuset blei sjåande ut etter same restaurering. Her kan ein og sjå korleis murane på hallen står fram arkitektonisk utan puss. I fig.38 og fig.39 ser ein korleis trappehuset enda opp med å bli etter den andre restaureringa, og korleis det også står i dag. I fig.41 ser ein og korleis trappehuset tar seg ut innvendig med effekten av dei ulike vindauge, og materialbruken i treverk, og i fig.40 kan ein og sjå korleis taket i hallen ser ut innvendig i dag, også som eit resultat etter den andre restaureringa.




Fig.35: Nyblin, K, (ca.1900 – 1910) *Interior Haakonshallen*



Fig.36: Schumann Olsen, O, (ca 1920 – 1939) *Håkonshallen*




Fig.37: Bilete tatt frå: S.22 i: *Tidens smag og fordringer – Håkonshallens restaureringshistorie gjennom de siste 160 år*, skrive av Anne Brit Vihovde. *Vinnarutkastet Kvad*



Fig.38: Dybvikstrand Eidem, O, 2022, *Trappehuset i Håkonshallen*.



Fig.39: Dybvikstrand Eidem, O, 2022, *Trappehuset frå sida*.



Fig.40: Dybvikstrand Eidem, O, 2022. *Taket i Håkonshallen.*




Fig.41: Dybvikstrand, Eidem, O, 2022. *Trappehuset innvendig*.

5.7 Drøfting av tema i dette kapittel

Gjennom dette kapittel, har det blitt tydeleg, at ein arkitektkonkurranse som omhandlar ei restaurering på ei så tydingsfull bygning som Håkonshallen, skaper ein næringsverksemد som blir synleg gjennom fleire plan. Gjennom alle dei ulike arbeidsprosessane, har det blitt vist at handverk og arkitektur er meir enn berre er den konkrete restaureringa, men at diskusjonen omkring denne tematikken er eit ledd i ein større næringsverksemد, som har oppstått gjennom arbeidet før, under og etter restaureringa.

Dette viser også kor mange ulike vinklingar og problemstillingar ein må take omsyn til når ei slik bygning skal restaurerast både i form av historiske, arkitektoniske og praktiske løysningar. Dette kan seiast å vere ein næringsverksemد som oppstod allereie når Håkonshallen fekk behovet for ei restaurering, som viste seg gjennom retningslinjene for

restaureringa, dei ulike utkasta, juryens arbeid med å bedømme dei, og arbeidsprosessen vidare for det endelige vinnarutkastet som førte til den faktiske realiseringa av restaureringa.

I tillegg er refleksjonar om arkitekturen i Håkonshallen under denne restaureringa, vel så synleg som det faktiske fysiske arbeidet i arbeidsprosessane, då desse satt ljós på både mellomalderarkitekturen men og på kvalitetane som datidas arkitektur hadde. Dette førte også med seg eit auka fokus på bruken av ulike material, som gjennom eit tenkt handverk og kan vere med på å sette fokus på viktige arkitektoniske spørsmål nesten like mykje som det endelige resultatet og handverket.

Det å ta for seg arbeidsprosessane når ynskjer for to vidt forskjellige arkitekturstilar med ulik materialbruk skal forsøkast harmoniserast på eit historisk monument som Håkonshallen, har vore svært interessant. Gjennom dette kjem det til syne ulike måtar å tenke om Håkonhallens arkitektur på, der det var ulikt korleis ein ynskja å gjere ei endring i arkitekturen og med kva type handverk. Med tanke på dei strenge kriteria som var satt for restaureringa, er det interessant å sjå dei ulike kreative tilnærmingane til arkitektur i utkasta, og kor ulike arbeidsprosessar og tankar arkitektane hadde om ein eventuell arkitektur på Håkonshallen. Nokon fokuserte på mellomalderstilen, nokon vektlagde miljøet omkring hallen, medan andre hadde fokus på fargebruk og material. Likt for nesten alle utkasta var at dei hadde innslag av den modernistiske stilen, noko som og virka å kome svært naturleg for arkitektane. Korleis ein og har prøvd å vise til ynskjer for eit tenkt handverk i dei ulike utkasta, er og med på å skape ein retorikk med ei kjensle over å levandegjere ein mogleg arkitektur. Dette ser ein i nokon av utkasta med bruk av både menneske, miljøet i nærliggande område og fokus på ljossetting og fargar, som er med på å syne korleis arkitekturen ville ha blitt om den enda opp med å bli realisert.

Gjennom kapittelet ser ein også kor flyktig ein arbeidsprosess kan vere og at den stadig kan vere i endring. Dette ser ein gjennom vinnarutkastet som juryen var tilfredse med at dekte alle krav dei hadde satt for utforming, likevel enda opp med å bli endra heile 10 gonger, med eit heilt anna trappehus enn det som først var tenkt. Dette visar også til at på ei bygning som Håkonshallen, så vil det alltid vere rom for å diskutere arkitekturen, og å stå på for at den skal bli så bra som mogleg både under og etter ei restaurering.

Diskusjon i ettertida av restaureringa, og som eg og har sett i dette kapittelet, er ein etterverknad av denne store og samansette næringsverksemda. Dette kan blant anna sjåast gjennom Vihovdes diskusjon om hallen har enda opp med å bli for tidlaus. Som eg og har sett, fremmar ho at den er prega av både 1200-talets arkitekturstil og 1900-talets stil, noko eg vil seie meg svært einig i. Eg vil hevde at restaureringa etter eksplosjonslukka og næringsverksemda som blei til som en konsekvens av denne, heller skapte ei bygning som visar mangfaldet av ulike historiske tider på Håkonshallen, heller enn ei tidlaus bygning.

Kapittel 6

Del 1: Håkonshallens arkitektur i dag, i ljос av tidlegare, noverande og komande næringsverksemder



Fig.42: Nyborg, A, 2018, *Håkonshallen i dag*

6.1 Spor av tidlegare næringsverksemder gjennom ei vandring ved Håkonshallen i dag

Når eg vitjar Håkonshallen i dag, finn eg spor av tidlegare næringsverksemder og deira påverknad på hallens arkitekturen. Det fyrste eg ser når eg kjem inn i borggarden, er Håkonshallen med sine ruvande murar i mellomalderstil. Med andre augekast ser eg og på hallens utsmykking og detaljar, i form av både rosevindaugen i gavlen, sjølve gavlane og utsmykking omkring vindauge, og eg ser kontrastar i Håkonshallens steinar, og nokon av dei ber tydeleg preg over å vere gamle.

Vidare ser eg og på trappehuset, som skiljar seg ut i frå mellomalderarkitekturen, med synleg arkitektur frå ein anna stilperiode, noko glasbrua som bind bygningane saman og er med på å forsterke (fig.42 og fig.44).

Rundt bygninga ser eg ruinane kjent som *Kongens solar*, og *den andre steinhallen* (fig.5 og fig.27). I tillegg ser eg på utsikta til nærliggande område når eg vandrar rundt bygninga, og på den eine sida ligg Rosenkrantztårnet, i same retning som Bryggen, og ein kan også sjå ei fantastiske havutsikt med båtar fortøyd i hamna (fig.4).

Når eg går inn i resepsjonsområdet, finn eg eit bilet av *Scholeusstikket* og eit bilet av Gerhard Munthes kunst (fig.12 og fig. 43). Vidare kan ein og sjå ein modell som visar til korleis området ved Håkonshallen og Bergenhus såg ut etter eksplosjonsulukka, noko som synar omfanget av øydeleggingane på arkitektur (fig.25).

Når eg vidare bevegar meg oppover i bygninga, ser eg også her det tydelege skiljet mellom mellomalderarkitektur og moderne arkitektur. Glasgongens kontrastar til mellomaldersteinen visar tydeleg innverknaden den siste restaureringa hadde på arkitekturen. Dette synar også trappehusets innvendige trapp i tre som skiljar seg ut i forhold til mellomaldermurane (fig.46 og fig.39). I tillegg står dei moderne stolane i hallens mellometasje som ein motpol til sittebenkane i stein. På den eldste sittebenken som er original frå mellomalderen, finn eg også når eg leitar godt, hallens einaste dokumenterte steinhoggarmerke, som eit symbol på bygghytters identitet, og skaping av arkitektur (fig.3 og fig.9).

Når eg kjem opp til øvste etasje i hallen, finn eg festhallen eller kongehallen alt ettersom. Arkitekturen her gir ei luftig og majestetisk kjensle, med hallens massive murveggar, rustikke tregolv og med naturleg ljós som kjem inn gjennom dei store gotiske vindauge, i harmoni til

ljossettinga i hallen. Lengst framme i hallrommet, ser eg også høgsetet som har eit flott og fargerikt møblement, plassert under det store gotiske vindauget, og ein tenker seg at høgsetet låg plassert slik i mellomalderen også. Det er også akkurat i dette vindauget, at gongane strekk seg inn i murane, og inngangen ser ein på sida gjennom ei smal opning i murane. Rosevindauget enda lenger opp på same side, står fram som mindre funksjonell for hallens arkitektur, då det delvis blir skjult av taket (fig.11 og fig.7).

Når det kjem til taket, står dette fram med spanande vinklingar og gode arkitektoniske kvalitetar i treverk. Eg har hørt at taket kan minne om ei underside av eit vikingskip, og det kan faktisk med første augekast sjå ut som akkurat dette. På hallens andre kortside, finn ein musikktrimbuna som og er i bruk i dag, og i hallen er det også eit stort og flott flygel som og er med på å seie noko om bruken av bygninga i dag (fig.8 og fig.40).

Gjennom alle inntrykka eg får når eg vitjar Håkonshallen både utvendig og innvendig, kjem spora av dei tidlegare næringsverksemvenes handverk og arkitektur til syne.

Når eg ser på ruinane ute, ser eg for meg korleis desse bygningane hadde sett ut, og kva bruk næringsverksemda med bygghyttene hadde tenkt at dei skulle ha, i tillegg til at eg tenkjer på korleis Fischers tolking av solaren har ført til diskusjonar også i dag. Ser eg vidare på dei massive steinane i Håkonshallen, tenker eg og på bygghyttene, gjennom viktigeita av deira kompetanse med handverk og arkitektur, og ikkje minst arbeidskraft, for å kunne ha fullført dette omfattande byggeprosjektet. Bygghyttenes arv ser eg og innvendig gjennom korleis den naturlege sittebenken er utforma, korleis gongane i veggane ved vindauget er skapt, og dei enorme kvelva som står fram som beskyttande og massive for å beskytte kongens hall. Vidare når eg ser spor av ulike steinar i murane, så tenker eg med ein gong på om dette kan vere Stein som har blitt undersøkt under arkeologiske utgravingar og restaureringar, og eg ser med en gong for meg Fischer arbeide med å undersøke og snu på kvar ein Stein med stort engasjement, og Byantikvaren med sine undersøkingar etter dette.

Vidare når eg studerer nye og ulike delar av Håkonshallens arkitektur, som for eksempel vindauga, tenker eg på korleis eg har sett at akkurat denne same arkitekturen har blitt skapt, gjennom dei ulike visuelle framstillingane av Håkonshallens arkitektur. Eg tenker og på sketchesamlinga til Dahl, og han som kunstnar, og at akkurat dette motivet av Håkonshallens arkitektur har blitt teikna på papiret på grunn av ein større kontekst og næringsverksemd. Når

eg ser på Håkonshallens nærliggande miljø, tenker eg også på motiva i dei visuelle framstillingane til Dahl, og når ein ser på gavlane til hallen tenker eg på *Scholeusstikket* og på korleis eit enkelt prospekt førte til å ha ei så stor makt over Håkonshallens arkitektur.

Vidare når eg ser på trappehuset, så tenker eg på trappehuset til Blix og ikkje minst grunnen til at trappehuset som er der i dag har den arkitekturen som den har. Trappehuset blir ståande som eit vitnesbyrd på næringsverksemndene, både gjennom arkitektkonkurransen og arbeid gjort av både juryen og arkitektane, men også gjennom diskusjonar om arkitektur og dei ulike arbeidsprosessane. Det er også interessant å sjå for seg korleis det tenkte handverket i dei ulike utkasta av trappehuset ville ha sett ut opp mot hallens arkitektur i dag. Alle desse skildringane er gjennom spor av tidlegare næringsverksemder som blir formidla gjennom å vitje Håkonshallen i dag, og kan og seiast å ha ei rolle i ein større del av ei næringsverksemde i dag.

Korleis utspeler dagens næringsverksemde seg? og korleis blir det arbeida med handverk og arkitektur for å take vare på dei tidlegare næringsverksemndene arv? Og ikkje minst, kva er planane for framtidas næringsverksemder ved Håkonshallen?



Fig.43: Nyborg, A, 2018, *Gerhard Munthes kunst i Håkonshallens resepsjon*



Fig.44: Nyborg, A, 2018, *Håkonshallens murar*




Fig.45: Nyborg, A, 2018, *Hallrommet i Håkonshallen*




Fig.46: Nyborg, A, 2018, *Håkonshallens glasbru*

6.2 Næringsverksemda ved Håkonshallen i dag

Dagens drift og forvaltning av Håkonshallen

Dagens næringsverksemd ved Håkonshallen, kan sjåast ut i frå fleire felt, der drift, bevaring av arkitektur og formidling er sentrale. Vihovde visar til at Håkonshallen har tittel både som eit offentleg museum og som eit nasjonalt historisk monument, i tillegg til å vere ein offentleg representasjonshall (Vihovde, 2011, s.140). Vihovde fortel også at det er Bryggens museum som har ansvaret for den faglege bruksforvaltninga av Håkonshallen, medan Statsbygg region vest har ansvaret for bygningsvedlikehaldet på Håkonshallen. Ho fremmar at arbeidet som blir gjort av Statsbygg, er tydingsfullt då arbeidet dei gjer både er viktig, krevjande og dyrt. Dette blant anna fordi at reglar for sikkerheit i bygg som skal vere i bruk, medfører inngrep i den verna arkitekturen til Håkonshallen, noko som har gjort at det har blitt jobba grundig for å skaffe til veie tilfredstillande løysningar. I tillegg fortel Vihovde at den langvarige bruken av Håkonshallen, har ført til eit uendeleg behov for både å reparere og bevare murar og stein, og at dette er ein vedvarande og kontinuerlig prosess (Vihovde, 2011, s.142).

I løpet av dei fyrste åra etter 2000-talet, skjedde det og ei endring av drift, og i 2005 blei Bryggens museum ein del av Bymuseet i Bergen. Dermed tok Bymuseet over ein del av drifta i form av økonomi og oppfølging av dei som jobbar der. Vihovde visar til at ein del av krava i dette skiftet, var at ein gjorde avtaler om korleis drifta ved Håkonshallen skulle vidareførast, og korleis ein fortsatt skulle kunne bevare Håkonhallens historiske og arkitektoniske kvalitetar vidare (Vihovde, 2011, s.148-149).

Når det blir arbeida med Håkonshallens arkitektur i dag, fortel Høiaas at når det er behov for rådgiving ved at Håkonshallen skal gjennom reparasjoner eller vedlikehald med fokus på antikvariske omsyn, så blir Riksantikvaren brukt som ei kjelde til dette. Høiaas peiker også på at Statsbygg brukar å søkje råd hos Nidarosdomens steinhoggarar i tillegg til Forsvarsbygg når dei skal utføre arbeid ved Håkonshallen, i tillegg til at dei og nyttar private firma som har bygd seg opp ein stor kompetanse når det kjem til murarteknikkar (Høiaas, K, e-post, 06.april 2022).

Formidling

Når det kjem til formidling som ein del av dagens næringsverksemd ved Håkonshallen, peiker Vihovde på at det er fleire problemstillingar å take omsyn til. Det meste av Håkonhallens historie blir formidla verbalt av vertane, i tillegg til at det har blitt laga nye brosjyrar som i

korte trekk tar for seg historie omkring bygninga. Ho visar og til at hallen gjennom eit år er omrent ein fjerdedel i bruk til andre formål enn som museumsdrift. Dette baserar seg på at Håkonshallen er ei representasjonsbygning brukt til ulike arrangement som middagar, konsertar og bankettar. På grunn av dette finst det lite permanente formidlingsløysingar i hallen, då ein er avhengige av praktiske løysningar som kan flyttast på ved behov når det er ulike arrangement i hallen. I tillegg fremmar også Vihovde at det er eit sterkt ynskje og fokus på at Håkonshallens særprega arkitektur, ikkje skal bli forstyrra av for mykje utstyr som ”ikkje høyrar til” i hallen, som ulike tekniske løysningar. Ho peiker på at dette: ”gjeld både for museumsdrifta og for utleiedelen av verksemda”. Ho visar også til at det å ha utstillingar ståandes i hallen også er vanskeleg gjennom dei ulike arrangementa som Håkonshallen blir leid til, då det må kunne vere plass til mange menneske i hallen på same tid, opp til 400 omgangen på mottakingar og konsertar, og heile 290 middagsgjestar. Vihovde legg også fram at for å få formidla utstillingsmateriell, har resepsjonen kunna blitt nytta til dette, og at ein truleg vil gjere det på denne måten i framtida også.

Vidare peiker Vihovde også på at bymuseet har ansvar for å formidle arkitekturhistorie ved Håkonshallen. Dette er arbeid som blir gjort gjennom foredrag, omvisingar og ulike arrangement. Vihovde fremmar også at i kontrast til formidlinga, så har bymuseet ved Håkonshallen også som ansvar å legge til rette for at hallen og kan nyttast til dei større arrangementa utan at det går negativt ut over hallens arkitektur på ein slik måte at ”forringing av hallen sitt sær preg og unike atmosfære” Ikkje blir råka (Vihovde, A, epost 28 mars 2022).

Når det kjem til kva som blir lagt vekt på i formidlinga av Håkonshallens arkitekturhistorie, peiker Høiaas på viktigheita over at: ” Det er viktig å formidle at ingen mener at Håkonshallen, hverken interiøret eller eksteriøret, så ut i middelalderen slik den ser ut nå. Viktig for oss å fortelle hvilke grep som ble gjort til ulike tider. Eksplosjonsulykken i 1944 ødela jo først og fremst «historisme-restaureringen fra 1800- og tidlig 1900-tall. Det er viktig for oss å få fram at inntrykkene av middelalderbygningen er sentrale, vi peker selvsagt også alltid på hva som tilhører de ulike epokene” (Høiaas, K, e-post 06.april 2022). Vidare peiker Høiaas også på at det er mellomalderens handverk i bygningshistoria som får mest plass under formidling til publikum (Høiaas, K, e-post, 06.april 2022).

Med tanke på korleis Håkonshallens arkitektur blir formidla, fremmar Vihovde også at: ”på mange måter er hallen nå både et minnesmerke fra middelalderen og et minnesmerke over

restaureringsarbeidet fra 1961 – det siste vel også det best bevarte og ivaretatte blant alle middelalderbygg som ble restaurert og innredet på den tiden” (Vihovde, 2011, s.148).

6.3 Framtidas næringsverksemder i Håkonshallen

Når det kjem til planar for framtidas Næringsverksemder ved Håkonshallen, fortel Vihovde at det blir jobba for å lage QR-kodar som visar til informasjon om Håkonshallen som besøkande kan nytte når dei vitjar hallen. I tillegg fremmar Vihovde at det vil bli jobba med hallen ut i frå det hallen er, nemleg eit freda nasjonalmonument. Andre planar for Håkonshallen er også å vedlikehalde dei utvendige murane på hallen, og mindre oppgåver som omhandlar ivaretaking av bygningas arkitektur. Her peiker Vihovde også på at alt av arbeid blir dokumentert, også eventuelle nye funn om bygninga, der alt av arkivmateriale frå ulike restaureringar, bygningsrapportar og utgravingar er viktige både for å finne ut meir i Håkonshallens arbeid, men også når ulikt vedlikehaldsarbeid skal gjerast. Ho hevdar at dette arkivmaterialet vil kome til stor nytte også i framtidas arbeid, både i forskingsarbeid men og når det kjem til bevaring av bygninga.

Vihovde fortel også at det er eit forskingsprosjekt som omhandlar ulike detaljar i Håkonshallens arkitektur på gong, i tillegg til eit større prosjekt som vil omhandle endringar i Håkonshallens arkitektur. Vihovde fortel at dette gjeld eit heilt nytt trappehus og inngangsparti, der trappehuset og glasbrua er plassert i dag. Dette skal bli gjort, for at hallen skal kunne besøkast av alle som ynskjer, også dei som har behov for å nytte rullestol (Vihovde, A, epost 28 mars 2022). Dette vil ifølgje Vihovde føre til ein heilt ny arkitektur, der trappehuset truleg vil bli heilt revet. Ho peiker og på at moglegheita for å nytte eine trappehusets vegg, men at det totalt sett vil bli ein ny arkitektur (Vihovde, A, e-post, 05 april 2022).

Høiaas fortel også at det er planar om å bytte ut fugene i sement som hallen fekk etter eksplosjonsulukka med eit meir historisk korrekt material, nemleg fuger av kalkmørtel. Høiaas peiker på at dette fortsatt er under planlegging, og at ein ikkje har bestemt ein nøyaktig start for dette arbeidet enda i framtida (Høiaas, K, e-post, 06.april 2022).

Gjennom dagens næringsverksemnd og planar for komande næringsverksemder, blir det klart at alle dei tidlegare næringsverksemndene har hatt stor påverknad, og at alt heng saman, både

næringsverksemder, og deira arbeidsprosessar med arkitekturen gjennom sine tilnærmingar til handverk og gjennom diskusjonen om Håkonshallens arkitektur.

Del 2: Avslutning av masteroppgåva

6.4 Drøfting av problemstilling

Det har blitt tydeleg å sjå at dei ulike næringsverksemder som har vore ved Håkonshallen, er eit svært stort arbeidsfelt. Ikkje berre gjennom kven dei ulike næringsverksemndene var, men også kva arbeid dei utføre og kvifor. Altså er det i den større samanhengen både tolking av arkitektur, diskusjonar om arkitektur, omsyn til arkitektur, men og planar for ny arkitektur, som til saman dannar eit evigvarande tema. Gjennom dette har det og blitt tydeleg at det alltid ligg ein tanke bak handverket som har blitt gjort med påfølgjande ulike arbeidsprosessar, noko som også ikkje alltid er like synleg for oss som ser arkitekturen, før vi kjenner til historia. Næringsverksemndene er også noko som stadig er i bruk i dag, enten som førebiletet for skaping av arkitektur, som diskusjonstema for forbetingar, gjennom historietolking eller som ei kjelde til informasjon når nye næringsverksemder skal gjere sitt arbeid for Håkonshallens arkitektur. Eit eksempel på dette, er blant anna Håkonshallens trappehus, som har blitt diskutert, tolka og forandra på fleire gonger, om som no etter ein gong er i søkeljoset for enda ei endring.

I tillegg har det og vore tydeleg å sjå korleis alle dei ulike næringsverksemndene har vore knytt saman til kvarandre, der for eksempel dei visuelle framstillingane har tolka Håkonhallens mellomalderarkitektur, for så å bli brukt under restaureringsarbeid eller som spor for å finne ut meir om tidlegare arkitektur. Eit anna eksempel er og korleis Fischers arbeid i dag blir nytta når nye næringsverksemder er på jakt etter nye svar om Håkonhallens arkitektur. Lista over næringsverksemder som brukar andre næringsverksemder i sitt arbeid er lang, og seier og noko om at næringsverksemder ved Håkonshallen kan sjåast som ein spiral som baserer seg på handverk, arbeidsprosessar og diskusjonar og utføring av arkitektur. Dette visar også korleis ei næringsverksemnd ikkje berre er arbeidet som blir gjort der og da, men og har ein viktig funksjon som ei kjelde til kunnskap, historie og forsking i etterbruken av næringsverksemdens arv.

Gjennom dei ulike arbeidsprosessane i næringsverksemndene har det kome fram at desse er store. Eit eksempel på dette er for eksempel bruken av kalkmørtel, som for utanforståande kan

virke som eit heilt naturleg byggematerial, men som når ein kjennar til historia bak framstillinga av den, får eit heilt nytt syn på kor langvarige arbeidsprosessar kan vere, og kor nøyaktig ein må vere, for å kunne vere så heldige over å ha mellomalderbygninga fortsatt ståande den dag i dag. Dessutan vil eg og trekke fram korleis prosessen for bygghyttene var, frå dei fant steinen til den kunne nyttast på bygninga, ein prosess som var både tung og lang.

Vidare vil eg også trekke fram korleis Dahl, Schiertz og Bull sine arbeidsprosessar var, og då spesielt Dahl. Som i frå og oppdage bygninga og sjå verdiane den hadde, til å sette i gong ynskjer om bevaring og fortidsvern, for så å skape ulike visuelle framstillingar. Dette er ein spanande prosess, som og seier noko om kor mangfaldig eit arbeid kan ende opp med å bli. Gjennom å ha sett mengda av visuelle framstillingar som blei produsert, seier også dette noko om kor omfattande arbeidsprosessar innan for dette temaet har vore.

Går eg vidare til Fischers arbeidsprosessar, har dette også vist seg å vere meir omfattande enn ein skulle tru. Ikkje berre gjennom arkeologiske undersøkingar ved Håkonshallen, men og gjennom alle redningstiltak, forarbeid og provisoriske løysningar, for å skape betre arbeidsforhold under ein allereie pressa situasjon. I tillegg også gjennom det omfattande dokumenteringsarbeidet han gjorde. Sist men ikkje minst er også arbeidsprosessane som oppstod under arkitektkonkurransen interessante, og seier noko om kor omfattande det kan vere å skape forslag til arkitektur som skulle vere tilfredstillande nok, men og korleis arbeidsprosessen fortsette med å utvikle seg etter at vinnaren var kåra, gjennom heile 10 nye forslag før det var godt nok, og at trappehuset enda opp med å bli noko anna enn fyrst tenkt likevel.

Handverk har også fått ei ny type mening, gjennom denne oppgåva då det har vist seg å vere meir enn berre å lage noko med hendene, og tankane bak det som blir utført kan nesten sjåast som det viktigaste med handverket i seg sjølv. Handverk har vist seg å vere eit mangfaldig tema, som har strukket seg heilt i frå arbeid med stein og utsmykking av bygghyttene, til dei detaljerte maleria og skissene gjort av Dahl og arkitektane, og vidare til dokumentasjonsarbeid, praktiske tiltak for å redde arkitektur, og ulike tilnærmingar til arkeologiske undersøkingar gjort av Fischers. Dessutan vil eg hevde at arkitektkonkurransens utkast står fram som små kunstverk og eit godt handverk i seg sjølv, både med tanke på estetikk, fargeval og levandegjering av miljøet, som synar både gjennomtenkte val gjennom tenkt handverk med mogleg ny materialbruk, som var tru mot mellomalderens arkitektur,

men og tru mot arkitekturen som var førebileter på den tida. Også i dag er handverket ved Håkonshallen sentralt, både gjennom fysisk arbeid for å take vare på bygninga, men og gjennom formidlingsarbeid, som eg vil fremme er ein handverkskunst i seg sjølv. Dette fordi at gjennom formidlinga og korleis ein vektlegg denne, er akkurat det som gjer at den komplekse og tydingsfulle arkitekturen som Håkonshallen har, blir formidla vidare til nye generasjonar. Derfor vil eg fremme at i alle dei ulike næringsverksemndene har det på ein eller annan måte blitt arbeida med handverk, der arbeidet har byrja som tankar før det har utvikla seg til eit faktisk resultat som har hatt tyding for Håkonshallens arkitektur.

Desse tankane er og noko som har vore i sentrum for diskusjonane om Håkonshallens arkitektur. Alt i frå gavlane på Håkonshallen som blei til gjennom *Scholeusstikket*, kvar dei ulike bygghyttene kom frå, motiva i dei visuelle framstillingane, tolking av ulike ruinar og bygningsfunn, endringar av Håkonshallens arkitektur gjennom restaureringar og sist men ikkje minst, korleis diskusjonen om Håkonshallens arkitektur fortsatt er sentral i dag, då eg vil hevde at denne utspeler seg gjennom arva til tidlegare diskusjonar og næringsverksemders arbeid med Håkonshallens arkitektur.

6.5 Konklusjon

Det unike med Håkonshallens arkitektur, er nettopp dette at det er ei bygning med rom for å kunne diskutere arkitekturen. Med dette meiner eg at Håkonshallen ikkje *berre* er ei mellomalderbygning, men og ei kjelde til auka arkitekturforståing, gjennom alle dei ulike næringsverksemndenes handverk som har blitt gjort med Håkonshallens arkitektur i fokus. Næringsverksemndenes arbeid, kan også gi ei auka forståing over den samansette arkitekturen ved Håkonshallen, og at det finst større tankar bak vala som har blitt gjort. Eg vil hevde at trappehuset står som ein symbolikk på dette, då det har hatt fleire ulike arkitekturstilar gjennom arbeid gjort av ulike næringsverksemder, og gjennom diskusjonar om trappehusets arkitektur og historia om det, har det ført til ei auka forståing over kvifor arkitekturen er som den er.

Eg vil konkludere med at alle dei ulike næringsverksemndene står som eit vitnesbyrd på alle grep som har blitt gjort med Håkonshallens arkitektur, både visuelt, tenkt og praktisk, og at gjennom tolkinga av dei ulike næringsverksemndenes handverk har ført til ei auka forståing over kvifor arkitekturen er som den er, og den blir faktisk berre enda meir unik gjennom dette. Dette fordi at ulike arkitektoniske element dermed har fått ei meinings, som kan sjåast

gjennom ein større kontekst og større handlingar i tolkingane av den. Dette vil eg hevde er vel så viktig som at Håkonshallen er ei bevart mellomalderbygning, er dette også nemlig ei historisk bygning med uendelege mange kvalitetar, som alle stammar i frå forskjellige næringsverksemder, og som eit symbol på mange ulike kreative tankar og mange ulike arbeidsplassar som alle har arbeida for Håkonshallens arkitektur.

Derfor vil det i framtida også vere rom for å bygge vidare på denne tematikken, både gjennom å følgje spora etter bygghyttene enda tettare, gjere eit enda større djupdykk i Dahl si skissesamling, studere dokumentasjonsarbeidet etter Fischers, og i enda større grad sjå nærare på dei ulike utkasta til arkitektkonkurransen og kven arkitektane bak utkasta var.

Mulighetene er mange, og ulike næringsverksemder ved Håkonshallen er eit tema som berre vil bli større og større, med nye vinklingar på kva dei har hatt å seie for Håkonshallens arkitektur.

Litteraturliste

Anker, P og Liden, H.E. (1981) Høymiddelalderens skulptur i stein og tre og Middelalderens steinarkitektur i Norge. I: Anker, P, Palme, P, Berg, K og redaktør Tschudi-Madsen, S .red. *Norges kunsthistorie, BIND 2 – HØYMIDDELALDER OG HANSA-TID*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, s. 7-252.

Byantikvaren og Bergen Kommune: byrådsavdeling for klima, miljø og byutvikling (2013)

Tilstandsvurdering: Den andre steinhallen, Bergenhus festning [Internett].

Tilstandsvurdering, Saksnummer: 201013812-19, skriftserienummer: 2013-4, saksbehandler: TOME. Bergen: Bergen Kommune, byrådsavdeling for klima, miljø og byutvikling.

Tilgjengeleg frå:

https://www.bergen.kommune.no/bk/multimedia/archive/00173/Den_andre_stehall_173453.a.pdf [Henta 02.11 2017].

Byantikvaren og Bergen Kommune: byrådsavdeling for klima, miljø og byutvikling (2011)

Tilstandsvurdering: ruinen kjent som kongens solar, Bergenhus festning [Internett].

Tilstandsvurdering, saksnummer: 201013812-10, saksbehandler: TOME. Bergen: Bergen Kommune, byrådsavdeling for klima, miljø og byutvikling. Tilgjengeleg frå:

https://www.bergen.kommune.no/bk/multimedia/archive/00171/Tilstandsvurdering_171204.a.pdf [Henta 03.11 2017].

Christie, H. (1990) Gerhard Fischer, i Anderssen, J, Christie, H, Heinonen, S, Bergendahl Hohler, E og Pedersen, R. (red.) *Årbok for foreningen Norske fortidsminnemerkers bevaring, vol 144*. Oslo: Foreningen til norske fortidsminnemerkers bevaring, s.11-18.

Ekroll, Ø. (1997) *Med kleber og kalk - Norsk steinbygging i mellomalderen 1050-1550*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Fischer, G. (1951) *Norske kongeborger bind 1*. Oslo: J.W. Cappelens forlag.

Fischer, D og Fischer, G. (1980) *Norske kongeborger bind 2-Bergenhus*. Oslo: Gyldendal norsk forlag.

Fischer, G. (1990) Johan Adolf Gerhard Fischer, i Anderssen, J, Christie, H, Heinonen, S, Bergendahl Hohler, E og Pedersen, R. (red.) *Årbok for foreningen Norske fortidsminnemerkers bevaring, vol 144*. Oslo: Foreningen til norske fortidsminnemerkers bevaring, s.19-24.

Fortidsminneforeningen (u.å.) *Vår historie* [Internett]. Oslo: Fortidsminneforeningen.
Tilgjengeleg frå: <https://www.fortidsminneforeningen.no/var-historie> [Henta 28. April 2018].

Gunnarsjaa, A: Arthur Darre Kaarbø i: *Store norske leksikon*. Tilgjengeleg frå:
https://snl.no/Arthur_Darre_Kaar%C3%B8 [Henta 29. mars 2022].

Gunnarsjaa, A: Arnstein Arneberg i: *Store norske leksikon*. Tilgjengeleg frå:
http://snl.no/Arnstein_Arneberg [Henta 29. mars 2022].

Handverk (u.å.) i *NAOB – Det norske akademis ordbok*. Tilgjengeleg frå:
<https://naob.no/ordbok/h%C3%A5ndverk> [Henta 02. Mai 2022].

Harris, C.J. (2011). Bergenhus i kart og tegninger. I: Øye, I og Ågotnes, A. red. *Fra kongssete til kulturminne: Håkonshallen og Bergenhus-området gjennom 750 år*. Bergen: John Grieg forlag, s. 82-101.

Haugland Sørensen, T. (2018). Dahl og det historiske landskapet. I: *Naturens kraft*. Bergen: KODE kunstmuseer og komponisthjem, s.93-101.

Heldal, T og Jansen, Ø.J. (2000) *Steinbyen Bergen: Fortellingen om brostein, bygg og brudd*. Bergen: Nord 4 Bokverksted A/s.

Helland-Hansen, P. (1962) Trekk fra Håkonshallens restaureringshistorie. *Byggekunst*, 44 (1), s.94-103.

Helle, K. (1982). *Bergen bys historie bind 1: Kongssete og kjøpstad Fra opphavet til 1536*. Bergen: Universitetsforlaget.

Helle, K. (2011). Bergenshus-området i middelalderen. I: Øye, I og Ågotnes, A. red. *Fra kongssete til kulturminne: Håkonshallen og Bergenshus-området gjennom 750 år*. Bergen: John Grieg forlag, s. 12-29.

Hommedal, A. T (2009) Gerhard Fischer i: *Norsk biografisk leksikon*. Tilgjengeleg frå https://nbl.snl.no/Gerhard_Fischer [Henta 17. februar 2022].

Hommedal, A.T. (2013). King Håkon's hall and its authenticity. I: Brekke, Ø.H og Ersland, G.A. red. *Håkonshallen 750 years royal residence and national monument*. Oslo: Dreyers forlag, s. 17-44.

KODE kunstmuseer og komponisthjem (u.å.) *J.C. Dahl – naturens kraft*. Tilgjengeleg frå: <https://kodebergen.no/artikkel/jc-dahl-naturens-kraft> [Henta 19. Mai 2022].

Lexau, S.S. (2008). Krig, gjenreising og velstandsutvikling. I: Brekke, N.G, Nordhagen, P.J og Lexau, S.S. red. *Norsk arkitekturhistorie- Frå steinalder og bronsealder til det 21. Hundreåret*. Oslo: Det norske samlaget, s.370-397.

Lødrup Bang, M. (1987) *Johan Christian Dahl, 1788-1857, Life and works, volume one*. Oslo: Universitetsforlaget AS.

Nordberg-Schulz, C. (1983). Fra gjenreisning til omverdenskrise-Norsk arkitektur 1945-1980. I: Anker, P, Berg, K, Palme, P og Tschudi-Madsen, S. Red. *Norsk kunsthistorie-inn i en ny tid*, bind 7. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag A/S, s.7-92.

Nordhagen, P.J. (2008) Steinkyrkjene. I: *Norsk arkitekturhistorie Frå steinalder og bronsealder til det 21. hundreåret*. Oslo: Det Norske Samlaget, s. 124-158.

Næringsvirksomhet (2012) i *Jusleksikon*. Tilgjengeleg frå: <https://jusleksikon.no/wiki/Næringsvirksomhet> [Henta: 02. Mai 2022].

Solberg, Bergljot (u.å.) Johannes Bøe, i: *Norsk biografisk leksikon* Tilgjengeleg frå https://nbl.snl.no/Johannes_B%C3%B8e [Henta 29. mars 2022].

Torvanger, M.Å. (2009) Georg Andreas Bull, i: *Norsk biografisk leksikon*. Tilgjengeleg frå: https://nbl.snl.no/Georg_Andreas_Bull [Henta 18.mai 2018].

Trebbi, M. (2013). Some aspects of nineteenth- and twentieth- century restoration ideas and practices. I: Brekke, Ø.H og Ersland, G.A. red. *Håkonshallen 750 years royal residence and national monument*. Oslo: Dreyers forlag, s. 157-174.

Tschudi-Madsen, Stephan: *Arne Nygård-Nilssen* i: *Norsk biografisk leksikon*. Tilgjengeleg frå https://nbl.snl.no/Arne_Nyg%C3%A5rd-Nilssen [Henta 29. mars 2022].

Vihovde, A.B. (1994) *Et femtiårsminne – Bergenhus festning etter eksplosjonsulykken 20. April 1994*. Bergen: Bryggens Museum.

Vihovde, A.B. (2011). Middelalderhall i en ny tid – om Håkonshallens restaureringer. I: Øye, I og Ågotnes, A. red. *Fra kongssete til kulturminne: Håkonshallen og Bergenshus-området gjennom 750 år*. Bergen: John Grieg forlag, s.102-119.

Vihovde, A.B. (2011). Håkonshallen blir museum – de siste femti år. I: Øye, I og Ågotnes, A. Red. *Fra kongssete til kulturminne: Håkonshallen og Bergenshus-området gjennom 750 år*. Bergen: John Grieg forlag, s.140-149.

Vihovde, A.B. (2011). ”Tiders smag og Fordringer” - Håkonshallens restaureringshistorie gjennom de siste 160 år. Bergen: Bryggens Museum.

Øye, I og Ågotnes, A. (2011). Fra kongssete til kulturminne: Innledning. I: Øye, I og Ågotnes, A. Red. *Fra kongssete til kulturminne: Håkonshallen og Bergenshus-området gjennom 750 år*. Bergen: John Grieg forlag, s.7-10.

Ågotnes, A (u.å.) *Holmen/Bergenhus – Gjennom historien: Fra middelalderens kongsgård til dagens festning, undervisningsopplegg*.

Kjelder

Arkivet etter arkitekt Fredrik Konow-Lund, BBA-0668, Bergen Byarkiv. Serie Tja: 1-7 og Tjb: 1.

Johan Christian Dahls private skissesamling: (finst i magasinet til KODE kunstmuseer og komponisthjem).

Liste over illustrasjoner

Illustrasjon på oppgåvas framside: Nyborg, A.B (2016) *Bygningane ved Bergenhus* [Digitalisert måleri].

Kapittel 2

Fig.1: Nyborg, A. (2016). *Kart over mellomalderkyrkjene og klostera i Bergen*, frå: Bryggens museum [Fotografi].

Fig.2: Nyborg, A. (2016). *Modell av Holmen i Bergen rundt år 1300*, frå: Bryggens Museum [Fotografi].

Fig.3: Dybvikstrand Eidem, O.K. (2022) *Steinhoggarmerke i Håkonshallen* [Fotografi].

Fig.4: Nyborg, A. (2018), *oversiktsbilde av Håkonshallen i forhold til den andre steinhalen og Vågen* [Fotografi].

Fig.5: Dybvikstrand Eidem, O.K. (2022) *Ruinane av den andre steinhalen* [Fotografi].

Fig.6: Dybvikstrand Eidem, O.K. (2022) *Det store hallrommet i Håkonshallen* [Fotografi].

Fig.7: Dybvikstrand Eidem, O.K. (2022) *Høgsete i Håkonshallen* [Fotografi].

Fig.8: Dybvikstrand Eidem, O.K. (2022) *Musikktribune i Håkonshallen* [Fotografi].

Fig.9: Dybvikstrand Eidem, O.K. (2022) *Original steinbenk frå Håkonshallens mellometasje* [Fotografi].

Fig.10: Dybvikstrand Eidem, O.K. (2022) *Underetasjen, med lys frå små vindauge/kvelva* [Fotografi].

Fig.11: Dybvikstrand Eidem, O.K. (2022) *Inngang til gonger i muren bak høgsetet* [Fotografi].

Kapittel 3

Fig.12: Nyborg, A.I. (2022). *Kopi av Scholeusstikket* [Fotografi].

Fig.13: Schumann Olsen, O. (ca 1920 – 1939) *Håkonshallen* [Digitalisert fotografi]. Tilgjengeleg frå: <https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-so-0918.html> [Henta 06. April 2022].

Fig.14: Atelier KK. (ca 1925-1935) *Bergen: Håkonshallen* [Digitalisert postkort] Tilgjengeleg frå: <https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-kk-pk-3168.html> [Henta 17. April 2022].

Fig.15: Dahl, J.C. (1834) *Bergens våg* [digitalisert maleri]. Tilgjengeleg frå: <https://digitaltmuseum.no/021047904240/bergens-vag-maleri> [Henta 16. Mai 2022]

Fig.16: Dahl, J.C (1839). *J.C Dahl`s teikning av Bergenhus* [Teikning] Bilete henta frå boka: *Håkonshallen 750 years royal residence and national monument*, kapittel: *King Håkon`s hall and its authenticity* skrive av: Hommedal, A, Dreyers forlag (2013) s.19.

Fig.17: Nyborg, A. I. (2018) *Skisse av Rosenkrantztårnet* [Fotografi] Henta frå Skissesamlinga til J.C Dahl som ligg i magasinet til KODE Kunstmuseer og komponisthjem.

Fig.18: Bakke, J. (2018) *Skisse av Håkonshallen* [Fotografi] Henta frå skissesamlinga til J.C Dahl som ligg i magasinet til KODE Kunstmuseer og komponisthjem.

Fig.19: Bull, G. (ca.1850) *Bulls oppmåling av hallen* [Teikning] Bilete henta frå boka: *Norske kongeborger bind 2*, Skrive av Fischer, D og Fischer, G, Gyldendal norsk forlag (1980) s.115.

Fig.20: Bakke, J. (2018) *Skisse av Håkonshallen* [Fotografi] Henta frå skissesamlinga til J.C Dahl som ligg i magasinet til KODE Kunstmuseer og komponisthjem.

Fig.21: Nyborg, A I. (2018) *Skisse av vindauge på Håkonshallen* [Fotografi] Henta frå skissesamlinga til J.C Dahl som ligg i magasinet til KODE Kunstmuseer og komponisthjem.

Fig.22: Bull, G. (1854) *Restar av den bogeforma støypinga, og vindauge i nordgavlen på Håkonshallen* [Teikning] Bilete tatt frå boka: *Håkonshallen 750 years royal residence and national monument*, kapittel: *King Håkon`s hall and its authenticity* skrive av: Hommedal, A, Dreyers forlag (2013) s.34.

Fig.23: Fosse, D. (u.å.) *Skisse av Håkonshallen og Rosenkrantztårnet. Merket "No.4"*. Frå 1839 [Digitalisert teikning] Bilete tatt frå boka: *Naturens kraft*, kapittel: *Dahl og det historiske landskapet* skrive av Haugland Sørensen, T, KODE kunstmuseer og komponisthjem (2018) s. 94.

Kapittel 4

Fig.24: Brosings samling. (1944) *Fra ekspljosjonsulykken 1944* [digitalisert fotografi] Tilgjengeleg frå: [ubb-bros-07545](https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-bros-07545.html) <https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-bros-07545.html> [Henta 03. Mars 2022].

Fig.25: Dybvikstrand Eidem, O. (2022) *Modell av øydeleggingane på Bergenhus etter eksplosjonsulukka* [Fotografi].

Fig.26: Atelier KK. (1927) *Interiør. Håkonshallen, med Munthes maleri* [Digitalisert fotografi] Tilgjengeleg frå: <https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-kk-n-293-006.html> [Henta 04. Mai 2022].

Fig.27: Dybvikstrand Eidem, O. (2022) *Ruinen kjent som kongens solar* [Fotografi].

Kapittel.5

Fig.28: Arkivet etter arkitekt Fredrik Konow-Lund, BBA-0668, Bergen Byarkiv. Serie Tja: 1-7 og Tjb: 1, *Motto: Sval.*

Fig.29: Arkivet etter arkitekt Fredrik Konow-Lund, BBA-0668, Bergen Byarkiv. Serie Tja: 1-7 og Tjb: 1, *Motto: Sval.*

Fig.30: Arkivet etter arkitekt Fredrik Konow-Lund, BBA-0668, Bergen Byarkiv. Serie Tja: 1-7 og Tjb: 1, *Motto: Dixi.*

Fig.31: Arkivet etter arkitekt Fredrik Konow-Lund, BBA-0668, Bergen Byarkiv. Serie Tja: 1-7 og Tjb: 1, *Motto: Dixi.*

Fig.32: Arkivet etter arkitekt Fredrik Konow-Lund, BBA-0668, Bergen Byarkiv. Serie Tja: 1-7 og Tjb: 1, *Motto: Saga.*

Fig.33: Arkivet etter arkitekt Fredrik Konow-Lund, BBA-0668, Bergen Byarkiv. Serie Tja: 1-7 og Tjb: 1, *Motto: H5.*

Fig.34: Arkivet etter arkitekt Fredrik Konow-Lund, BBA-0668, Bergen Byarkiv. Serie Tja: 1-7 og Tjb: 1, *Motto: H5.*

Fig.35: Nyblin, K. (Ca 1900-1910) *Interiør Haakonshallen* [Digitalisert fotografi].

Tilgjengeleg frå: [ubb-bs-q-00820-002 https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-bs-q-00820-002.html](https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-bs-q-00820-002.html) [Henta 06. April 2022].

Fig.36: Schumann Olsen, O. (ca 1920 – 1939) *Håkonshallen* [Digitalisert fotografi].

Tilgjengeleg frå: [ubb-so-0918https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-so-0918.html](https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-so-0918.html) [Henta 06. April 2022].

Fig.37: Bilete henta frå brosjyren: *Tiders smag og fordringer – Håkonshallens restaureringshistorie gjennom de siste 160 år*, forfattar Anne Brit Vihovde, Bryggens Museum, 1999. S.22. *Vinnarutkastet Kvad.*

Fig.38: Dybvikstrand Eidem, O. (2022) *Trappehuset i Håkonshallen* [Fotografi].

Fig.39: Dybvikstrand Eidem, O. (2022) *Trappehuset frå sida* [Fotografi].

Fig.40: (Dybvikstrand Eidem, O. (2022) *Taket i Håkonshallen* [Fotografi].

Fig.41: (Dybvikstrand Eidem, O. (2022) *Trappehuset innvendig* [Fotografi].

Kapittel.6

Fig.42: Nyborg, A. (2018) *Håkonshallen i dag* [Fotografi].

Fig.43: Nyborg, A. (2018) *Gerhard Munthes kunst i Håkonshallens resepsjon* [Fotografi].

Fig.44: Nyborg, A. (2018) *Håkonshallens murar* [Fotografi].

Fig.45: Nyborg, A. (2018) *Hallrommet i Håkonshallen* [Fotografi].

Fig.46: Nyborg, A. (2018) *Håkonshallens glasbru* [Fotografi].